
**FORVALTNINGSPLAN FOR
JOTUNHEIMEN NASJONALPARK
OG
UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

Fylkesmennene si tilråding etter høyring (juli 2008)



Forvaltningsplanen vil bli supplert med foto seinare

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

FYLKESMANNEN I OPPLAND

Rapport nr. ? – 200?

ISBN-10: 82-91031-93-2
ISBN-13: 978-82-91031-93-4
ISSN 0803-1886

ADRESSER:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Tlf. 57 65 50 00

E-post: postmottak@fmsf.no

Felles internettadresse: <http://www.fylkesmannen.no/>

Fylkesmannen i Oppland

Gudbrandsdalsvn. 170-172

2600 Lillehammer

Tlf. 61 26 60 00

E-post: postmottak@fmop.no

Framsidedfoto:

Øvst: På Sjogholstind med utsikt mot Smørstabbtindane. Foto: Harald Klæbo

Nedst: Utladalen. Foto: Tom Dybwad

		Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Rapport nr. ? – 200?
Forfatter Rådgivar Tom Dybwad, FM i Sogn og Fjordane Overingeniør Harald Klæbo, FM Oppland		Dato mai 200)
Prosjektansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Tom Dybwad Fylkesmannen i Oppland: Harald Klæbo		Sidetal 128
Tittel Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde		ISBN-10: 82-91031-93-2 ISBN-13: 978-82-91031-93-4 ISSN 0803-1886
Geografisk område Jotunheimen og Utladalen		Fagområde Naturvern m.v.
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Oppland, Direktoratet for naturforvaltning		
Samandrag Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart vedteken ved Kgl. res. 05.12.1980. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av nasjonalparken og landskapsvernområdet. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Dette framlegget til forvaltningsplan byggjer på framlegget til nye verneforskrifter som er på høyring samstundes med framlegget til forvaltningsplan, medan dei nye verneforskriftene tek med seg store delar av gjeldande verneforskrifter. Forvaltningsplanen inneheld ei generell skildring av Jotunheimen og Utladalen. Forvaltninga skal fremje verneføremåla. Dette kan best skje ved ei soneinndeling av området. Dei sonekategoriane som vert nytta i nasjonalparken er <u>sone utan tilrettelegging og inngrep</u> , <u>brukssone</u> og <u>sone med spesiell tilrettelegging og inngrep</u> . Forvaltningsplanen går gjennom retningslinjer og tiltak vedrørande informasjon, kulturminne og kulturlandskap og i høve til dei ulike brukarinteressene i nasjonalparken og landskapsvernområdet. Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for verneområda, medan oppsynet inkludert skjøtsel og informasjon vert utført av Statens Naturoppsyn.		
Abstract Jotunheimen National Park and Utladalen Protected Landscape Area was enacted by royal decree on Dec. 5 1980. The management plan sets forth the guidelines for the management of the protected areas. The conservation rules set the judicial limits for the management. The management plan includes a general description of Jotunheimen and Utladalen. The management shall support the purpose of the protected areas. To attain this goal, the area has been divided into management zones, with the use of the following categories: <u>zone without improvements and encroachments</u> («wilderness zone»), <u>user's zone</u> , <u>zone with special improvements and encroachments</u> . The management plan contains guidelines and programs for information, cultural landscape and the cultural heritage, and for the different user interests in the protected areas. The County Governors of Oppland and Sogn og Fjordane are the responsible management authorities, while the Norwegian Nature Inspectorate (SNO) is responsible for the ranger service.		
Emneord 1. Naturvern 2. Nasjonalpark 3. Forvaltning 4. Landskapsvernområde		Ansvarleg Fylkesmannen i Oppland Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga

6863 LEIKANGER, NORGE
Tlf.: 57 65 50 00 Telefaks: 57 65 50 55

Fylkesmannen i Oppland
Miljøvernavdelinga

Serviceboks
2626 LILLEHAMMER
Tlf.: 61 26 60 00 Telefaks: 61 26 61 67

FØREORD

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart etablert ved Kgl. Res. 05.12.1980. Verneforskriftene set rammene for planen.

Arbeidet med den første forvaltningsplanen starta i 1991 ved Nasjonalparktenesta for Jotunheimen nasjonalpark, i samarbeid med Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og i Oppland. Eit framlegg til forvaltningsplan vart sendt på høyring til grunneigarar, turistvertar, hytteeigarar, organisasjonar og etatar på kommunalt-, fylkes- og nasjonalt nivå i november/desember 1995. Etter at framlegget vart sendt på høyring, kom DN-rapport 1996-3 (Forvaltning av nasjonalparkar). Retningslinjene som her vart trekte opp vart tekne omsyn til i den godkjende forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart godkjend av Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i juni 1998.

Utviklinga i reiselivet og Regjeringa si "Fjelltekst" i revidert nasjonalbudsjett 2003 gjorde det aktuelt med revisjon av forvaltningsplanen. Samstundes vart det klart at verneforskriftene trengde revisjon. Melding om oppstart av revisjon av verneforskrifter og forvaltningsplan vart sendt til alle berørte partar lokalt, regionalt og nasjonalt 27.08.2004. Det vart oppretta ei referansegruppe for arbeidet med medlemmer frå alle tilsynsutvala, Statskog, DNT, representant frå reiselivet og fylkesmennene. Referansegruppa har hatt 4 møte til no. Det siste møtet hadde referansegruppa etter at Direktoratet for naturforvaltning hadde gått gjennom forvaltningsplanen og godkjend framlegget til verneforskrifter.

Dette framlegget til forvaltningsplan byggjer på framlegget til nye verneforskrifter som er på høyring samstundes med framlegget til forvaltningsplan. Framlegget til nye verneforskrifter tek med seg store delar av gjeldande verneforskrifter.

Forvaltningsplanen var på høyring med frist til 31.12.2007. Nokre instansar fekk utsett frist ut februar 2008. Det kom i alt 40 fråsegner til verneforskriftene og forvaltningsplanen.

Lillehammer/Leikanger mai 200?

Sigurd Tremoen (sign.)
fylkesmiljøvernssjef
Fylkesmann i Oppland

Nils Erling Yndesdal (sign.)
fylkesmiljøvernssjef
Fylkesmann i Sogn og Fjordane

INNHALD

1. SAMANDRAG	<u>737</u>
2. INNLEIING	<u>939</u>
2.1. URØRD NATUR I NOREG	<u>939</u>
2.2. NASJONALPARKAR OG LANDSKAPSVERNOMRÅDE	<u>10310</u>
2.3. FORVALTNING	<u>10310</u>
2.4. JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - FORVALTNINGSPLAN	<u>11311</u>
3. NATURFAGLEG OG HISTORISK BAKGRUNN	<u>13313</u>
3.1. VERNEVERDIAR I JOTUNHEIMEN-OMRÅDET	<u>13313</u>
3.2. GEOGRAFISK UTBREIING OG EIGEDOMSTILHØVE	<u>13313</u>
3.3. NATUR OG KULTUR	<u>14314</u>
3.3.1. Geologi	<u>14314</u>
3.3.2. Klima	<u>14314</u>
3.3.3. Vassdrag	<u>15315</u>
3.3.4. Vegetasjon	<u>15315</u>
3.3.5. Fauna	<u>16316</u>
3.3.6. Menneskeleg bruk av Jotunheimen	<u>17317</u>
4. MÅL, UTFORDRINGAR, PROBLEMSKILDRING OG STRATEGIAR	<u>21321</u>
4.1. MÅL FOR FORVALTNINGA AV NASJONALPARKAR OG LANDSKAPSVERNOMRÅDE I NOREG	<u>21321</u>
4.2. MÅL FOR FORVALTNINGA AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE	<u>21321</u>
4.4. STRATEGIAR	<u>24324</u>
5. SÆRLEGE PROBLEMSTILLINGER FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE MED TILGRENSANDE OMRÅDE	<u>26326</u>
5.1. VERNEFORSKRIFTER OG VERNEGRENSENER	<u>26326</u>
5.1.1. Verneforskriftene	<u>26326</u>
5.1.2. Vernegrensene og verneverdiar	<u>27327</u>
5.2. OMRÅDE SOM GRENSAR TIL VERNEOMRÅDA	<u>28328</u>
6. SONEINNDELING AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE	<u>30330</u>
6.1. KATEGORIAR FOR SONEINNDELING	<u>30330</u>

6.2. KRITERIA FOR SONEINNDELING	<u>32332</u>
6.3. OMTALE AV SONEINNDELINGA I ULIKE DELAR AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE	<u>32332</u>
6.3.1. Vernesone.....	<u>33333</u>
6.3.2. Brukssone.....	<u>35335</u>
6.3.3. Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.....	<u>40340</u>
 7. INFORMASJON, KULTURMINNE, KULTURLANDSKAP OG NATURVERDIAR	 <u>41341</u>
7.1. INFORMASJON OG NATURRETTLEIING.....	<u>41341</u>
7.1.1. Tavler og brosjyrar	<u>41341</u>
7.1.2. Nasjonalparksentra	<u>42342</u>
7.1.3. Internett	<u>44344</u>
 7. 2. KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP	 <u>45345</u>
7.3. Å TA VARE PÅ NATURVERDIANE	<u>48348</u>
7.4. REPARASJON AV INNGREP	<u>49349</u>
 8. BRUKARINTERESSER – RETNINGSLINJER OG TILTAK.....	 <u>52352</u>
8.1. Landbruk	<u>52352</u>
8.4. Innfallsportar (Tilgjenge til områda)	<u>60360</u>
8.5. Tilrettelegging for ferdsel – merking av fotturruter	<u>65365</u>
8.6. Tilrettelegging for funksjonshemma	<u>69369</u>
8.7. Kvisting av skiløyper.....	<u>69369</u>
8.8. Sommarskiløping (langrennstrening).....	<u>71371</u>
8.9. Organisert ferdsel.....	<u>71371</u>
8.10. Arrangement og konkurransar	<u>75375</u>
8.11. Sykling og bruk av hest.....	<u>76376</u>
8.12. Nye uteaktivitetar.....	<u>77377</u>
8.13. Fauna, jakt og fiske	<u>78378</u>
8.14. Avfall, ureining og støy	<u>79379</u>
8.15. Motorferdsel	<u>81381</u>
8.15.1 Generelt	<u>81381</u>
8.15.2 Turisthytter.....	<u>82382</u>
8.15.3 Motorbåtar på Gjende.....	<u>84384</u>
8.15.4 Redningsteneste og øvingar	<u>84384</u>
8.15.5 Dispensasjonspraksis	<u>85385</u>
8.15.6 Motorferdsel på vegar	<u>86386</u>
8.16. Reiseliv	<u>87387</u>

8.17. Forsking og undervising	89389
8.18. Andre tiltak.....	91394
9. FORVALTNING OG OPPSYN	92392
9.1. Fylkesmennene sine arbeidsoppgåver	92392
9.2. Statens Naturoppsyn (SNO) sine oppgåver: Dei praktiske arbeidsoppgåvene i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde	94394
9.3. Årsmelding.....	95395
10. SLUTTORD	97397
11. LITTERATURLISTE	98398
12. VEDLEGG	1013101
Vedlegg 1: Kongeleg Resolusjon 05.12.80. Oppretting av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Sogn og Fjordane fylke og Oppland fylke	
Vedlegg 2: Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark i Lom, Vågå og Vang kommunar, Oppland fylke, og Luster og Årdal kommunar, Sogn og Fjordane fylke	
Vedlegg 3: Forskrift for Utladalen landskapsvernområde	
Vedlegg 4: Retningslinjer for tilsynsutvala si verksemd i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (jf. pkt. V i vernereglane)	
Vedlegg 5: Framlegg til Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark i Lom, Vågå og Vang kommunar, Oppland fylke, og Luster og Årdal kommunar, Sogn og Fjordane fylke	
Vedlegg 6: Framlegg til Forskrift for Utladalen landskapsvernområde	
Vedlegg 7: Framlegg til Retningslinjer for tilsynsutvala si verksemd i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (jf. høvesvis §8 og §7 i vernereglane)	
Vedlegg 8: Reglar for bruk av Gravdalsvegen	
Vedlegg 9: Reglar for Vettisvegen (Årdal kommunestyre 17.11.1977)	
Vedlegg 10: Stadnamn i Jotunheimen av Mathias Øvsteng	
Vedlegg 11: Kart over Jotunheimen-området med soneinndeling	

1. SAMANDRAG

Jotunheimen nasjonalpark (ca. 1151km²) og Utladalen landskapsvernområde (ca. 314 km²) vart oppretta i 1980 og er av dei mest brukte og attraktive verneområda i Noreg. Framlegget til forvaltningsplan byggjer på framlegget til nye verneforskrifter som er på høyring samstundes med forvaltningsplanen. Dei nye verneforskriftene tek med seg store delar av gjeldande verneforskrifter.

Utarbeiding av ein forvaltningsplan er naudsynt for å ivareta verneformålet og verneverdiane for framtida. Den skal avklare og utdjupe tilhøvet mellom vern og bruk på bakgrunn av verneforskrifta. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjer og tiltak for forvaltningsstyresmakta sitt arbeid og handsaminga av brukarinteressene sine ønskje i verneområda.

Inngrepsfrie naturområde har ein eigenverdi og er eit viktig grunnlag for biologisk mangfald. Urørte naturområde i Noreg minkar raskt. Utan ei samla planlegging og forvaltning av desse områda som er att, vil denne utviklinga halde fram.

Det er store natur- og verneverdiar i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, både innan geologi, biologisk mangfald og kulturminne. Det er også store brukarinteresser i området, særleg innan friluftsliv.

Verneformålet i verneforskriftene skildrar vernemotiva. Både for nasjonalparken og landskapsvernområdet er hovudmotivet vern av sjølv naturen med dyreliv, planteliv og kulturminne. Landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, reiseliv, undervisning og forskning er viktige delmotiv. I Jotunheimen har friluftsliv hatt ei særleg stor tyding heilt attende til midten av 1800-talet.

Sentrale utfordringar er å sikre naturkvalitetane og å leggje til rette for det tradisjonelle norske friluftslivet og dei verdiane det er tufta på. Strategiar i dette arbeidet er m.a. «føre var»-prinsippet, fremje godt samarbeid mellom brukarinteressene og forvaltningsstyresmakta og i eit langt tidsperspektiv sikre ressursar som urørt natur, ro og stillheit.

Tilgrensande område har stor verdi for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. I dei tilgrensande områda gjeld plan- og bygningslova og ikkje verneforskriftene, og det er kommunane som er ansvarleg planstyresmakt. Det er viktig at kommunane tek omsyn til verneområda i si arealforvaltning i tilgrensande område.

Ein viktig arbeidsreiskap for å nå dei måla som vart vedtekne i samband med vernevedtaket er soneinndeling av områda. Dei tre sonene som er nytta, er vernesone, brukssone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Vernesona består av i 4 teigar (teig 1-4). Desse teigane er Øvre Leirungsdal-området, Memurutind-/Memurubre-området, Glittertind-/Trollsteinkvolv-området og Hurrungane-området. Den overordna strategien for desse teigane er at kvalitetar som urørt natur, ro og stillheit skal prioriterast. Ny tilrettelegging og nye arrangement er ikkje tillate der. Sona utgjer samla omlag 28 % av verneområda.

Med unntak av nokre mindre område definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep, omfattar brukssona dei områda som ikkje er omfatta av sone med urørt natur. Den overordna strategien for brukssona er at den tilrettelegginga som er der i dag kan haldast ved like eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal det ikkje koma nye tiltak utover slike som er nemnde spesielt i planen.

I brukssona er 8 område inndelt i eigne teigar (teig 5-12) fordi dei har spesielle problemstillingar når det gjeld tilhøvet mellom bruken og naturmiljøet.

Med omsyn til landbruket vil tiltak som fremjar verneformålet, til dømes vedlikehald av kulturlandskapet i ein del område, vera positive. Oppføring av nye bygg/konstruksjonar er ikkje ønskjeleg.

I dei sentrale stroka av verneområda skal det som hovudregel ikkje førast opp nye bygg eller skje utviding av dei som er der frå før.

Generelt er det god og lett tilkomst til verneområda. Viktige innfallsportar skal ha god informasjon og tilrettelegging. Tiltak som legg til rette for å koma inn i verneområda, til dømes vegar og parkeringsplassar, bør ikkje planleggjast og plasserast tettast mogleg opp mot vernegrensene.

Merking av fotturruter skal fylgje DNT/DN-standard og byggjer på eksisterande stinett.

Motorferdsla i verneområda skal haldast minimum på så lågt nivå som mogleg. I dag har den motoriserte ferdsla med nokre få unntak eit akseptabelt omfang etter noko nedgang dei siste åra. Mestedelen av motorferdsla er i samband med drifta av turisthyttene og båttrafikken på Gjende. Utgangspunktet for motorferdsel vil framleis vera ein streng dispensasjonspraksis.

Innfallsportane og dei merkte stiane er viktige for reiselivet kring nasjonalparken. Reiselivstiltak skal som hovudregel leggjast utanom verneområda. Dersom det blir gjeve løyve til slike tiltak i verneområda, skal desse ikkje føre med seg særskilt fysisk tilrettelegging eller bruk av motoriserte køyrety.

Nokre område ligg spesielt til rette for at funksjonshemma kan få oppleve naturen i Jotunheimen og Utladalen.

Forsking i verneområda er i utgangspunktet positivt. For forskingsprosjekt som medfører inngrep og motorferdsel vil nytte og føremoner bli vurdert opp mot ulempene.

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for verneområda. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for dei praktiske oppgåvene med informasjon, skjøtsel og oppsyn. I statsallmenning vil oppsynsarbeidet m.a. bli søkt samordna med fjellstyra. Informasjon og god kontakt mellom forvaltningsstyresmaktene og med kommunane, tilsynsutvala, grunneigarane og brukargruppene er prioriterte arbeidsoppgåver.

2. INNLEIING

Jotunheimen nasjonalpark (ca. 1151 km²) og Utladalen landskapsvernområde (ca. 314 km²) vart etablert ved Kgl. Res. 05.12.1980. Nasjonalparken vart oppretta som den 14. i Noreg. Pr. 1.1.2007 er det 29 nasjonalparker i Noreg på fastlandet. Omlag 14,3% av landarealet i fastlands-Noreg er verna etter naturvernlova pr. 1.1.2007.

Denne forvaltningsplanen er ein revisjon av den første forvaltningsplanen som vart laga for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, godkjend i 1998. Det vart då lagt opp til at forvaltningsplanen blir revidert kvart 10. år. Forvaltningsplan byggjer på framlegget til nye verneforskrifter (vedlegg 5 og 6) som var på høyring samstundes med framlegget til forvaltningsplan. Dei nye verneforskriftene tek med seg store delar av gjeldande verneforskrifter (sjå vedlegg 2 og 3).

Føremålet med forvaltningsplanen er å lage retningslinjer for forvaltninga av verneområda slik at kvalitetane der blir sikra. Planen gjev ei innføring i bakgrunnen for vernevedtaket og informasjon om området. Etter ein gjennomgang av prinsipp og mål for forvaltninga, blir ulike utfordringar og problemstillingar summert opp. Til slutt blir verkemiddel, tiltak og retningslinjer omtala.

Av omsyn til naturkvalitetane i verneområda bør og dei tilgrensande områda sjåast i samanheng med verneområda. Dei tilgrensande områda er tekne med i den grad det er vurdert som naudsynt for heilskapen i nasjonalparken og landskapsvernområdet. Tilgrensande område utafor verneområda blir forvalta av kommunane etter plan- og bygningslova.

2.1. URØRD NATUR I NOREG

Områda med urørt natur i Noreg har minka sterkt etter år 1900, jf. St. melding nr. 62 (1991-92) «Ny landsplan for nasjonalparker og større verneområde i Norge» og DN-rapport 1995-6 «Inngrepsfrie naturområder i Norge». Inngrepsfrie naturområde (meir enn 5 km fra tyngre tekniske inngrep, også kalla urørt natur) i Noreg har minka frå 48% i 1900 til ca. 11,7%% av landarealet i 2003. For Sør-Noreg (med Trøndelagsfylka) har villmarka minka frå 27% til 5% i den same perioden. Denne uheldige utviklinga vil halde fram dersom vurdering og planlegging av områda ikkje skjer på ein heilskapleg måte. Vern av naturområde er eit av fleire verkemiddel i dette arbeidet.

Urørte naturområde har ein eigenverdi og er ein del av vår nasjonale arv og sjølvkjensle. Det same gjeld for fleire kulturpåverka område. Dessutan er det viktig å ta vare på natur for ettertida for:

- å sikre eit representativt utval av naturområde med eit naturleg økosystem
- å sikre naturleg variasjon og breidde i flora og fauna
- å gje sårbart og trua plante- og dyreliv store nok leveområde
- å sikre verdfulle kulturminne og kulturlandskap i område utan store tekniske inngrep
- å gje grunnlag for friluftsliv og rekreasjon
- å gje grunnlag for forskning og undervising
- å sikre referanseområde (område utan indre påverknad)
- å gje komande generasjonar høve til sjølve å planleggje arealbruken

Noreg har slutta seg til fleire internasjonale konvensjonar for å ta vare på ulike delar av det biologiske mangfaldet med plante- og dyreliv, medrekna lågare flora og fauna. Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på unike, sårbare og truga naturtypar, planter og dyr. Særleg gjeld dette dyr og planter som berre finst her, eller som har hovudutbreiinga si her.

2.2. NASJONALPARKAR OG LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Vern av spesielle naturområde eller naturelement skjer i Noreg i hovudsak etter Lov om Naturvern som vart vedteken 19.06.1970. I lova er det heimel for å oppretta fleire ulike vernekategoriar, m.a. nasjonalparkar og landskapsvernområde.

I formålsparagrafen i naturvernlova (§ 1) står det:

«Naturvern er å disponere naturressursene ut fra hensynet til den nære samhørigheten mellom mennesket og naturen, og til at naturens kvalitet skal bevares for fremtiden.»

Det offentlege naturvernarbeidet tek utgangspunkt i naturvernlova og har som formål ein «økologisk forsvarlig bruk av naturressursene som sikrer naturen som en varig kilde for menneskenes virksomhet», og i dette «bevaring av naturens variasjonsrikdom både med hensyn til planter og dyr og deres leveområder, landskap og geologiske formasjoner og forekomster» (St. melding nr. 68 (1980-81) - «Vern av norsk natur»).

I § 3 i naturvernlova står det om nasjonalparkar:

«For å bevare større urørte eller i det vesentligste urørte eller egenartede eller vakre naturområder kan arealer av statens grunn legges ut som nasjonalpark. Grunn av samme art som ikke er i statens eie, og som ligger i eller grenser inntil arealer som nemnt i første punktum, kan legges ut som nasjonalpark sammen med statens grunn. I nasjonalparken skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep.»

Vidare står det om landskapsvernområde i § 5:

«For å bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om et tiltak må anses å ville endre landskapets art eller karakter vesentlig.»

Etter naturvernlova er landskapsvern eit svakare områdevern samanlikna med nasjonalparkar. For landskapsvernområda er hovudformålet å sikra natur- og kulturlandskap. Generelt er det forbod mot inngrep som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter, men tradisjonell landbruksdrift vil i dei fleste høva kunne halde fram som før, jf. at «for å sikre at tradisjonell næringsvirksomhet ikke utøves i strid med landskapsvernets formål, vil den ofte være undergitt visse begrensninger når det gjelder driftsform og driftsintensitet» (Ot.prp.nr. 46 (1983-84)). Døme på slike avgrensingar kan vere hogst, stenging av bekkeløp og bakkeplanering.

2.3. FORVALTNING

Dei første nasjonalparkane omfatta berre statsgrunn. I mangel av ein eigen ytre statleg etat for naturforvaltning fekk Direktoratet for statens skoger (frå 1.1.1993 Statskog SF) den daglege forvaltninga av områda. Vedkomande reindriftsadministrasjon var dispensasjonsstyresmakt for motorferdsel i samband med utøving av reindrift. Oppsynet i dei første nasjonalparkane vart ofte etablert ved at naturverninspektøren gjorde direkte avtaler med fjelloppsynet eller andre kjentfolk.

I 1980-åra kom det fleire endringar i forvaltninga av nasjonalparkane. For nyoppretta nasjonalparkar som Jotunheimen vart det oppretta tilsynsutval i dei berørte kommunane, like eins for Utladalen landskapsvernområde.

1.1.1984 vart forvaltningsmynde for naturvernområde overført frå Miljøverndepartementet til fylkesmennene, som fekk eigne miljøvernavdelingar frå 1982. Overføringa av forvaltningsmyndet til fylkesmannen ga ikkje endringar i det daglege forvaltningsansvaret som Direktoratet for statens skoger hadde. Med opprettinga av Statens Naturoppsyn vart dei daglege oppgåvene med informasjon, skjøtsel og oppsyn i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde frå 1.4.1998 overført frå Statskog SF til Statens Naturoppsyn, medan Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk overført forvaltningsoppgåvene som Statskog SF hadde hatt.

Alle nasjonalparkar og landskapsvernområde har ein formålsparagraf i verneforskrifta. Formålet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Norsk nasjonalparkpolitikk gjekk dei første ti-åra etter opprettinga av Rondane nasjonalpark som den første i 1962, i stor grad ut på å verne område, etablere regelverk, vera dispensasjonsstyresmakt og oppsyn. Det vart lagt mindre vekt på aktiv forvaltning og skjøtsel. I dei seinare åra har det frå overordna styresmakter kome klare signal om meir aktiv forvaltning med m.a. større differensiering, både innafor kvart enkelt større verneområde og mellom verneområda, og med vekt på bruk innafor verneformål og vernereglar.

2.4. JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - FORVALTNINGSPLAN

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde eit område med store natur- og verneverdiar. Det er eit av fjellområda i Noreg som er mest nytta i samband med friluftsliv med fleire av dei mest etterspurde turmåla i landet. Det er mange ulike brukarinteresser knytt til områda, og fleire nye er i ferd med å koma.

Auka bruk av områda og at det i aukande grad kjem ønskje om meir utradisjonelle måtar å nytta områda på, gjer det stadig viktigare med ein forvaltningsplan. Utviklinga gjer det naudsynt med ei meir aktiv forvaltning dersom verneformålet skal kunne haldast vedlike og sikrast. Utan ein samla forvaltningsstrategi for områda, kan m.a. viktige verneverdiar kome i fare, og sider ved det tradisjonelle norske friluftslivet få vanskelegare kår.

Formålet med Jotunheimen nasjonalpark er (Kgl. res. i 1980) *”å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med geologiske førekomstar, dyre- og planteliv og kulturminne på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. I nasjonalparken er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, jakt og fiske, undervisning og forskning*

I framlegget til ny verneforskrift heiter det at

”formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med geologiske førekomstar, dyre- og planteliv og kulturminne på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

I nasjonalparken er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, jakt og fiske, undervisning og forskning.”

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er (Kgl. res. 1980) *”å verne eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark,*

samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, jakt og fiske. Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging (framlegg til ny verneforskrift § 2).

I framlegget til ny verneforskrift heiter det at

”Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, jakt og fiske.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.”

Forvaltningsplanen bygger på verneforskrifta, røynsler forvaltningsstyresmakta sit inne med og meldingar frå brukarane etter at områda vart verna. Forvaltningsplanen er eit hjelpemiddel for å fremje verneformåla. Gjennom planen blir det lagt opp til ei praktisering av forskrifta som i eit langt tidsperspektiv skal vere med på å gje ei utvikling i samsvar med verneformålet. I tillegg til at planen skal gje retningslinjer, skal den vere eit hjelpemiddel i forvaltninga av områda. Den skal m.a. gje grunnlag for kontroll med arealdisponeringa og vere ein konkret rettleiar for forvaltningsstyresmakta, grunneigarar og andre brukarar i økologisk skjøtsel, bruk og tilrettelegging. Forvaltningsplanen vil og gje eit betre grunnlag for å samordne til dømes naturvern- og friluftsinteressene slik at ein unngår unødige konflikhtar mellom desse. For å få med nye røynsler er det naudsynt at forvaltningsplanen blir ajourført med jamne mellomrom, t.d. kvart 10. år.

3. NATURFAGLEG OG HISTORISK BAKGRUNN

3.1. VERNEVERDIAR I JOTUNHEIMEN-OMRÅDET


I samband med diskusjonen om vern av Jotunheimen vart det lagt stor vekt på at området har nokre av dei mest typiske ville fjellformasjonane i Noreg med preg av både austlandsk og vestlandsk fjellnatur. Frodige, lågareliggjande dalar, særeigne vassdrag, ei mengd brear og dei høgste fjella i Nord-Europa finst her innafor eit relativt avgrensa område. Det er vitskapelege verneinteresser innan geologi, limnologi, botanikk og zoologi. I vest lever ein villreinstamme. I området finst kulturminne som skriv seg frå fangstfolket som følgde reinen da breane trekte seg attende, steinbuer, hustufter og fangstanlegg. Delar av Jotunheimen har stor verdi som beiteområde for tamrein og bufe. I Utladalen er det fleire nedlagde gardsbruk, stolar og husmannsplassar. Den tidlegare bruken av landskapsvernområdet gjer at det er eit særmerkt kulturlandskap der. Utlavassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i 1986 i Verneplan III for vassdrag, og her renn Vettisfossen som er den 3. høgste fossen i landet (275 m fritt fall), og den høgste uregulerte fossen.

Friluftsliv og fotturisme i Jotunheimen tok til for omlag 150 år sidan. Å bevare området slik at det og i framtida kan vere triveleg å nytta til vanleg tradisjonelt friluftsliv og fotturisme var sentralt framme i diskusjonen om vern eller ikkje.

3.2. GEOGRAFISK UTBREIING OG EIGEDOMSTILHØVE

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde ligg i kommunane Luster og Årdal i Sogn og fjordane fylke og kommunane Vang, Vågå og Lom i Oppland fylke.

Nasjonalparken har eit areal på omlag 1145 km², medan arealet som utgjer landskapsvernområdet er på omlag 314 km². Fordelinga av det samla vernearealet (1459 km²) på kommunar går fram frå figuren nedanfor.



Samla verneareal fordelt på kommunar.

Med unntak av eit mindre område i Vang kommune ligg heile nasjonalparken på statsgrunn. For landskapsvernområdet ligg omlag 56% på privat grunn og omlag 44% på statsgrunn. Kva for eigedomar verneområda omfattar, går fram av verneforskriftene i vedlegg nr. 2 og 3.

3.3. NATUR OG KULTUR

3.3.1. Geologi

Berggrunn

Jotunheimen ligg i den kaledonske fjellkjeda som strekkjer seg frå Finnmark til Stavanger. Bergartane blir ofte kalla «jotunbergartar». Dette er bergartar som er motstandsdyktige mot erosjon (gabbro og syenitt). Sjølv om bergartane i Jotunheimen kan seiast å vere einsarta, går det eit tydeleg dele langs Gjende og over mot Tyin. Sør for Gjende dominerer gabbro. På nord-sida er det meir gneis.

Karakteristisk i Jotunheimen er innslag av «raudberg». Dette er ein form for gabbro som er rik på magnesium og jern. Farga på denne bergarten har gjeve fleire namn som til dømes Raudalen og Rauhamrane. At bergartane varierer i mineralsamansetjing ser ein og ved at det nokre stader er god tilgang på plantenæring.

Landformer

Store fjellmassiv og spisse tindar er det som særleg kjenneteiknar Jotunheimen. Det blir hevda at Jotunheimen er det mest fjellrike landskapet i Noreg. Alle fjelltoppane i landet som er over 2300 meter, i alt 23, ligg i nasjonalparken. Dei 5 høgste er Galdhøpiggen (2469 m.o.h.), Glittertind (2465 m.o.h.), Store Skagastølstind (2403 m.o.h.), Store Styggealstind (2387 m.o.h.) og Skarstind (2373 moh).

I Jotunheimen ligg mange av breane i Noreg, og brearealet dekkjer om lag 10% av det samla brearealet i Noreg. Den største breen i Jotunheimen er Smørstabbreen (om lag 15 km²). Deretter kjem Vestre Memurububre (om lag 13 km²), Hellstugubreen (om lag 12 km²) og Veobreen (om lag 11 km²). Breane er i hovudsak ein kombinasjon mellom botnbre og dalbre. Frå breane kjem det breslam som gjev ei særmerkt grønfarge på mange elvar og vatn. Breane, særleg lengst vest i Jotunheimen, auka sist på 1990-talet. Alle breane har gått sterkt tilbake dei siste åra.

Sjølv om Jotunheimen blir kjenneteikna av høge og ville fjell, finst det og fleire markerte dalar som deler fjellområdet inn i mindre einingar. Den største og mest særeigne dalen er Utladalen som er ei geografisk forlenging av Årdalsfjorden. Denne dalen går vel 20 km inn i Vest-Jotunheimen og deler Hurrungane i nord-vest frå Tyinfjella i sør-aust. På båe sidene av dalen er det mange sidedalar. Desse traufoma hengjedalane opnar seg mot hovuddalen høgt oppe i liene.

3.3.2. Klima

Klimaet i Jotunheimen varierer mykje både i høve til aust-vest gradienten og i høve til høgde over havet.

Det er få meteorologiske målingar i Jotunheimen. Frå kring 1930 fram til 1978 var målestasjonen på Fannaråken (2068 moh) i drift. For å gje eit bilete av temperatur- og nedbørsvariasjonar er difor normalar frå perioden 1931 - 1960 teke med i oppstillinga:

Lom (365 moh)	294 mm	2,8 g. C (maks 14,4 - min. -9,5)
Elveseter i Bøverdalen (650 moh)	470 mm	1,0 g. C (maks 12,4 - min. -9,6)
Fannaråken (2068 moh)	1221 mm	-5,6 g. C (maks 2,6 - min. -12,4)
Fortun (20 moh)	680 mm	4,6 g. C (maks 14,8 - min. -5,1)
Vetti (300 moh)	792 mm	

Ein stasjon på Sognefjellshytta i drift, 1430 moh. + ein på Aukrust i Lom.

Målestasjonen på Fannaråken var ikkje rekna som heilt representativ med omsyn til årsnedbør da stasjonen låg svært vindutsett til. På grunnlag av snømålingar i denne delen av Jotunheimen er årsnedbøren rekna ut til å vere mykje større.

Den dominerande vindretninga i Jotunheimen er sørvestleg. Fuktig havluft gjev frå seg mykje nedbør i dei ytre og midtre fjellområda kring Sognefjorden. Det meste av det som er att fell ned i Vest-Jotunheimen og i Breheimen med minkande mengde austover.

For å få eit inntrykk av temperaturen i ulike delar av Jotunheimen kan ein rekne med ein gjennomsnittleg nedgang på 0,6 grader C pr. 100 meter stigning. Middelterperaturen i dei sentrale stroka av Jotunheimen i juli er på omlag 10 - 11 grader C, medan den på Fannaråken, omlag 1000 meter høgare, er på omlag 2,5 grader. Om vinteren vil likevel dei lågaste temperaturane ofte finnast i dalbotnar og søkk.

3.3.3. Vassdrag

Dei tre største innsjøane i Jotunheimen nasjonalpark er Gjende, Bessvatnet og Russvatnet. Alle desse innsjøane ligg i Vågå kommune. Gjende er den største med ei lengde på omlag 19 km og ei djupne på omlag 150 meter på det meste. Innsjøane høyrer til Sjoavassdraget som det lenge var planar om å byggje ut. For Sjoa vedtok Stortinget varig vern mot kraftutbygging i 1973 (Verneplan I for vassdrag). Bygdin og Tyin er dei 2 største vatna like utafor nasjonalparken, og må reknast som ein del av Jotunheimenområdet.

I nord og nordvest renn vassdraga ned i Ottadalen. Dei største elvene der er Veo, Visa, Leira og Bøvra. Blant desse er Veo det einaste vassdraget som er regulert. Denne reguleringa ligg utanfor verneområda. Bøvravassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i 1993 (Verneplan IV for vassdrag).

I vest dominerer Utladalsvassdraget som renn ut i Årdalsfjorden. Dette vassdraget har utspring frå breane oppe på Sognefjellet. Utladalen er m.a. kjent for mange flotte fossefall. Ut i frå hangedalane Hjelledalen, Gravdalen/Slufsedalen, Morka/Koldedalen, Stølsmaradalen, Fleskedalen, Midtmaradalen og Maradalen stupar elvane utover frodige fjellsider ned i Utlå.

Den største og mest kjente fossen i Utladalen er Vettisfossen. Etter at Mardøla i Eikesdalen vart bygd ut, er Vettisfossen den høgste uregulerte fossen i landet med ei samla fallhøgde på 340 m; av dette er 275 meter fritt fall.

Etter den 2. verdskrigen vart store delar av Utladalsvassdraget regulert for å skaffe elektrisk kraft til aluminiumsverket i Årdal. Elvane i Gravdalen, Raudalen, Skogadalen, Uradalen og Fleskedalen er overført gjennom tunnelar om Koldedalsvatnet til Tyin. Kyrkjevatnet (1352 m.o.h.) like utafor verneområda er med i same vassdragsreguleringa. Stortinget har seinare, i 1986, vedteke vern av Utladalsvassdraget (ovafor samløpet med Avdalselva) i Verneplan III for vassdrag. Vernet gjeld såleis mot vidare kraftutbygging.

3.3.4. Vegetasjon

Naturgeografisk ligg området i region 35 d); «Fjellregionen, underregion Jotunheimen i søre del av fjellkjeden» (Nordisk Ministerråd sitt framlegg til naturgeografisk regioninndeling av Norden, NU-B 1977:34). Den heimre delen av Utladalen går ned i region 37 e); «Vestlandets løv- og furuskog, underregion Sogn og Fjordanes indre fjordstrøk».

Nasjonalparken og landskapsvernområdet vart vegetasjonskartlagt av Norsk Institutt for Jord-og Skogkartlegging i 1991 og 1992 (ferdig 1993). Fram til i dag er vegetasjonskart det næraste ein har kome eit økologisk kartverk for området. Vegetasjonskarta gjev informasjon om botanikk, økologiske tilhøve og eigenskapar ved naturgrunnlaget samt vegetasjonens verdi m.o.t. ressursutnytting og anna bruk. Ut frå vegetasjonskarta er det laga kart for slitestyrke, reinbeite og sauebeite.

Vegetasjonskartleggjinga syner at heile 57% av det verna området er impediment (grus, sand, jord, ur, blokkmark, bart fjell, varig is og snø) medan 5% er vatn. Dei vegetasjonstypene som dominerer er rishei (9,5%), lavhei (4,5%), frostmark av rabbetype (4%), mosesnøleie (4%) og grassnøleie (4%).

Langs Gjende er det bjørkeskog i eit belte opp til 1200 m.o.h. Skogen der vekslar mellom artsrik og frodig engskog og den fattigare blåbærskogen. Over skogen kjem bratte hamrar og rasmarker. Der kan det innimellom vere eit jamt innslag av vegetasjonstypen høgstaudeeng. Førekomst av kalkrike bergartar gjer at dette området har noko av den mest artsrike floraen i nasjonalparken. Fleire skogblomar finn der si høgste utbreiing i landet. Blant dei typiske låglandsartane finst m.a. kanelrose, liljekonvall, tystbast, krattfiol og jordbær.

Jotunheimen har fleire norske høgdererekordar for fjellplanter. Høgst går issoleia, som på Glittertind er funne opp til omlag 2370 m.o.h. Raudsildre og rosenrot er funne opp til omlag 2300 m.o.h. På lokalitetar med kalkrik grunn veks m.a. reinrosa og mogop.

I liene i Utladalen gjev kombinasjonen av godt lokalklima, friskt sigevatn og varm skredjord gode vilkår for artsrikdom. Varmekjære treslag som lind, hassel, svartor og alm veks der. Høgstaudebjørkeskogen med tyrihjel, skogstorkenebb, kvitbladtistel, skogstjerneblom, vendelrot, turt og kvann er fleire stader godt utvikla.

Den einaste furuskogen av noko omfang finst på Vettismorki. Fjellfurskogen her har av fleire vore rekna som landets "gildaste" fjellfurskog. På 1600-hundre talet, då det var gruvedrift etter koppar i Årdal, vart tømmer frå Vettismorki nytta i produksjonen. Etter at kopparverket vart nedlagt stod skogen urørt i 120 år og vart uvanleg grov. Seinare års kartlegging har synt at det er store botaniske verneverdiar i området, m.a. for lav og sopp.

Det meste av furuskogen i liene i Utladalen og nedst i sidedalane døydd av den fluorhaldige røyken som kom etter oppstartinga av aluminiumsverket i Årdal. Dette skjedde i perioden 1950-1970. Dei fleste furutrea som døydd, står framleis. I dag er utsleppet av fluor sterkt redusert, og ny furuskog veks no opp naturleg.

3.3.5. Fauna

Fugl

Bestanden av fugl skil seg ikkje mykje frå det som er vanleg i norske høg fjell. Det er registrert omlag 75 hekkande artar i nasjonalparken, og det er streif- og trekkfuglar frå vestlege og nordlege strok. Området utgjer ein del av eit viktig område for kongeørn og jaktfalk. Rovfuglar som fjellvåk, tårnfalk og ugler kan enkelte år vere talrike. Det er ikkje spesielt stor artsrikdom av våtmarksfugl, og mange av artane er fåtallige. Det er truleg høgdererekord i hekking for fiskemåke ved Bukkehåmårtjønn. Rypebestanden kan i enkelte år vere god. Orrfugl og storfugl ser ein av og til i Utladal-området. Av småfuglane er snøsporv, heipiplerke, bjørkefink, gråsisik, lauvsangar, steinskvett og blåstrupe blant dei mest vanlege. Fleire artar er i tydeleg bestandsnedgang.

Dyr

Dei fire store hjortedyra elg, hjort, rein (villrein og tamrein) og rådyr er i området.

I verneområdet inngår Vest-Jotunheimen villreinområde. Dette gjeld Årdal og Luster kommunar på vest-og austsida av Utladalen til grensa mot Lom og Vang kommunar. I dag er villreinen borte på austsida av Utladalen. I villreinområdet er det i dag ei stamme på omlag 400 vinterdyr. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villrein og leveområda til villreinen.

Mår, mink og rev er det faste bestandar av. Fjellrev er ikkje registrert dei siste åra.

Jotunheimen hadde fast jervestamme fram til 1950-talet då høg skotpremie førte til sterk reduksjon. Dei siste åra har det vore ein auke i talet på sporobservasjonar. Frå 2005 er det registrert yngling av jerv i Jotunheimen. Gaupe finst som streifdyr, men har i periodar hatt fast førekomst i Bøverdalen og Visdalen.

Forvaltning av freda rovdyr, m.a. jerv regulerast av ei eiga rovviltforskrift etter viltlova og ikkje naturvernlova. I Sogn og Fjordane har Stortinget vedteke at det ikkje skal vere ynglande bestandar av store rovdyr, medan for Oppland er det fastsett bestandsmål for jerv og gaupe. Det er dei regionale rovviltneimndene som i hovudsak har ansvaret for forvaltninga av dei fire store rovdyrartane med fylkesmennene som sekretariat.

Først på dette hundreåret var det ei god stamme av oter i Utladalen. Gode skinnprisar gav då hard jakt. Oteren såg ut til å bli borte frå Jotunheimen, men er no på veg til å etablere seg att.

Fisk

Fleire av vatna ligg for høgt til at det er naturleg fiskeproduksjon i dei. I mange av desse er det sett ut aure. I Utlavassdraget går det laks og sjøaure opp til Avdalsbrua. Vatn der det ikkje er sett ut fisk har stor verdi som type- og referanseområde.

3.3.6. Menneskeleg bruk av Jotunheimen

Kulturminne og kulturlandskap

Det er fyrst på overgangen til yngre steinalder at funnmengda etter aktivitetar frå menneske aukar i Jotunheimen (omlag 3000 år f.Kr.). Buplassar frå denne tida er funne både ved Russvatnet, Gjende, Tyinoset, på Breikvam og i Koldedalen. Det som særleg finnst av eldre kulturminne er knytt til jakt og fangst. Fleire stader finst reinsgraver, bogastelle, bægarmar, kjøttgøymer, hellarar og restar etter steinbuer. Hovudtyngda av desse fangstinnretningane i nasjonalparken er frå Gjende og opp mot Veodalen og Smådalsfjella, og i Svartdalen ut mot Bygdin. Tilgangen til Veodalen er mest over alt ”stengd” med fangstanlegg.

Jotunheimen var også tidleg viktig som beiteområde for bufe. Restar etter gamle setrer finst fleire stadar. Gardane Glømsdal og Hoft i Lom hadde fram til omlag 1850 setrer i Storådalen. Desse vart seinare flytta ned til Gjendebu. Nigard Sulheim hadde seter i Visdalen nedanfor Styggehoi fram til omlag 1750 (munnleg frå E. Sulheim). I Memurudalen var det og seter.

I Utladalen finst det særleg mange kulturminne frå nyare tid, så som stolar og jakthytter. Kulturlandskapet er rikt og variert. Dei siste 25 åra har bygningar på gardsbruk og stolar vorte vølte, og kulturmarka i heimre Utladalen er blitt restaurert og stelt, i tråd med ein skjøtselsplan for heimre Utladalen godkjend i 1998. I dette arbeidet blir det lagt ned ein stor arbeidsinnsats frå grunneigarar, Årdal turlag og «Morka-gjengen».

Gamle ferdselsveggar er det restar etter fleire stader. To mykje nytta ferdselsveggar var frå Valdres til Årdal og frå Luster over Sognefjellet til Bøverdalen og Lom. Det var og ein viktig ferdselsveg over Valdresflya og ned Sjodalen til Vågå. Alle desse ferdselsvegane ligg utanom verneområdet. Det har og vore ferdselsveggar innanfor verneområda, til dømes gjennom Visdalen, Uradalen, over Storådalen til Bygdin, Tyin og Vang i Valdres. Desse har truleg vore mindre og meir sporadisk nytta.

Jotunheimen inneheld også mykje historie knytt til utviklinga av friluftsliv. Etter kvart som interessa for friluftsliv auka på 1800-talet, utvikla fleire setrer i området seg til turistbedrifter. I samband med føring av turistar vart det bygd steinbuer (sikringsbuer) på sentrale plassar. På Galdhøpiggen vart det bygd ei slik steinbu i 1888/89 som no er borte. Ei første sikringsbu i tre på Glittertind sto frå 1907 til 1913 då den bles vekk. Ny hytte vart sett opp i 1933, og denne hytta vart teken av naturkreftene i 1974. Det har ikkje vore aktuelt å setje opp ny hytte etter det. På Surtningsstui står truleg den einaste opphavlege steinbua som vart bygd til dette føremålet. Denne bua vart bygd i 1899, og treng restaurering om ho ikkje skal bli borte.

Landbruk

I dag er det ikkje aktiv seterdrift innafor verneområda. Siste setra med mjølkeproduksjon i Jotunheimen var Memurubu som slutta i 1989 som følgje av forbod mot bruk av upasteurisert mjølk på turistbedrifta. Etter 1989 er seterkvea og områda kring Memurubu nytta for beitefe.

Fleire stader m.a. i Leirungsdalen, Veodalen, Storådalen, Veslådalen og på Breikvam vart det tidlegare beita med driftefe. Mange dalar og område er framleis viktige beitedalar for bufe. I Veodalen og Storådalen/Veslådalen er det t.d. egne fedrifter. I Veodalen går det hestefølgje. Leirungsdalen, ved Gjende, Russdalen og øvre del av Utladalen er døme på område der det årleg går sau på beite.

I dei austlege områda av nasjonalparken, i kommunane Lom, Vågå og Vang, driv Lom tamreinlag og Vågå tamreinlag. Lom tamreinlag vart etablert i 1926 og Vågå tamreinlag i 1942. Tamreinlaga har til saman omlag 4500 rein i vårflokk (reintal etter at slakteuttaket har skjedd).

Ved grensa til Utladalen landskapsvernområde ligg garden Hjelle. Innanfor landskapsvernområdet ligg gardsbruka Skåri, Avdalen, Lauvhaugen, Flaten og Vetti. Til kvar gard har det vore 2 stølar, - heim- og framstøl. Buskapen vart sendt til heimstølen i slutten av mai. Der var dei i 2-3 veker før dei flytte lenger inn i fjellet til framstølen. Om hausten, ofte i midten av september, returnerte dei til heimstølen der beita på nytt hadde vokse opp. Ved Mikkelmess, 29. september, (frå gammalt av den dagen buskapen vart ført heim til garden) flytta dei heim.

Bøndene i Fortun eig den øvre delen av Utladalen med sidedalane Urdadalen, Skogadalen, Vetle-Utladalen og Gjertvassdalen opp til Statens grunn. Desse bøndene har fjellstølar på Murane under Hillerhø, Guridalen, Skogadalsbøen, Gjertvassbøen og Vormeli (også Eide gard i Skjolden har rettar i Vormeli). Fleire av stølane var i bruk fram til 1954.

Ut i frå bygningsmaterialane kan stølane i Utladalen delast i to hovudtypar. Øvst i dalen er det ei rekkje framstølar som vart nytta av bønder frå Luster. Der vart sela bygd av stein. Sela lenger nede i dalen, som soknar til Årdal, var bygd av tre.

Vormeli, eller Utladalsholet som staden og har vore kalla, ligg i øvre del av Utladalen, omlag 2 km sør for Skogadalsbøen. Dette har truleg vore ein av dei mest avsidesliggjande gardane i landet. Over fjellet frå Fortun tok det 9 timar å gå. I følgje ei segn busette den første mannen seg i Vormeli omlag år 1600. Han levde truleg mest av jakt og fiske. Sjølv plassen vart rydda av Tollev Yttri og Halvor Utladalen frå Fortun i 1780-åra. Det er godt jordsmonn i Vormeli og kring 15 familiar har seinare budd der fram til 1867 då den siste husamnen Johannes Fortun, kalla Franzen flytta ned til Fortun og emigrerte til USA året etter. I 1869 leigde Thorgeir Sulheim på Eide, Skjolden saman med Ola Holmestad i Fortun plassen. Dei reiv den gamle stova og sette opp to nye sel av materialane. Eide gard stølte i Vormeli fram til sommaren 1946. Selet vart då ståande til forfall og var i dårleg forfatning då "Vormelids venner" i 1974 fekk leige selet av Per Gutubø, Eide. «Vormelids venner» har lagt med støtte frå DNT og Riksantikvaren ned ein stor arbeidsinnsats i å restaurere og halde vedlike bygningsmiljøet i Vormeli. Selet vart ny-innvigd i 1976, og Vormeli er i dag låst med DNT-nøkkel og fungerer som utbetjent turisthytte.

Dei første sikre kjeldene om busetnad i Vetti skriv seg frå 1120. Hjelle er nemnt første gongen på 1300-talet då Riddar Sigvat av Leirholar i Vang ga Hjelle til presten i Lærdal. Avdalen vart truleg rydda på slutten av 1500-talet.

I dag er det ikkje fast busetnad i verneområda. 1985 var det siste året det budde folk året rundt på Vetti. Avdalen har snart vore fråflytta i 40 år.

Jakt og fiske

Området har hatt mange namngjetne jegerar. Ein av dei første var Johannes Eldegard frå Årdal som vart fødd omkring år 1600. Ein annan namngjeten jeger var Jo Tjøstolsson Kleppe med tilnamnet Jo-Gjende. Han vart født i Vågå i 1794. Den kjente forstmeisteren J. B. Barth har kome fram til at Jo skaut omlag 600 rein og at av desse var det omlag 500 storbukkar.

I 1820 vart det skrive at ingen stader i Noreg var det så mykje bjørn som i området rundt Vormeli. Oppsittarane på Vormeli dreiv mykje jakt både på bjørn og rein og vart rekna for å vere velhaldne.

På slutten av 1800-talet kom hjorten til Utladalen. Elgjakt har gått føre seg der i meir enn 30 år, men det er først etter 1980 elgbestanden har teke seg godt opp i området. Dei fleste åra er det elgjakt ved Gjende. I Vest-Jotunheimen villreinområde vert det årleg jakta rein, og fleire dyr blir som oftast felt innafor verneområdet kvart år.

Småviltjakt går i dag føre seg på mest heile området. Mange fjellvatn i området har sær gode bestandar av aure, og det vert etter løyve (i samråd med fiskeforvaltaren hos fylkesmennene) sett ut fisk i vatn der det er sett ut fisk frå før.

Friluftsliv og turisme

Botanikaren Christen Smith gjekk i dei austlege områda i Jotunheimen i 1813. Han er m.a. omtala som «den fyrste fotturisten». Studentane B.M. Keilhau og P.B. Boeck blir omtala som «dei første oppdagarane» av Jotunheimen. Saman med reinjegeren Ole Urden frå Austre Slidre var dei i 1820 på «oppdagingsferd» gjennom Jotunheimen. I avisartiklar og tidsskrift skreiv Keilhau om opplevingane frå denne turen. Dette var med på å lokke fleire eventyrarar til området.

Kjøpmannen Thomas Heftye frå Oslo kom til Jotunheimen i 1859. Han var i 1868 med på å skipa Den Norske Turistforening (DNT) og vart den første formannen der. Den første hytta til DNT i Jotunheimen var ei steinhytte ved Bygdin som vart kjøpt i 1870. Året etter vart det ført opp eit lite hus på Gjendebu seter med to rom og åtte senger. Skogadalsbøen seter fekk stønad i 1875 til å hjelpe turister. 13 år seinare vart det ført opp eit eige turisthus der. Gjendesheim kom i 1878. Den første stigen som vart varda for turistar var stigen frå Memurubu til Bessheim. Dette skjedde i 1874. Jotunheimen har vore eit satsingsområde for Den Norske Turistforening heilt frå starten.

Ein av dei mest kjente fotturistane og tindeklattrarane var engelskmannen William C. Slingsbye. Han kom første gongen til Jotunheimen og Vetti i 1874. Slingsbye blir rekna som den første som tok til med avansert klatring i området. I 1876 kom han m.a. opp på toppen av Store Skagastølstind. På same turen stoppa Emanuel Mohn i Mohns skar, medan Knud Lykken gjekk noko lenger. Mohn og Slingsbye diskuterte i fleire år kva for ein fjelltopp som var den vanskelegaste å kome opp på i Jotunheimen. Mohn heldt på Knutsholstind som han sjølv var den første til å nå toppen, medan Slingsbye heldt på Storen.

To av tre engelskmenn som hadde vore i Jotunheimen utgav i 1882 boka «Tre i Norge ved to av dem». Karane låg fast ved Memurubu og dreiv jakt og fiske. Ein del av utstyret etter dei tre er tatt vare på og står i dag på Norsk Fjellmuseum i Lom og på Memurubu.

Grunna den store interessa Jotunheimen tidleg fekk som turistmål, vart det etter kvart fleire lokale turførarar. Den fyrste som fekk «patent» på føring i området frå Den Norske Turistforening var Knud Vole frå Lom (1890). Det meste av fjellføringa dreiv han på slutten av 1800-talet. Han førte mykje på Galdhøpiggen og bygde ei steinbu både der Juvasshytta står i dag (1884) og på «Piggen».

Sommaren 1906 vart det starta motorbåttrafikk både på Tyin og Gjende. I 1911 gjekk «Gjende» to gonger frå Gjendesheim og brukte 2 timar til Gjendebu. Billettprisen var kr. 2,75 ein veg og kr. 4,00 tur-retur. På Bessvatnet var det robåttrafikk fram til det kom motorbåt på Gjende.

Jotunheimen har og gjeve inspirasjon til fleire kjente diktarar og komponistar. For dei fleste er Henrik Ibsen med Peer Gynt godt kjent. Åsmund Olavsson Vinje er ein av dei diktarane som har vore mest i Jotunheimen. Om han er det skreive at «ingen norsk skald hev lagt so mykje av høgfjellet inn under diktingi som han». Andre kjende diktarar er Henrik Wergeland og Theodor Caspari.

Edvard Grieg kom til Gjendebu i 1888. Grieg hørde då ei uvanleg klar og fin stemme som lokka inn buskapen. Det var den 17 år gamle Gjendine Slålien han hørde. Resultatet vart m.a. nr. 19 i opus 66 - «Gjendines bånålåt».

Jotunheimen har stor variasjonsbreidde i landskapsformer. Dette har gjort området kjent og gjeve grunnlag for eit variert og spanande friluftsliv. Tilretteleggingsgraden varierer frå område med mange turisthytter og merka turstiar og -løyper til område som er heilt utan inngrep. Det er enkelt å koma inn i området både sommar og vinter. Sjølv om ferdsla er stor, kan ein enda oppleva den fridomen, mystikken, roa og stillheita som friluftslivet er tufta på. Nokre stader kan ein og framleis «utforske» tilsynelatande «nytt land».

Inne i nasjonalparken er det i dag fire betjente turisthytter. Tre av desse (Glitterheim og Gjendebu og Fannaråken (enkel betjent)) tilhøyrrer Den Norske Turistforening (DNT) og ei er privat (Memurubu). Vidare har DNT ei sjølvbetjent hytte (Olavsbu) i nasjonalparken. Skagastølsbu som tidlegare var ubetjent hytte, er sett i stand og fungerer no som naudbu. I landskapsvernområdet er det tre betjente turisthytter (Skogadalsbøen (DNT), Vettismorki (privat) og Avdalen (Årdal Turlag)) og 4 ubetjente hytter, som alle er låst med DNT sin universalnøkkel (Ingjerdbu på Vettismorki, Gravdalen Seter, Stølsmaradalen og Vormeli). Samla har dei betjente og sjølvbetjente hyttene omlag 600 senger. Det er i dag DNT Oslo og omegn, den største lokalforeininga i DNT, som driv turisthytter, aktivitet og har ansvaret for rutenettet i Jotunheimen. I forvaltningsplanen vil DNT vere synonymt med lokalforeininga DNT Oslo og omegn.

Av turisthytter som ligg rundt og inn mot nasjonalparken kan nemnast Turtagrø Hotell, Sognefjellshytta, Krossbu, Jotunheimen fjellstue, Leirvassbu, Raubergstulen, Juvasshytta, Spiterstulen, Bessheim, Hindseter, Valdresflya ungdomsherberge, Bygdin Høyfjellshotell, Torfinnsbu, Fondsbu (på Eidsbugarden) og Tyinholmen, dei aller fleste med tradisjonar tilbake på 1800-talet.

Til saman er det omlag 300 km T-merkte fotturruter i verneområda. Dei fleste av desse vert kvista som skiruter før påske. I tillegg er det stiar som er varda og rydda. Sentrale innfallsportar er Gjende, Veodalen, Visdalen, Leirdalen, Sognefjellet, Turtagrø, Utladalen, Tyin, Bygdin og Valdresflya. Om sumaren går det bilveg til alle desse stadene. Sjølv med fleire stengde vinterveggar som Valdresflya, Sognefjellsvegen og fjellvegen Årdal Turagrø, er det god tilgang til områda også om vinteren.

Det har både i 1992 og 2002 blitt gjennomført ei brukarundersøking i nasjonalparken. Resultata viser ei endra bruk i denne perioden m.o.t. brukargrupper, typar turar og omfang. Sjå kap 7.1 for hovudkonklusjonar.

4. MÅL, UTFORDRINGER, PROBLEMSKILDRING OG STRATEGIAR

4.1. MÅL FOR FORVALTNINGA AV NASJONALPARKAR OG LANDSKAPSVERNOMRÅDE I NOREG

Dei store verneområda i Noreg varierer mykje både med omsyn til storleik, naturtype, dyre- og planteliv. Korleis områda vert nytta og bør nyttast t.d. til rekreasjon vil og variere mykje. Etter naturvernlova er det overordna målet å *«bevare urørte eller i det vesentlege urørte eller egenartede eller vakre naturtyper»* og *«landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminne skal vernes»* (nasjonalparkar) eller å *«bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap»* (landskapsvernområde).

Det er ei viktig målsetting at forvaltninga av nasjonalparkar og andre større verneområde skjer etter ein nasjonal, heilskapleg og framtidsretta strategi. Forvaltninga må skje i medhald av formålsparagrafen for det einskilde verneområdet. I Stortingsmelding nr. 62 (1991-92) er dei eksisterande nasjonalparkane delt inn i to kategoriar. Den eine kategorien er nasjonalparkar utan tilrettelegging for friluftsliv som delmål i forvaltninga. Den andre kategorien er nasjonalparkar med tilrettelegging for friluftsliv som delmål. Ormtjernkampen nasjonalpark i Oppland fylke er døme på den første kategorien. Nasjonalparkane Dovrefjell - Sunndalsfjella, Rondane, Jotunheimen og Jostedalsbreen er døme på den andre. I praksis er ikkje denne to-delinga av nasjonalparkane i høve til friluftslivet så skarp, sjølv om ei slik to-delning vil kunne fortelje ein del om korleis parkane bør forvaltast. Til dømes kan det i nasjonalparkar med friluftsliv som delmål vere område som bør skjermast mot tilrettelegging (DN-rapport 1996-3 «Forvaltning av nasjonalparkar»).

I nasjonalparkane og i landskapsvernområda ønskjer Noreg å ta vare på variasjonsrikdommen i den norske naturarven. Komande generasjonar har krav på å få opplev urørt natur og bli kjend med den norks naturarven, og forskarane må også i framtida kunne studere samspelet i urørt natur og i kulturlandskapet. Generelt er det eit mål å ta vare på den kvaliteten som urørt natur representerer ved å halde omfanget av inngrep og motorferdsel så lågt som mogleg, samstundes som områda skal gi høve til naturoppleving og friluftsliv.

I ”Fjellteksten” i revidert nasjonalbudsjett 2003 gjer regjeringa grei for korleis nasjonalparken kan brukast utan at dette skal gå utover verneverdiane, innanfor dei rammene naturvernlova og verneforskriftene set, særleg m.o.t. reiseliv. Soria Moria-erklæringa frå etableringa av dagens Regjering følgjer opp dette.

Det er viktig at dei kvalitetane og det særpreget som er i dei områda som grenser opp til verneområda og blir tekne vare på. I Stortingsmelding nr. 62 (1991-92) er dette understreka ved at «det hviler et stort ansvar på fylkesmenn, fylkeskommuner, og kommuner å forvalte arealene utenfor verneområdene slik at verneverdiene i de tilstøtende områdene kan opprettholdes gjennom den ordinære arealforvaltning etter plan- og bygningsloven».

4.2. MÅL FOR FORVALTNINGA AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Mål for forvaltninga av Jotunheimen Nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde framgår av framlegget til ny verneforskrifta § 3:

Ikkje endra enno«Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og

vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervising og forskning.»

For Utladalen landskapsvernområde: (verneforskrifta pkt. III):

Ikkje endra enno: «Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.»

Hovudmålet med nasjonalparken er ut i frå dette å sikre og å ta vare på naturen. I tillegg til det estetiske, til landbruket og til det vitskapelege, skal nasjonalparken og sikra ålmenta høve til rekreasjon og friluftsliv i tilnærma urørt natur.

I landskapsvernområdet er og hovudmålet å ta vare på landskapet. Eksisterande verksemd som tradisjonelt jord- og skogbruk m.v. kan i stor grad halde fram, dersom verksemda ikkje fører med seg inngrep som vesentleg kan endra landskapet sin «art og karakter».

4.3. UTFORDRINGAR OG PROBLEMSKILDRING

Naturkvalitetar – fråver av inngrep og unødvendig støy

Hovudutfordringa er å leggje opp til ei forvaltning som tek vare på naturkvalitetane, - og eventuelt forbetrar desse - på same tid som områda kan nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervising og forskning. Det inneber å ta vare på den urørte naturen med dyre- og planteliv og at områda blir skjerma mot inngrep og aktivitetar som kan redusere naturmiljøet og dei kvalitetane området har i dag. Uheldige inngrep/aktivitetar som har skjedd bør bli reparert/endra. Andre særleg viktige felt er omfanget av støy (motorferdsel) og tidlegare inngrep som kraftregulering.

Friluftsliv

Ut i frå verneformålet er det ei sentral målsetting å leggje til rette for det tradisjonelle norske friluftslivet. Dette friluftslivet er kjenneteikna ved naturvenleg ferdsel og omsynsfull bruk av fri natur (sporlaus ferdsel), der hovudsiktemålet er gode naturopplevingar. Områda må da forvaltast slik at det og i framtida kan vere mogleg å oppleve ro, stillheit med naturen sine eigne lydar og urørt natur når ein går fotturar, skiturar eller driv jakt og fiske. Tilrettelegginga for friluftslivet må og skje slik at det ikkje kjem i strid med verneformålet. Nye former for friluftsliv kan vere positivt, men kan også vere i konflikt med naturmiljøet og tradisjonelt friluftsliv t.d. pga slitasje, uroing av dyreliv, stor fart og ved å krevje står plass/luftrom.

Slitasje langs turistråka er det nokre stader i verneområda. På dei flatare partia er dette mest eit estetisk problem. I dei brattare partia er det gjerne også erosjon. I dei vestlege områda er det meste av slitasjen konsentrert til blaute område som myr, i dei austlege delane er det og i eit stort problem i bratte område. Det er ei utfordring både i høve til verneformålet og i høve til turgåarane at dette blir følgt opp på rette måten med naudsynt skjøtsel. Det er og ei utfordring å finna fram til gode måtar å vurdere bereevna til områda på.

Uroing av dyre- og fugleliv kan vere ein uheldig følge av friluftsliv.

Ferdsle og aktiviteten i verneområda vil truleg auke. Meir fritid, bygging av turistverksemdar, betre kommunikasjon/transport og marknadsføring vil medverke til dette. Mengda av ferdsel i dei ulike områda varierer mykje, men einskilde område peikar seg ut som særleg etterspurde. Tilrettelegginga i dei enkelte områda må tilpassast naturverdiane og etterspurnaden og leggjast opp slik at einskilde brukaren ikkje føler seg styrd.

Tilrettelegging for friluftsliv er eit virkemiddel i forvaltninga av verneområda gjennom kanaliseringa av ferdsla til område som toler ferdsel og utanom sårbar natur. Ein må likevel sjå til at tilrettelegginga ikkje vert for omfattande og utgjer for store inngrep i høve til verneformålet. Fleire turgåarar opplever tilrettelegginga som uromoment. Det er ei sentral utfordring å finna fram til ein tilretteleggingsgrad og ein tilretteleggingsstandard som går saman med verneformålet og som brukarane i størst mogleg grad er nøgde med.

Kulturminne

I område verna etter naturvernlova ligg tilhøva særleg godt tilrette for å ta vare på kulturminne i område som ikkje vil bli utsett for ein overvekt av inngrep frå nyare tid. Det er ei særleg utfordring å ta vare på kulturminne i sitt opphavlege kulturmiljø.

Motorferdsel

Motorferdsel i verneområda er lite ønskjeleg. Dette gjeld både motorferdsel på bakken, på vatn og i lufta. Slike aktivitetar gir uro og støy som reduserer opplevingsverdiane. Noko motorferdsel er likevel naudsynt og har eit nytteformål. Verneforskriftene og forvaltningsplanen legg opp til ordningar og reglar som reduserer mengda av motorferdsel og som gjev mindre konflikter i høve til brukarane og vernereglane. Fjellteksten i Revidert Nasjonalbudsjett 2003 viser til at motorferdsel kan øydeleggje dei kvalitetane vi ønsker å ta vare på i fjellområda våre

Informasjon

Informasjon har to særleg viktige formål: 1) informasjon om naturen generelt, om verneverdiar og kvifor ein vernar område, 2) om korleis bruke og oppleve naturen i området. Informasjon skapar haldningar og forståing for naturverdiane. Utfordringa er å finne fram til stader og til måtar å informere på som best mogleg når dei som treng slik informasjon, og at denne gjev auka naturforståing og motiverer for naturvenleg framferd. Noko informasjon bør vere retta til alle, medan annan informasjon har ei bestemt målgruppe. Norsk Fjellmuseum og Utladalen Naturhus gjev god informasjon om verneverdiar og kva ein kan oppleve i Jotunheimen.

Forskning og undervising

Etter verneformålet og vernereglane skal det innanfor områda i liten grad skje tiltak og aktivitetar som endrar naturmiljøet, slik at naturen utviklar seg mest mogleg utan påverknad frå menneska. Dette gjev gode føresetnader for å ha referanseområde for forskning om endringar i naturen, t.d. vegetasjonssuksessjon og langtransportert ureining. Utfordringa er at forskinga ikkje skal medføre tekniske inngrep og spor i landskapet eller medføre avfall, og vere i tråd med verneformålet som å gje auka kunnskap om verneområdet.

Undervising som formidlar kunnskap om naturmiljøet og naturvern og gjev auka forståing om naturvern er ønskjeleg når denne ikkje går ut over naturverdiane.

Landbruk

Landbruk i statsallmenningane er knytt til bruksrettar etter fjellova. Innafor verneområda er dette i dag beite med bufe. På privat grunn i Utladalen landskapsvernområde skal ikkje vernet vere til hinder for tradisjonell jordbruksdrift. Vernet skal heller ikkje vere til hinder for drifta av gardsbruka Vetti, Lauvhaugen, Flaten, Avdalen og Skåri, medrekna den turistnæringa som er ved nokre av desse bruka. Planar om endring av bruksformer som kan ha innverknad på landskapet sin art eller karakter, krev godkjenning frå forvaltningsstyresmakta. Moderne landbruksdrift kan ofte medføre inngrep og driftsmåtar som ikkje er i samsvar med verneformålet.

Bruk av områda til utøving av landbruk kan fleire stader vere ønskjeleg m.a. for å halde ved like tidlegare kulturpåverknad. Utfordringa her er å leggje høva til rette for at landbruket kan bruka desse områda utan at det går ut over naturkvalitetar og kjem i konflikt med verneformålet.

Reiseliv

Nasjonalparker og andre verneområde vert stadig viktigare for reiselivet. Reiselivet marknadsfører områda og har ønskje om å arrangere organiserte turar og arrangement. Det er riktig at bygdene som ligg inntil ein nasjonalpark som Jotunheimen på ulike måtar drar nytte av denne også i reiselivssamanheng. Utfordringar for reiselivet er å få ei reiselivsutvikling som er i samsvar med verneformålet og som ikkje reduserer eller øydelegg naturkvalitetane. Verneområda er viktige for reiselivet i området, jf. Fjellteksten i Rev. nasjonalbudsjett 2003.

Avgrensing

Areala i nasjonalparken er i hovudsak høgfjell. På sikt kan det vere aktuelt å vurdere om nasjonalparken bør utvidast slik at ein oppnår auka mangfald (fleire naturtypar) innafor det området som er verna, og at tilgrensande fjellområde vert inkluderte, for å få til ein betre heilskap. Fleire område i utkanten av verneområda har naturkvalitetar som gjer at det vil vere særleg uheldig om det skjer utbyggingar i desse. Sjå elles kap. 5.1.2. og 5.2.

4.4. STRATEGIAR

Naturgrunnlaget med flora og fauna (biologisk mangfald) og urørd (inngrepsfri) natur skal tilleggast særleg vekt.

Endringar i naturen kan skuldast naturlege variasjonar, menneskeleg aktivitet og kombinasjonar mellom desse. Synlege endringar kan skje gradvis og er over ei stutt tid ofte vanskelege å registrere. Forvaltninga må ha eit langsiktig perspektiv. Det er difor viktig at «føre var»- prinsippet blir tillagt stor vekt. Å vurdere alle saker i til dømes eit perspektiv på 200 år er ein av dei mest sentrale strategiane. I fleire høve kan det vere tvil om eit tiltak enkeltvis eller saman med andre tiltak kan gå ut over verneformålet. I slike høve skal tvilen kome naturkvalitetane til gode.

På grunn av endringar i området som auka ferdsel, nye brukargrupper og nye måtar å oppleve naturen på, må forvaltninga følgje godt med i naturtilstanden. Utviklinga vil vise om det seinare, ved rulling av forvaltningsplanen, kan bli aktuelt å endre retningslinene for forvaltninga og dispensasjonspraksis. Dette er noko av bakgrunnen for at det er naudsynt med ein revisjon av verneforskriftene.

Verdiar knytt til urørt natur, ro og stillheit skal sikrast. Unødig motorstøy skal unngåast

Naturkvalitetane i områda skal haldast ved like og betrast. Tidlegare inngrep i eit område skal ikkje vere noko argument for nye inngrep. Dyrelivet med villrein og deira leveområde skal takast vare på.

Strategiar for verneområda må ta omsyn til naturtilstanden i tilgrensande område. Både for innfallsportane og andre område som grenser inntil bør det bli laga strategiar og retningslinjer som er med på å styrke målsettinga for verneområda (jf. kap. 6.4.).

Forvaltningsstyresmakta treng og ønskjer eit godt samarbeid med kommunane, grunneigarane, lokalmiljøa og brukarane. Forvaltninga av verneområda må difor bygge på opa framferd, dialog og tillit.

Stadforståing skal leggast til grunn for forvaltninga av kulturminne. Dette inneber å prøve å sjå heilskapen og i kva for samanheng kulturminna finst.

Friluftslivet er viktig for å gi folk gode naturopplevingar og å bli glad i naturen. Det tradisjonelle norske enkle friluftslivet som fotturar og skiturar skal prioriterast i høve til nye måtar å ferdast i naturen på, som til dømes rafting, terrengsykling, kiting og paragliding. Med det tradisjonelle norske friluftslivet meiner vi eit enkelt og lite ressurskrevjande friluftsliv. Dersom «nye» måtar å ferdast i

naturen på (t.d. sykling fører til skade og/eller uroar naturmiljøet og dyreliv og kjem i konflikt med det tradisjonelle friluftslivet, må dei nye måtane vike.

Reiselivet har høve til å nytte nasjonalparken og landskapsvernområdet. Fotturar og liknande utgjer ein viktig del av reiselivet i området, t.d. overnatting og tilføring av handel i butikkar i kringliggjande tettstader og butikkar. Stortinget har avgjort at store reiselivsbygg skal leggjast utanom verneområde. Reiselivstiltak skal leggjast utanom verneområda når det er truleg at slike tiltak kan redusere dei verdiane for det enkle friluftslivet byggjer på. Eventuelle reiselivstiltak og organiserte aktivitetar skal ikkje føra med seg fysisk tilrettelegging inne i verneområda. Overnattingshyttene i området (i og utanfor verneområda) har lange tradisjonar, og det er viktig at dei utviklar seg på ein god måte i høve til verneformålet.

Verneområda er i forvaltningsplanen inndelt i ulike soner og teigar (kap. 6). Dersom eit tiltak i ei sone eller i ein teig kan få negative følgjer i ei tilgrensande sone med strengare strategi/retningslinjer, skal sona med den strengaste strategien/retningslinjene vere retningsgjevande for om tiltaket kan bli gjennomført.

Verksemder skal kunne utviklast og skje innafor ramma av verneformålet. Vernet skal vare langt fram i tid, og det vil vere vanskelig for forskrifta å forutsjå kva for nye tilhøve som kan dukke opp. Verneforskriftene skal vere tilpassa føremålet med vernet og skal sikre naturverdiane i området. Dei skal ikkje vere så vide at ein utan vidare kan seie at nye tiltak/aktivitetar er greit. Aktivitetar skal alltid vurderast i forhold til vernet, ikkje omvendt.

Stillheit og naturen sine eigne lydar er viktige i verneområde. Tiltak som kjem i konflikt med dette, t.d. motorstøy, skal unngåast.

5. SÆRLEGE PROBLEMSTILLINGER FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE MED TILGRENSANDE OMRÅDE

5.1. VERNEFORSKRIFTER OG VERNEGRENSE

Endringar av verneforskriftene og grensene for verneområda må på eiga høyring til grunneigarar, organ og organisasjonar på kommune-, fylkes- og nasjonalt nivå før Regjeringa gjer vedtak. Forvaltningsplan byggjer på dei reviderte verneforskriftene som er på høyring samstundes med framlegget til forvaltningsplan.

5.1.1. Verneforskriftene

Sidan dette framlegget til forvaltningsplan er utarbeidd i samsvar med framlegget til nye verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, som vert sendt på høyring samstundes, skal nemnast følgjande viktige endringar som er komne inn i dei nye verneforskriftene:

Verne av kulturminne er kome inn i verneformålet. Kulturminne har også fått eit eige punkt § 3, pkt 4 i verneforskrifta.

Etter gjeldande verneforskrift for nasjonalparken, p. IV 3.1.1., kan jakt på rein og hare og jakt og fangst på rype, kråke, ramn, fiskemåse, raudrev og mink foregå etter gjeldande reglar i viltstellovgjevinga. For å få vernereglane meir i samsvar med dei faktiske tilhøva er dette endra til at jakt og fangst kan foregå etter gjeldande reglar i viltlova, og at fiske kan skje etter lakse- og innlandsfiskeleva (§ 3, pkt. 3)..

I § 3, pkt. 5.2 (for nasjonalparken, tilsvarende for landskapsvernområdet) gjeld endringar for organisert ferdsel. Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet må ha løyve, og det gjeld t.d. større treningsopplegg, jaktprøver, øvingar, arrangement og konkurransar. Også ferdselsfomer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve. Det viktige er at det er mogleg å regulere eller styre ferdsel når denne, enkeltvis eller samla, kan vere til skade for naturmiljøet og verneformålet.

Ureining har no fått eit eige punkt i framlegget til ny forskrifter, og med det at avfall og overskotsmateriell skal takast ut av verneområda.

Etter verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområdet, p. V, skal det i kvar kommune som har areal i verneområda vere tilsynsutval for den delen av områda som ligg i vedkomande kommune. Ordninga med tilsynsutval har fungert godt og vore viktig med omsyn til lokalkunnskap og kontakt mellom lokalmiljøa og forvaltningsstyresmakta, og dermed for å få til ei god og heilskapleg forvaltning. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for tilsynsutvala sitt arbeid (vedlegg 4). Utvala har ei fellesamling i året. På bakgrunn av dei gode røynsleane med eit tilsynsutval i kvar kommune og fellesmøte ein gong i året, ikkje minst når det gjeld kontakt mellom forvaltningsstyresmaktene og lokalt/kommunane, går fylkesmennene inn for ordninga held fram.

I tillegg har det vore ønskeleg å ta med ymse interesseorganisasjonar meir aktivt i vurderinga av enkelte spørsmål. Dette gjeld særleg i høve til organisasjonar som representerer større brukargrupper/har særlege interesser i verneområdet. Dette har vore løyst ved at slike organisasjonar, m.a. Den Norske Turistforening (DNT) har vore inviterte til fellessamlinga som blir arrangert ein gong kvart år. Organisasjonane har då talerett i desse møta. Dette har fungert svært godt og bør halde fram.

Gjeldande verneforskrifter for både landskapsvernområdet og nasjonalparken manglar standardpunkt i verneforskrifta om at *«forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving»*. Dette er teke inn i framlegget til nye verneforskrifter.

5.1.2. Vernegrensene og verneverdiar

Før Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta var det fleire grenseforslag. Dei grensene som vart vedtekte fekk fleire stader ei uheldig utforming i høve til at viktige naturkvalitetar ikkje vart med i verneområda. Dette skuldast i første rekkje eigedomstilhøva og utbyggingar/inngrep som hadde skjedd før vernet vart vedteke. Det har gått meir enn 35 år sidan verneområda vart oppretta, noko som har gjeve meir erfaring og kunnskap om områda. Dette kan, vurdert ut i frå naturvernomsyn, gje grunnlag for grenseendringar/grensejusteringar. I tillegg har presset på naturområde som grensar til verneområda auka mange stader dei seinare åra. Jf også St.meld. nr. 62 (1991-92) som omtalar kor viktig det er å ta vare på tilgrensande område til nasjonalparkane.

Fleire høyringsinstansar har elles bede om at det blir sett igong arbeid med utviding av nasjonalparken og landskapsvernområdet, m.a mot Sognefjellsvegen og i samband med fotturar frå bil (car walks).

Følgjande område kan vere aktuelle for utviding av verneområda ein gong i framtida på grunn av store naturkvalitetar her, utan at det pr. i dag ligg føre noko formelt framlegg om utvida vern, berre ei påpeiking av verdiar.:

Valdresflya vest og Øvre Leirungsdalen

Området på sørsida av Gjende, Øvre Leirungsdal-området, peikar seg ut som eit område det ut frå naturverdiane kan vere ønskjeleg med grenseendringar. Området grensar opp til eit område utan tilrettelegging og inngrep (jf. kap. 6.3.2.). Utviding av nasjonalparken ned mot vegen over Valdresflya i Vang, Øystre Slidre og Vågå kommuner ville gje eit meir heilskapleg og naturleg samanhengjande «villmarksområde». Vidare ville verneområdet fått auka mangfald ved at fleire landskapsformer, gode fuglebiotopar og frodige plantesamfunn (høgstaudeeng) hadde kome med. I tillegg ville dette trekke nasjonalparkgrensa nærare Nasjonal Turistveg over Valdresflya med dei moglegheter dette vil gje i reiselivssamheng. Aktuell verneform dersom naturvernlova er aktuell, kan vere nasjonalpark.

Nord for Bygdin

Området mellom Bygdin/Tyin og nasjonalparkgrensa er eit anna område som har stor verdi i høve til nasjonalparken. Landskapsmessig høyrer dette til dei sentrale Jotunheimfjella med høgalpint, vilt, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap, jfr verneformålet. Størstedelen av dette arealet er og klassifisert som "inngrepsfrie naturområde jfr. DN's kartlegging. Eit vern i dette området ville gjeve eit meir naturleg samanhengande "villmarksområde" mot Øvre Leirungsdal-området. Faren for eventuelle uheldige arealdisponeringar opp mot nasjonalparken i framtida ville og blitt mindre. Området ligg i Vang kommune dels på privat grunn og dels på statsgrunn. Aktuelle verneformer dersom vern etter naturvernlova er aktuell, vil mest truleg vere nasjonalpark.

Sjødalen vest

Området i Sjødalen kring Besstrondfjellet Hindflyene – Veofjellet aust for Nautgardstind. Større inngrepsfritt område med særkilt ravine/elvelandskap og geologiske avsetningar. Aktuelle verneformer er nasjonalpark/landskapsvern.

Smådalen, Lauvhø og Kvittingskjølen

Delar av området har rik og spesiell fuglefauna og er verna som naturreservat (Smådalsvatni NR). Traktorveg går gjennom deler av Smådalen, og det er en del setre i dette området. Utover dette er Gokkerdalen, Lauvhø, Einsteinshovde og Kvittingskjølmassivet fjellområde som har status som

inngrepsfrie naturområder jf. DN si kartlegging. Området er viktig beiteområde for tamreindrifta i Lom. Aktuell verneform er nasjonalpark/landskapsvern i kombinasjon med eksisterande naturreservat.

Juvflya - Visdalen

Eit anna område som i framtida bør vurderast å verna, er Juvflya-Svartkampen-Raudkampenområdet og delar av Visdalen. Området viser stort samla mangfald både i kvartærgeologi (polygonmark) og vegetasjon (snaufjell-bjørkeskog og bjørkeskog-furuskog). Området ligg i Lom kommune dels på privat grunn og dels på statsallmenning. Aktuelle verneformer dersom naturvernlova er aktuell, kan vere landskapsvernområde eller nasjonalpark. Lom kommune har under arbeid ein reguleringsplan for skisenteret på Juvbreen og tilgrensande område.

Storgjuvbreen – Leirdalen

Området frå Storgjuvbreen og Sauhøi i Leirdalen har fleire kvartærgeologiske verdfulle område med store landskapskvalitetar og utgjer ein del av heilskapen i landskapet i Galhøpiggområdet. Aktuell verneform er nasjonalpark/landskapsvernområde.

Nord for Smørstabbtindane med Loftet

Landskapsmessig høyrer dette til dei sentrale Jotunheimfjella med høgalpint, vilt, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap, jf. verneformålet. Størstedelen av dette arealet er og klassifisert som ”inngrepsfrie naturområde jf. DN si kartlegging. Det er knytt store vitskaplege interesser til Storebreen i Leirdalen. Loftet blir nytta til eit lokalt ski/telemarksrenn. Aktuell verneform er nasjonalpark.

Fantestein

Fantestein er ein plass med segner knytt til seg og ein populær stoppeplass. Det kan vere aktuelt å trekkje grensa ned mot Fantestein, noko som og kan vere interessant for etablering av ein kort fottur frå bil (car walk). Aktuell verneform er nasjonalpark.

Vest for Steindalsnosi ned mot Sognefjellsvegen

Dette er eit mindre område som er interessant m.o.t. geologi. Området er også aktuelt for etablering av korte fotturar frå bil (car walks). Aktuell verneform er nasjonalpark.

Kring Berdalsfjellet nordvest for Soleibotntindane

Dette er eit mindre område som i dag ikkje har fullgod avgrensing i høve geologiske verneverdiar. Området er også i bruk av villreinen om vinteren og våren, samstundes som det er nokre område som kan vere aktuelle for korte fotturar frå bil (car walks). Aktuell verneform er nasjonalpark.

5.2. OMRÅDE SOM GRENSAR TIL VERNEOMRÅDA

Område som grensar til verneområda er ikkje ein del av forvaltningsplanen fordi dei ligg utanfor verneområda. Areal her vert forvalta av kommunane som ansvarleg styresmakt etter plan- og bygningslova (PBL). Areal i tilgrensande område til verneområda i nasjonalparken er likevel viktige i høve til sjølve verneområdet og forvaltninga av desse. Her er oftast store naturkvalitetar, og områda er innfallsportar til nasjonalparken og landskapsvernområdet. Større utbyggingar og inngrep tett opp til vernegrensa kan føre til at verneområda blir utsette for uheldige påverknad som slitasje, støy og uro. Det at eit område har fått vernestatus gjev og signal om forvaltninga av dei areala som grensar til.

Det er difor viktig at område som grensar til ein nasjonalpark vert sikra ei heilskapleg, langsiktig og forsvarleg forvaltning av kommunane gjennom aktiv bruk av dei verkemidla som finst i plan- og bygningslova (PBL).

Fylkeskommunen og fylkesmannen har eit overordna planansvar i høve til plan- og bygningslova, dvs. sjå til at kommunane si arealplanlegging er i samsvar med nasjonale og regionale mål og retningslinjer. Fylkesmennene oppmodar at kommunane i sine vedtak som gjeld desse områda tek

særlege omsyn til verneområda. Ved utarbeiding og rullering av kommuneplanar vil det vere ei sentral oppgåve å koma med meir konkrete og faglege tilrådingar til kommunane med tanke på planprosessane etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen kan kome med motsegn til planar og vedtak i kommunane dersom dei er uakseptable i høve til verneområda.

Generelt bør ein vere varsam med bygging av landbruksvegar og andre varige inngrep i område som grensar til verneområda. Det bør stillast strenge krav til utforming og landskapstilpassing ved eventuelle tiltak og inngrep.

Både Rv 55 over Sognefjellet og Rv 51 over Valdresflya er nasjonale turistveger. Her har Statens vegvesen satsa spesielt på tilrettelegging for turistar med rasteplassar, P-plassar og informasjon om verneområda, kulturhistorie og andre interessante attraksjonar, og med gjennomført stilreint design og materialbruk.

6. SONEINNDELING AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

6.1. KATEGORIER FOR SONEINNDELING

I ein forvaltningsplan der ein skal ta vare på verneformålet samstundes som ein skal leggje til rette for bruk som let seg sameine med dette formålet, er det føremålstenleg å dele verneområda inn i soner. For dei enkelte sonene vert det laga eigne strategiar og retningslinjer som skal vere med på å sjå til at måla blir nådd. Vern av naturmiljøet (landskap og biologisk mangfald) er likevel overordna for alle sonene, og verneforskriftene er dei same for heile området. Det er praktiseringa av verneforskriftene som vil variere mellom dei ulike sonene. Sonene kan igjen delast i teigar med særskilte retningslinjer.

I forvaltninga av nasjonalparker i Noreg blir desse sonene nytta:

Vernesone

Som oftast er dette villmarksprega område der naturvernomsyn skal vere overordna andre interesser. Her er det få spor av nyare inngrep, og det er ønskjeleg i framtida å halde områda utan inngrep. Merking av stiar og bygging av (turist-/ turlags-) hytter vil ikkje bli tillate her. Evt. tilrettelegging vil berre bli tillate der det er gamle ferdselvegar eller enkelt merkte stiar med noko ferdsel. Å ta vare på høvet til å oppleve urørt natur med naturene sine eigne lydar utan (motor)støy, eller å ivareta dei formene for friluftsliv som baserer seg på at det er tilgang på slike område, vil ofte vere ein viktig del av grunngevinga for ei særleg streng forvaltning. Behovet for streng forvaltning gjeld sjølv om det er noko tilrettelegging i området. Å oppleve urørt natur vil vere ein viktig verdi for dei som ferdist i området. Det skal vere ein streng praksis i forhold til nye tiltak. Innan sona vild et bli stilt strenge krav til mest mogleg natur- og landskapstilpassing dersom det likevel blir gjeve løyve til eit tiltak. Der stiar utgjer gamle ferdselsvegar må kulturmiljøomsyn takast. Omlegging av stiar kan vere aktuelt for å skåne sårbare naturverdiar. I utgangspunktet bør denne sona gjelde større areal. Det kan og markerast særskilt sårbare område innan sona. Område med urørt natur der naturen sine eigne prosessar skal gå mest mogleg upåverka, høyrer heime her. Eit godt døme er kjernområdet i ein nasjonalpark. Å kunne oppleve naturen sine eigne lydar og stillheit, utan (motor)støy er ein svært viktig kvalitet.

Brukssone

Dette er område der forsiktige tiltak, tilrettelegging og inngrep for det enkle friluftslivet kan tillatast, som merking av stiar og bygging av sjølvbetjente/ubetjente turlagshytter innafor eit planlagt rutenett. Hytter og stolar med og utan drift kan liggje i denne sona. Det same gjeld område der det er opna for hogst, og enkle tiltak i tilknytning til reindrift og husdyrbeite. Sona kan bli nytta til både mindre og større areal. I samband med tyngre tilrettelagde stiar, kjerrvegar, køyretrasear, gjerde og liknande, kan sona ugjere ein smal tarm gjennom landskapet. Det kan også vere aktuelt å opne for bestemte tiltak og aktivitetar med spesielle behov, og samstundes vere restriktiv overfor andre interesser. Eit døme er at ein vil opne for drift av setre for å ivareta verdiane i kulturmiljø og landskap, men ikkje for andre tiltak som kan redusere verneverdiane eller vanskeleggjere drifta. Uttak av skogsvirke og brensel som vert tillate etter ein godkjent plan, er eit døme. Også sentrale innfallsportar til verneområda, beiteområde for bufe/tamrein og lett tilgjengelege turmål er døme på brukssone. Omsyn som slitestyrke på vegetasjon og særlege verneverdiar må vurderast. Naturbasert turisme er mogleg så lenge det gjeld ferdsel som ikkje fører til nye inngrep og tilretteleggingstiltak.

Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep

Dette gjeld område der ein kan leggje forholda spesielt til rette for ferdsel og kan opne for spesielle tiltak knytt til reiseliv, reindrift m.m.. Område der det er gjort store tekniske inngrep, t.d. regulerte vatn, høyrer med i denne sona. Oftast utgjer sona mindre område av heilt spesiell interesse for tilrettelegging eller tiltak.

6.2. KRITERIA FOR SONEINNDELING

Følgjande kriteria bør vurderast når ein skal avgjere kva for sonekategori som skal nyttast for eit område i forvaltningsplanen:

- naturkvalitetar og sårbarheit
- kartfesting av inngrepsfrie område
- omfanget av inngrep (vegar, hytter, stiar, slitasje, master m.m.)
- bruk av området (ulike typar og omfang av bruk, ferdsel og møtepunkt/konfliktar mellom ulike brukarar)
- storleik på områda og topografiske tilhøve
- tilgjengelegheit (avstand frå innfallsport, kor vanskeleg terrenget er å ferdast i mv)
- (grad av) tilrettelegging for friluftsliv (bør byggje på dagens ferdselsmønster, men må tilpassast endringar som er naudsynte for å ta vare på naturkvalitetane)
- spesielle omsyn til fauna og vegetasjon
- behov for å skjerme sårbare område i høve til ferdsel og anna verksemd
- omfang og konsekvensar av utfart og større tilretteleggingstiltak for reiselivet utanfor verneområdet
- førekomst av kulturminne avgjer ikkje sonekategori for eit område, men bruken av eit kulturminne kan gjere det
- kulturlandskap som blir skjøtta høyrer heime i brukssone eller sone med spesielle inngrep og tilrettelegging, alt etter omfanget av skjøtsel og kor området ligg i høve til inngrep og/eller urørt natur
- årstidsvariasjonar bør vurderast med omsyn til bruk og sårbarheit

I tillegg er følgjande forhold vektlagt i soneinndelinga:

- i eit urørt naturområde vil den første bruken relativt sett påverke området meir enn seinare bruk. Eit område som er mykje brukt, blir relativt mindre påverka ved tilsvarande auke i bruk. Det er difor eit sentralt virkemiddel å kanalisera ferdsla for å spare urørte eller tilnærma urørte område.
- det er eit mål å leggja tilhøva til rette for flest moglege sider ved det tradisjonelle norske friluftslivet. Naturverdiane som det tradisjonelle friluftslivet er tufta på, må sikrast så godt det let seg gjere
- i dei sentrale stroka av verneområda og i område som framleis er tilnærma urørte, bør det generelt visast varsemd med tilrettelegging.
- tilrettelegging for friluftslivet bør bygge på det ferdselsmønsteret og dei turrutene som alt er i området.
- større organiserte ferdselsopplegg og arrangement skal i hovudsak leggjast til brukssoner og/eller område som har tradisjon for dette.

6.3. OMTALE AV SONEINNDELINGA I ULIKE DELAR AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Kartet som ligg ved (vedlegg 11) syner sone- og teiginndelinga i området.

6.3.1. Vernesone

I denne sona er det store samanhengjande område med tilnærma urørd natur. Målet er å unngå meir tilrettelegging og nye inngrep i desse områda. Det ligg ei ubetjent turisthytte heilt utkanten av sona, Vormeli. Det er svært få merkte stiar i denne sona.

Overordna strategi for sona:

Ressursane urørt natur, ro og stillheit skal prioriterast. Nye tiltak og inngrep skal i utgangspunktet ikkje skje. Løyve til tilrettelegging kan berre gjevast unntaksvis og i svært spesielle tilfelle når dette vil fremje verdiane knytt til urørt natur, ro og stillheit.

Teig 1: Øvre Leirungsdal-området

Området ligg i Vågå kommune mellom Gjende, Svartdalen og nasjonalparkgrensa. Arealet utgjer omlag 92 kv.km (omlag 6% av verneområda). Knutshø ligg også i denne teigen. Der Leirungsåa renn ut i Gjende er det 2 hytter. Vidare er det ei steinbu (Rathbonebua) på høgdedraget mellom Gjende og Øvre Leirungsvatnet. Denne bua som vart bygd på 1850-60 talet, er restaurert av Vågå historielag.

Området er prega av den frodige Leirungsdalen som sprengjer seg inn mellom høge tinderekkjer. Den høgste fjelltoppen er Knutsholstind (2341 m.o.h.). På båe sidene av dalen er det fleire brear, m.a. Leirungsbreen, Skarvflyløyftbreen og Steinflybreen. Vidare er det fleire små vatn i området. Frå gamalt av er Leirungsdalen kjent som ein god beitedal.

Vegetasjonen i sjølve dalen er prega av plantesamfunn med snøleie. På nordsida er det frodig vegetasjon med godt innslag av kalkkrevjande planteartar. Plantesamfunna har frå liten til moderat slitestyrke. Noko av vegetasjonen har sein rehabilitering. Det som elles dominerer området, er bart fjell, blokkmark og brear.

Gjennom Leirungsdalen går det ein sti der T-merkinga vart teke bort i 1999 som oppfølging av forvaltningsplanen. Det er framleis ein del ferdsel langs denne stien til Svartdalen, men slitasjeproblema er mindre.

Frå omlag 15. april då vegen over Valdresflya blir opna er det stor skiutfart i området. Dette er eit uromoment for faunaen i området. P-plassar langs vegen over Valdresflya avgjer kor ferdsla går ut i naturen i området.

Knutshø har lenge vore eit mykje besøkt turmål, og det går ein umerkt sti over fjellryggen og tilbake langs øvre Leirungen. Nyare kunnskap om området viser at det er sårbare artar i og ved Knutshø. Med bakgrunn i dette og i høve til våtmarksområda i Øvre Leirungsdalen er vernesona utvida slik at heile Knutshø er med. Det vil ikkje bli lagt opp til meir tilrettelegging/merking av ruta over Knutshø. Turen er krevjande med nokre utsatte punkt, og det har vore fleire redningsaksjonar i området. Tiltak for å ivareta tryggleiken er difor gjort med m.a. vegvisarpil på kritisk stad. Informasjon om denne fotturen må få klart fram at den krev meir erfaring enn vanlege T-merkte ruter. Området er spesielt sårbart fyrste halvdel av sommaren.

Retningslinjer:

Inga ny tilrettelegging eller nye inngrep. Stien gjennom Leirungsdalen skal ikkje vere merkt. Marknadsføring av ruta over Knutshø må tilpassast vanskegrad og sårbarheit i området. Ruta vil ikkje bli merkt, men det er gjort enkle tiltak for å hjelpe folk så dei ikkje går feil. Omfanget av ferdsel i høve til fauna og slitasje må følgjast nøye.

Teig 2: Memurutind-/Memurubreområdet

Denne teigen ligg i Lom og Vågå kommunar mellom Storådalen, Skautflya/Veodalen, Russdalen og Memurutunga. Arealet er på omlag 105 km² (omlag 7% av verneområda) og er det området i nasjonalparken som har mest villmark (meir enn 5 km frå næraste veg, kraftregulering, fast busetnad).

Det meste av arealet ligg meir enn 1800 meter over havet. Området er karakterisert av brear (omlag 50% av arealet) og kvasse tindar. Dei mest kjende breane er Austre Memurubre, Vestre Memurubre og Hellstugubreen. Den høgste fjelltoppen er Surtningssui (2368 m.o.h.).

Innanfor teigen er det ein merkt sti frå Memurudalen og opp på Surtningssui. Memurubu turisthytte utførte denne merkinga før nasjonalparken vart oppretta og er såleis ansvarleg for denne. Steinbua frå 1899 på ca. 2200 moh på Surtningssui frå er eit interessant kulturminne som no er i forfall. Ved Austre Memurubre har Lom Røde Kors Hjelpekorps ei naudbu, og ved Hellstugubreen har Norges Vassdrags- og Elektrisitetsdirektorat (NVE) ei bu (låst) som er nytta i samband med registreringar. Glitterheim turisthytte har tradisjonar for føring av turistar i området. Fjellføring skjer på Veobreen og på Styggehøbreen frå Glitterheim. Det er også føring av turistar frå Memurubu, mest til toppen av Surtningssui. På forespurnad skjer det også noko føring frå Spiterstulen til Memurutind/Surtningssui-området.

Retningslinjer:

Inga ny tilrettelegging eller inngrep.

Teig 3: Glittertind-/Trollsteinkvolv-området

Området ligg i Lom kommune mellom nasjonalparkgrensa, Veodalen og stien som går frå Glitterheim til Spiterstulen. Området er eit stort naturområde utan moderne inngrep. Innanfor området er det fleire minne etter eldre fangstkultur. Delar av området er ettertrakta i samband med småviltjakt. Arealet er på omlag 84 km² (omlag 6% av verneområda). Stien frå Glitterheim over Glittertinden til Visdalen og Spiterstulen, som er merkt med unntak av brekappa på toppen, er ei mykje nytta turrute.

Glittertind (2464 m.o.h. med brekappe, 2452 moh utan) er det høgste fjellet i området. Tidlegare var Glittertind, medrekna snø- og iskappa på toppen, det høgste punktet i Noreg. Området nord for Glittertind er særleg vilt med djupe botnar og fleire vatn og isbrear. Området har såleis store kvartærgeologiske kvalitetar.

Vegetasjonen veks i hovudsak opp til omlag 1700 m.o.h. Dei vegetasjonstypene som dominerer er frostmarker av le- og rabbetype. På Bukkeflyi opp mot Smådalshø strekkjer det seg frostmark med sterkt polygonpreg opp til over 1800 m.o.h.. Innslag av rikare vegetasjonstypar finst spreidd. Vegetasjonen er dominert av plantesamfunn med liten slitestyrke og sein rehabilitering. Kanalisering av ferdsla til området ved tilrettelegging vil raskt kunne redusere den spesielle "mystikken" området har.

Glitterheim turisthytte har tradisjonar for føring i området, særleg til Glittertind. Omfanget av føringa har ikkje vore like stort som til Surtningssui i Teig 2. NVE har ei hytte (låst) ved Gråsubreen.

Retningslinjer:

Inga tilrettelegging eller inngrep.

Teig 4: Hurrungane-området

Området ligg i kommunane Luster og Årdal mellom nasjonalparkgrensa i nord og vest, grensa for landskapsvernområdet i sørvest, Utladalen og Gjertvassdalen. Arealet er på omlag 115 km² (omlag 8% av verneområda). Området har store naturkvalitetar. Her er nokre av dei villaste fjellområda i Noreg og fleire brear. I Utladalen er det stort biologisk mangfald.

I området er det ei hytte på Skagastølsbandet (Skagastølsbu, bygd 1894) som tilhøyrrer Den Norske Turistforening. Den vart sett i stand gjennom omfattande vedlikehald i 2003, men vart samstundes nedlagt som ubetjent turisthytte, og fungerer difor i dag som naudbu. T-merkinga av stien i Midtmaradalen vart fjerna på siste halvdel av 1990-talet av omsyn til villreinen i området, og det same

med ein vaier, som ofte var nedsnødd, som hang på det brattaste partiet for å kome ned i Midtmaradalen. Også T-merkinga i Styggedalen vart fjerna av omsyn til villreinen. Det er merkt sti fram til Skagastølsbreen frå Turtagrø. Norsk Tindeklubb har ei hytte rett utafor nasjonalparkgrensa i Skagadalen. Her har det vore slitasje- og søppelproblem tidlegare pga mykje telting, men tilhøva har vorte betre frå årtusenskiftet.

Hengjedalane som går ut i Utladalen, var tidlegare viktige beitedalar for bufe. Ved munningane i nokre av hengjedalane er det eldre setrer som i dag dels er restaurerte og står opne for turgåarar (Gravdalen og Stølsmaradalen) som ubetjente turisthytter. Desse setrene ligg like utanfor sona, i teig 12 Heimre Utladalen. Området som er avgrensa i teig 4 Hurrungane, framstår i dag som eit i hovudsak urørt og ikkje tilrettelagt naturområde. Vormeli i Utladalen er einaste (ubetjent) turisthytte som ligg i sona.

Hurrungane-området er det villaste og mest alpine fjellområdet i Jotunheimen. Området er særprega av kvasse eggjar, spisse toppar, djupe botnar og fleire brear. Den høgste fjelltoppen er Store Skagastølstind («Storen» 2403 m.o.h.). Området har frå gammalt av ein eigen aura for fjellklatrarar. Frå Skagastølsbu til ”Hjørnet” vil villvardar bli fjerna, og nye små vardar på eggja bli sett opp av omsyn til tryggleiken og kanalisering av ferdsla.

Den villaste og mest utilgjengelege delen av gjelet i Utladalen (mellom heimre og øvre Utladalen) er no med i sona. At eit lågareliggjande område er så utilgjengeleg og lite nytta av menneske gjer at det særleg interessant for å ivareta det biologiske mangfaldet. Området i Utladalen går frå der Vettisfossen renn saman med Utle og opp til Gjertvasselvi, slik at den ubetjente hytta Vormeli er med i denne sona.

Hurrunganeområdet er viktig for villreinen. Det er difor viktig at det ikkje vert gjennomført tilretteleggingstiltak som fører til auka ferdsel, og at tiltaka medverkar til at ferdsla held seg på faste stader. Det bør bli sett opp vardar som syner varestaden over Midtmaradøla for å unngå at folk vandrar på vestsida av elva (m.a.o. at dei berre vandrar på ei side: austsida). Det er viktig at stien er godt markert ved starten ned mot Utladalen ved Kyrkjestigen. Vegvisarpilen frå stien mellom Skogadalsbøen og Vetti mot Vormeli bør fjernast å halde nede omfanget av ferdsel i området. Brua over Utle vart undersøkt for nokre år sidan og er i god nok stand dersom vanleg vedlikehald vert gjennomført.

Frå Turtagrø har det i mange år vore arrangert turar med førar til Store Skagastølstind og til Skagastølstind-området. Det har og vore arrangert slike turar frå Skogadalsbøen turisthytte. Dei seinare åra har det vore arrangert telemarksrenn frå Dyrhaugsryggen.

Det er stor pågang for å drive fjellføring og kursverksemd i området. Det er viktig at den organiserte ferdsla ikkje vert så stor at den kjem i konflikt med naturkvalitetane i området og/eller fortrengjer dei som går tur på eiga hand.

Retningslinjer:

Inga ny tilrettelegging eller inngrep. Det skal takast særskilt omsyn til villreinen i området. Stien frå Gjertvassdalen til Vormeli kan ryddast, men ikkje merkast. Stiane gjennom Styggedalen og Midtmaradalen skal ikkje merkast opp på nytt. Det kan arrangerast telemarksrenn frå Dyrhaugsryggen på visse vilkår. Vormeli skal ikkje marknadsførast unødig.

6.3.2.Brukssone

Brukssone gjeld alt areal i nasjonalparken utanom vernesona, med unntak av nokre små område som er definerte som soner med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Mange stader i brukssona er det relativt høg tilretteleggingsgrad. Målt på kart er det omlag 300 km med merkete stiar. I brukssone er det 7 betjente turisthytter (Glitterheim, Memurubu, Gjendebru,

Skogadalsbøen, Avdalen gard (sommar), Vetti gard (sommar), Fanaråken (sommar)), 1 sjølvbetjent hytte (Olavsbu) og 3 ubetjente hytter (Ingjerdbu, Gravdalen, Stølsmaradalen). Fremre Hjelledalen vart nedlagt som ubetjent hytte på slutten av 1990-talet. Dei betjente hyttene, med unntak av Fanaråken, har sjølvbetjeningskvarter når den betjente delen er stengd.

Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.

Brukssona omfattar fleire attraktive og lett tilgjengelege turmål som er særleg sentrale i samband med reiseliv og fjellføring, m.a. til Uranostind frå Koldedalen. I nokre område av sona er det tradisjon med føring av turgåarar. I nokre område er det særlege interesser i høve til tidlegare bruk kulturlandskap, m.a. kring Gjendebu, og Heimre Utladalen. Her er det utarbeidd eigne skjøtselsplanar. I nokre område i brukssona kan det gjevast løyve til ulike arrangement , sjå omtale under teiginndelinga nedanfor (teig 5 til teig 10).

Overordna strategi for sona:

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.

Teig 5: Olavsbu-/Mjølkedalsbre-området

Teigen omfattar området mellom Gravdalen, nasjonalparkgrensa, Uranosbreen, Veslådalen og Storådalen. Den sjølvbetjente DNT-hytta Olavsbu ligg sentralt i området. Dei mest nytta turrutene går gjennom Raudalen (Gjendebu, Olavsbu, Skogadalsbøen) og frå Eidsbugarden til Olavsbu. Det er relativt mykje vegetasjonsslitasje langs turruta frå Olavsbu mot Grisletjern (Gjendebu). Teigen utgjer store delar av dei sentrale stroka i verneområda.

Den merkte stien mellom Raudalen og Skogadalen over pkt. 1617 vart nedlagt som merkt sti på 1990-talet av omsyn til villreinen. Villreinen held seg no vest for Utladalen. Fylkesmannen går inn for at stien kan merkast, men at den kan bli lagt ned som merkt sti dersom villreinen byrjar bruke områda aust for Utladalen.

DNT har teke opp at det kan bli aktuelt å utvide kapasiteten (lager og evt overnatting) på Olavsbu. Fylkesmannen er innstilt å sjå på dette dersom det kan påvisast mangel på kapasitet over lang tid.

Retningslinjer:

Stien over pkt. 1617 mellom Raudalen og Skogadalen kan merkast, men det skal vurderast å fjerne merkinga dersom villreinen tek i bruk tilgrensande område, aust for Utladalen. Elles inga ny stimerking og anna tilrettelegging. Vurdere evt. utviding av Olavsbu.

Teig 6: Gjende aust-/Besseggen-/Besshø-området

Besshø-området er eit variert naturområde med fjelltoppar som er lett tilgjengelege heile året. Fjelltoppane er attraktive turmål både sommar og vinter.

Turruta mellom Memurubu over Besseggen er den mest nytta turruta nasjonalparken og er av landets mest besøkte turistrute i fjellet. Truleg er mellom 40.000 og 50.000 personar innom denne turruta i løpet av sommarsesongen. På stien opp frå Memurubu og opp frå Gjendesheim er det stor markslitasje med erosjon. Det er gjennomført fleire skjøtselstiltak på desse bratte partia, tiltak som ikkje har vore tilstrekkelege, men som likevel har demma opp for erosjonen i nokon grad. Det vart i 2005, i

samarbeid mellom DNT, SNO, Fylkesmannen i Oppland og fjellstyra i Lom og Vågå sett i gong eit stort fleirårig prosjekt for å rette opp skadene og lage ein sti med ein standard som er tilpassa omfanget av ferdsla og for å stanse erosjonen, sjå pkt. 8.3..

Mellom Gjendesheim og Memurubu går det rutebåt. Det har til no ikkje vore avgrensingar på tal turar på denne strekninga innafor rammeløvet. Ny båt med større kapasitet vart godkjend for drift frå 2006. (jf. kap. 8.4 og 8.15.).

Det går ein brukbar sti med noko varding rundt Bessvatnet til Besseggen. DNT ønskjer å merke denne. Fylkesmannen vil tilrå at stien T-merkast, sjå elles omtale under kap. 8.5.

DNT har teke opp moglegheit for å byggje ny sjølvbetjent hytte mellom Glitterheim og Bessheim. Fylkesmannen ser ikkje dette som ei god løysing, jf kap. 8.2.

Retningslinjer:

Stien frå Memurubu over Besseggen til Gjendesheim kan framleis nyttast som ein hovudattraksjon i nasjonalparken, og er prioritert med eit stort prosjekt m.o.t. skjøtsel og tiltak for å redusere/reparere markslitasje og erosjon. Merking av sti rundt Bessvatnet kan få løyve. Det er ikkje aktuelt å tillate bygging av ny hytte langs stien Glitterheim-Bessheim

Teig 7: Galdhøpiggen-området

Området har store naturkvalitetar som det høgastliggjande med mektige tindar, mange brear og breavsetningar. Området er svært attraktivt for friluftsliv. Galdhøpiggeven gjer området lett tilgjengeleg om sommaren. Denne vegen er bygd fram til Juvasshytta og Galdhøpiggen Sommerskisenter. Frå skisenteret er det bygd skiheis på Veslejuvbreen opp mot nasjonalparkgrensa. Lettaste tilkomst til området om vinteren er frå Spiterstulen når vegen hit er open.

Sjølve Galdhøpiggen er som det høgaste fjellet i Noreg (2469 moh) eit av dei mest attraktive turmåla i nasjonalparken. Enkelte dagar kan det vere opp til 1000 personar der. I løpet av sommaren er det rekna med at nærare 30.000 personar kjem opp på toppen.

Om sommaren er det turar med førar over Styggebreen og Svellnosbreen opp til Galdhøpiggen. På Svellnosbreen blir det og arrangert egne breturar. På toppen av Galdhøpiggen er det ei hytte med kiosk, eigd av Juvasshytta. I staden for bruk av aggregat til drifta av kiosken bør andre løysingar vurderast. Med det høge talet på fotturistar som kjem på toppen av Galdhøpiggen kvart år, er det behov for ei eller anna form for toalett her i tilknytning til hytta. Eigarane av kiosken, kommunen, forvaltningsstyresmakta og oppsynet vil måtte avklare ansvar for oppføring og drift av eit eventuelt toalett.

Trass i oppryddingar dei siste åra er det framleis ein del skrot i området. Det store besøkstalet gjev m.a. turleiarane og breførarane ei stor utfordring m.o.t. informasjon og haldningsskapande arbeid.

Trass i tilbodet om turføring til Galdhøpiggen og åtvaringsskilt mot å gå åleine på Styggebreen, er det kvart år mange turgåarar som tek turen utan å gå i taulag på breen. I området, t.d. ved Juvasshytta og sommarskisenteret, bør det difor gjevast meir informasjon om farane med dette.

«Galdhøpiggrennet» er eit årleg arrangert telemarksrenn vest for Spiterstulen som kan halde fram med same vilkår og omfang som tidlegare.

Galdhøpiggen Sommerskisenter ligg svært nær nasjonalparken. Nye tiltak i dette området opp mot nasjonalparken bør vurderast særleg nøye. I 2004 vart nasjonalparkgrensa justert slik at toppunktet ligg utafor nasjonalparkgrensa. Grensejusteringa vart gjort på bakgrunn av unøyaktig kartgrunnlag i samband med grensedragninga på vernetidspunktet i 1980. Grensene er nå i tråd med føresetnadene for oppretting av nasjonalparken gjennom at heile alpinanlegget ligg utafor nasjonalparken.

Retningslinjer:

Galdhøpiggen er ein relativt lett tilgjengeleg hovudattraksjon i nasjonalparken. Det skal vere ryddig og fritt for søppel på toppen av Galdhøpiggen. Drift av hytta/kiosken på Galdhøpiggen føreset at det ikkje blir forsøpla der. Med det store talet turistar som besøker området, bør det lagast gode ordningar for søppelhandtering. Behovet for toalett må vurderast. Det bør informerast betre om trygg ferdsel på breane. Galdhøpiggreppet kan arrangerast i si noverande form og omfang.

Teig 8: Smørstabbre-området

Området har store naturkvalitetar knytt til breane og avsetningar frå desse. Om sommaren er Smørstabbreen lett tilgjengeleg både frå Sognefjellet og frå Leirdalen/Gravdalen. Området er særleg attraktivt pga spennande fjelltoppar og brear.. Vegen over Sognefjellet blir opna omlag 1. mai. Området er difor mykje nytta til skigåing på forsommaren. I turistsesongen er det turar med førar over breen. På breen blir det årleg arrangert fleire brekurs. Det er ingen hytter eller merkte stiar i området, men ruta over breen mellom Krossbu og Leirvassbu vert kvista til påska. Det er utført tiltak (klopplegging) i høve til slitasjeskader på myr/vegetasjon på stien mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen. Det er mange døme på uforsvarlig ferdsel i området og ved gjevne mellomrom er det ulykker og redningsaksjoner på breane i området. Det er behov for å videreutvikle informasjon om forsvarlig ferdsle på bre i området.

NVE har ei hytte (låst) ved Storbreen like utafor nasjonalparken og området.

Retningslinjer:

Området er mykje brukt som turområde, og vil bli særleg følgt m.o.t. naturslitasje og søppel og m.o.t. omfanget av ferdsel. Informasjon om sikker ferdsel på bre må videreutviklast.

Teig 9: Fanaråken

Området er lett tilgjengeleg frå omlag 1. mai når Sognefjellsvegen opnar. Fanaråken er kanskje det området som er mest nytta til skigåing (vårskiturar) utover forsommaren. På Fanaråkbreen er det etter nærare vilkår gjeve løyve til oppkjøring av langrennsskiløyper med motoriserte kjøretøy etter 1.07., dersom mangel på snø gjer at skiløyper ikkje kan nyttast andre stader på Sognefjellet utanfor nasjonalparken. I dei siste åra har det ikkje vore naudsynt å nytta Fanaråkbreen til dette formålet.

På toppen av Fanaråken har DNT ei sommarbetjent turisthytte. Denne vart utvida i 1998-99 (ferdigstilt i 2000). Hytta er stengd elles i året. På toppen er det også ein gamal vêrvarslingsstasjon som no tilhøyrer DNT. Stasjonen er bygd om slik at den i dag er soveromsavdeling for den betjente hytta.

Stien frå Helgedalen/Turtagrø opp til Fanaråken har over Ekrehytta hatt ein del slitasje. Sommaren 2002 vart det gjennomført relativt omfattande reparasjonsarbeid.

Nord for Fanaråken vart det funne svært mykje søppel (m.a. 80 stort sett tome oljetønner). Desse vart fjerna seinsommaren 2003 då snøsmeltinga var stor i området. Ny opprydding vart gjort i 2006 då det igjen var stor avsmelting. Enno ligg noko søppel att, og då ny avsmelting kan avdekke meir vil det bli vurdert om ny rydding er naudsynt.

Søppelhandtering for Fanaråkhytta har vore sortering og utflyging av all søppel. Dette er ei ordning som bør halde fram.

Fanaråken Duatlon er eit kombinert sykkel- og turløp der løpinga er opp til toppen av Fanaråken. Rennet vert arrangert utan bruk av motorferdsel. Arrangementet kjem i liten konflikt med nasjonalparken og kan halde fram i si noverande form og omfang.

Retningslinjer:

Området er mykje brukt og omfanget av ferdsla vil bli følgd m.o.t. naturslitasje og naturoppleving. Oppkøyring av langrennsskiløyper på Fannaråkbreen etter 1.07. kan halde fram etter nærare fastsette vilkår og med tidlegare omfang. Søppel nord for Fannaråken skal fjernast når det igjen vert stor avsmelting om sommaren. Fanaråken Duatlon kan arrangerast.

Teig 11: Øvre Utladalen

I øvre Utladalen går det fleire merkte stiar og det den betjente turisthytta Skogadalsbøen ligg her. Skogadalen turisthytte vart utvida i 1998 til om lag 85 sengeplassar. Området er mykje brukt som sauebeite. Guridalen er ei seter i området med mange sel, fleire av dei steinsel, om enn i dårleg stand. Her er det også ei jakthytte for Utladalen Sameige, som leiger ut hytta som ein del av utleige av jaktrettane på hjort.

Det er slitasjeproblem i våte parti langs dei merkte stiane i området. Grunneigarane ønskjer å ta vare på dei gamle steinsela. Det er løyve til 3 landingar med helikopter ved Skogadalsbøen eller ved jakthytta i Guridalen i samband med hjortejakta. Stor-Hilleren er ei gamal fangsbu som vart restaurert i 1996.

Retningslinjer:

Øvre Utladalen har store kvalitetar m.o.t. kulturlandskap og friluftsliv Stølshusa i Guridalen kan setjast i stand etter løyve. Våte parti på dei merkte stiane kan tilretteleggjast for å hindre vegetasjonsslitasje.

Teig 12: Heimre Utladalen

I den heimre delen av Utladalen, til og med Vettismorki- og Fleskedalenområdet, er det mange kulturminne og eit spesielt kulturlandskap som fortel om tidlegare bruk av området. Inn til Vetti gard er det bygd veg, «Folkevegen». Årdal kommune har laga reglar for bruk av vegen. Området er godt tilrettelagt med stiar og bruer. På stien frå Vetti og inn til Vettisfossen, som er eit mykje nytta turmål, blir det kvart år gjennomført vedlikehaldsarbeid. Vetti gard er open for overnatting og servering om sommaren.

På Avdalen gard og husmannsplassen Hagaberg er alle dei tidlegare bygningane sett i stand eller nybygde etter 1991. Avdalen gard vert driven som betjent hytte om sommaren, elles som ubetjent. Det er eit svært omfattande skjøtselsarbeid kring garden som også er gjennomført

Sjølve vegen til Vetti, «Folkevegen», Vetti gard og kraftleidningane til Vetti og Avdalen fell inn under kategorien «sone med spesiell tilrettelegging og inngrep» (kap. 6.3.4.).

Det vart i 1998 utarbeidd ein eigen skjøtselsplan for Heimre Utladalen som vert følgd opp med innleigd sommarhjelp kvart år, og dei skjøttar kulturlandskapet innover folkevegen. Innhaldet i skjøtselsplanen står fortsatt ved lag.

Utladalen naturhus ligg like innafor grensa og er eit informasjonssenter under Norsk Fjellmusuem.

Retningslinjer:

Heimre Utladalen har store kvalitetar m.o.t. kulturlandskap og nyare kulturminne. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen legg føringar for arbeidet med skjøtsel og ivaretaking av kulturminne og

kulturlandskap. Ved tilretteleggingstiltak og restaurering av byggverk og stiar skal tidlegare standard og utforming vere retningsgjevande.

6.3.3. Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep

Sona er aktuell rundt dei betjente turisthyttene, langs vegar og andre større inngrep som kraftutbygging og kraftleidningar. Rundt dei betjente turisthyttene omfattar det arealet som er festa/kjøpt avgrensa til ein avstand på 250 meter frå byggverk (for unntak sjå oppstillinga nedanfor). Ei tilsvarande sone gjeld rundt inngrep etter kraftreguleringar (dammar, synkar, massedeponi) og langs vegar og kraftleidningar. Til vedlikehald av vegar skal det ikkje takast masse i verneområdet. Dette bør og gjelde der vegar går inn til vernegrensene. Nye tiltak innafor sona skal som tidlegare handsamast etter verneforskrifta. Sona gjeld for/ved følgjande stader (ikkje teikna inn på vedlagt kart):

Betjente hytter:

- Glitterheim turisthytte, nasjonalparken
- Memurubu turisthytte (medrekna båtbygga og kraftanlegget i/ved Muru elv), nasjonalparken
- Gjendebru turisthytte (medrekna bryggja og dei to private hyttene ved Storådøla), nasjonalparken
- Skogadalsbøen turisthytte, landskapsvernområdet
- Vetti Gard, landskapsvernområdet
- Avdalen Gard, landskapsvernområdet

Vegar:

- Glitterheimvegen, nasjonalparken
- Gravdalsvegen, nasjonalparken
- Folkevegen til Vetti gard, landskapsvernområdet
- Koldedalsvegen, landskapsvernområdet

Kraftutbygging:

- dam og synk i Gravdalen, landskapsvernområdet
- massedeponi og synk Raudalen, landskapsvernområdet
- massedeponi og synk Skogadalen, landskapsvernområdet
- massedeponi og synk i Fleskedalen, landskapsvernområdet
- Ytre Vasspollane og Kyrkjevatna, landskapsvernområdet
- Koldedalsvatnet med massedeponi, landskapsvernområdet

Kraftledningar:

- leidning over Breikvam, landskapsvernområdet
- leidning til Avdalen og Vetti, landskapsvernområdet

Overordna strategi for sona:

Utanom mindre justeringar/endringar skal det som hovudregel ikkje koma nye tiltak som vegar, byggverk ved hyttene. Inngrep frå tidlegare som ikkje er i samsvar med verneformåle, vil bli vurdert om noko bør gjerast for å stille dei tilt. Det skal ikkje takast masse til vedlikehald av vegar inne i verneområdet.

7. Informasjon, kulturminne, kulturlandskap og naturverdiar

7.1. INFORMASJON OG NATURRETTLEIING

I St. melding nr. 62 (1991-92) står det at erfaringa med oppsynet så langt viser at i tillegg til oppgåver knytt til rein tilsynsverksemd, må innsatsen aukast i høve til andre vesentlege oppgåver som informasjon og rettleiing, naturfaglege registreringar og skjøtsel. Vidare blir det påpeikt at informasjon og haldningsskapande arbeid er ein viktig del av arbeidsområdet til naturforvaltninga og representerer ei stor utfordring i arbeidet med forvaltning av nasjonalparkar. Det blir gått inn for auka satsing på dette området, og det blir sett på som særleg viktig at ulike former for informasjon og rettleiing bidreg til auka forståing for naturvern og motivasjon for naturvenleg framferd både i og utanfor verneområda. Ved god informasjon vil ein kunne unngå forbod og mange unødvendige ”problem”saker.

Brukarundersøkinga som vart gjennomført sommaren 1992 synte m.a. dei som var på tur ønskte meir informasjon, særleg om dyreliv, planteliv, geologi, historie, naturvern og friluftsliv, både gjennom informasjonstavler, brosjyrar, organisert informasjon på turisthyttene og tilfeldig informasjon i fjellet

Brukarundersøkinga 2002.

I regi av Østlandsforskning (2002) gjennomførte Marit Vorkinn ei brukarundersøking i nasjonalparken. Undersøkinga var basert på sjølvregistreringskasser ved 8 mest sentrale innfallsportane til nasjonalparken. Totalt kom det inn svar fra over 7000 personar fordelt på dei to åra. I tillegg vart det gjennomført intervju i felt av totalt 500 personar, og er oppfølging av brukarundersøkinga frå 1991.

Hovudkonklusjonar og trendar frå 1992 til 2002:

- I perioden er det registrert ein auke i bruken av nasjonalparken på 16%.
- Det er registrert ein nedgang i talet besøkande som har langvarige besøk i nasjonalparken, medan talet på besøkande med kortare fleirdagars turar og dagsbesøkande har auka.
- Gjennomsnittsalderen på brukarane av nasjonalparken har auka med 5 år i perioden
- Andelen av utlendingar har auka sidan 1998. Det er ei meir samansett brukargruppe i 2002 enn i 1992 (40 nasjonalitetar er representerte).
- Brukarane av nasjonalparken har i større grad blitt positive til ulike former av tilretteleggingstiltak (tydelegare merking, kloppegging mv.) Brukarane av Jotunheimen er i større grad positive til tilrettelegging enn i andre fjellområde med tilsvarende undersøkingar.
- Lågare kunnskapsnivå om vernereglar i 2002; utlendingar har minst kunnskap om regelverket.
- Ein større del av brukarane har registrert lite forsøpling i nasjonalparken i 2002 i høve til 1992; ein større del er godt fornøgd med forvaltninga av nasjonalparken i 2002.

Brukarregistreringane og prosjektet i naturrettleiing/naturinformasjon vil leggje grunnlaget for utarbeiding av strategiar for informasjon- og naturrettleiingsarbeidet.

7.1.1. Tavler og brosjyrar

Rundt nasjonalparken og landskapsvernområdet står det større informasjonstavler med informasjon om nasjonalparken følgjande stader:

- Hjelle i Utladalen (Årdal)
- Turtagrø (Luster)
- Sjodalen (Vågå)
- Gjendesheim (Vågå)

- Eidsbugarden (Vang)
- Veodalen, Glitterheimvegen
- Krossbu/Smørstadbreen

Det finst 6 mindre informasjonstavler med plakat kring nasjonalparken og landskapsvernområdet, m.a. på Sognefjellet.

I tillegg bør setjast opp nasjonalparkinformasjon i Koldedalen (når P-plass er på plass), Bygdin/Torfinnsbu, Vargebakkane, Bessheim, Heimsand/Russdalen. Storleiken og omfanget må vurderast konkret.

Fleire organisasjonar/etatar bør samarbeide om dei større tavlene slik at informasjonen om fjellet kan samlast. Informasjonstavlene bør plasserast ved sentrale innfallsportar utanfor verneområda. I tillegg bør det plasserast i tettstadene kring Jotunheimen og Utladalen, dvs. Lom, Skjolden, Øvre Årdal, Vang, Fagernes, Beitostølen, Vågå.

I samband med prosjektet Nasjonalparkriket i Nord-Gudbrandsdalen for å er det utarbeidd ein designmal for m.a. ulike informasjonstavler. Ein bør halde seg til Nasjonalparkriket sin design for informasjonstavler kring Jotunheimen. For den delen av nasjonalparken som grensar til Nord-Gudbrandsdal så vil det være eit krav at all informasjon ved innfallsportane er basert på info/skiltmalarbeidet til nasjonalparksatsinga ("Nasjonalparkriket"). Også på vestsida bør denne malen vurderast.

Berre unntaksvis bør tavler setjast opp inne i nasjonalparken. Stader det kan vere behov for å setje opp tavler, må vere samlingspunkt der det er andre inngrep og tilretteleggingstiltak frå før. Av aktuelle stader er bryggja ved Memurubu og bryggja ved Gjendebu.

Informasjonsplakaten for Jotunheimen nasjonalpark vart laga i ny og større utgåve i 2000. Det må lagast ny utgåve etter vedtak om nye verneforskrifter.

I eit avgrensa omfang kan det og vere aktuelt å setje opp noko informasjon i Utladalen landskapsvernområde i samband med kulturlandskapet i Utladalen.

Sommaren 1993 kom det ein ny informasjonsbrosjyre om nasjonalparken utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning. Brosjyren vart oppdatert i 2001. Ved revisjon av brosjyren bør det bli laga nye oppdaterte informasjonsplakatar til informasjonstavlene og til dei turisthyttene som ønskjer slike. Ny brosjyre om nasjonalparken vil bli utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning

Siste informasjonsbrosjyre om Utladalen landskapsvernområde er frå 1995.

Tavler/skilt og brosjyrar vil følgje Direktoratet for naturforvaltning sine malar og grafisk profil for verneområdet. Ein ser positivt på at andre aktørar samordnar seg, t.d. slik Nasjonalparkriket har gjort.

Statens Kartverk (frå 2004 overteke av Ugland IT Group) har gjeve ut turkart over Jotunheimen i målestokk 1:100 000 og 1:50 000. På baksida av karta er det viktig og nyttig informasjon og natur, kultur og tilrettelegging for friluftsliv i området. Ugland IT Group har utgjeve kart over Galdhøpiggen og Besseggen i målestokk 1:25 000, med informasjon om natur og kultur på baksida. Også for Hurrngane er det utgjeve eit kart i målestokk 1:25 000.

7.1.2. Nasjonalparksentra

Med den store turiststraumen og alle dei brukarinteressene som finst i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, har informasjonssentra ei viktig oppgåve for å nå flest mogleg. Norsk Fjellmuseum i Lom, som vart opna 10. juni 1994, gjev informasjon om fjellet og

bruken av fjellet frå gamalt av, og informerer dessutan om verneområda både i regionen og i heile landet. Det vil difor vere naturleg at hovudbasen for informasjon blir lagt til fjellmuseet. Her bør det vere informasjon både som oppslag, utstillingar og gjennom direkte publikumskontakt.

Nasjonalparksentra

I rapport 2005 –1 kom Direktoratet for naturforvaltning med policy og retningslinjer for miljøforvaltningen sitt samarbeid med nasjonalparksentra. I rapporten står det bl.a. at under føresetnad av at budsjettsituasjonen gjev rom for det, ønskjer DN å gi spesifiserte ekstratilskot. Grunntanken er at sentra som utfører fleire oppgåver i tråd med miljøforvaltninga sine intensjonar skal honorerast for det. I første omgang kan naturrettleiing vere aktuelt som grunnlag for denne type tilskot. Frå miljøforvaltninga si side er det ønskeleg at nasjonalparksentrane stimulerer til friluftslivsaktivitet gjennom naturrettleiing, arrangerte turar, guiding, uteaktivitet for barn og unge osv. Intensjonen er at sentra som har eigen naturrettleiar eller guidetjeneste skal kunne pårekne ei fast delfinansiering.

Norsk Fjellmuseum fekk i juli 1997 status som nasjonalparksenter, som eit av 6 sentra i landet. Det er Direktoratet for naturforvaltning som gjev godkjenning som nasjonalparksenter. Formålet med nasjonalparksentra er at dei skal vere ein sentral del av eit heilskapleg informasjonsarbeid kring nasjonalparken. Den kompetansen som etter kvart blir bygd opp i fjellmuseet vil også kunne styrke informasjonstilbodet ved andre senter og innfallsportar rundt verneområdet (t.d. gjennom infomasjonsbasar). Autorisasjonen som nasjonalparksenter vart fornya i 2007.

I rapport 2005 –1 gav DN med policy og retningslinjer for miljøforvaltningen sitt samarbeid med nasjonalparksentra. I rapporten står det m.a. at under føresetnad av at budsjettsituasjonen gjev rom for det, ønskjer DN å gi spesifiserte ekstratilskot. Grunntanken er at sentra som utfører fleire oppgåver i tråd med miljøforvaltninga sine intensjonar skal honorerast for det. I første omgang kan naturrettleiing vere aktuelt som grunnlag for denne type tilskot. Frå miljøforvaltninga si side er det ønskeleg at nasjonalparksentrane stimulerer til friluftslivsaktivitet gjennom naturrettleiing, arrangerte turar, guiding, uteaktivitet for barn og unge osv. Intensjonen er at sentra som har eigen naturrettleiar eller guidetjeneste skal kunne pårekne ei fast delfinansiering.

Til fjellmuseet har det tidlegare vore knytt ei naturrettleiarstilling. Det bør vere ei fast stilling som informasjonskoordinator/informasjonsutviklar ved museet.

Utladalen Naturhus som er eit mindre informasjonssenter som ligg i Årdal, opna 21. mai 1998, og er no ei avdeling av Nasjonalparksenteret Norsk Fjellmuseum. Utladalen Naturhus ligg i Skåri like innafor Hjelle, som er hovudinnfallsporten til Utladalen landskapsvernområde. Utladalen landskapsvernområde med sine store verdiar innan natur og kultur vert vist på utstillinga. Sikring av bygningar, kulturlandskap og naturmiljø som viser tidlegare bruk av området, har vore gjennomført dei siste 10 åra i samsvar med godkjend skjøtselsplan for Heimre Utladalen (godkjend 1998), og Utladalen Naturhus har vore organisator av dette arbeidet. Utviklinga av naturhuset er eit samarbeid mellom nasjonalparktenesta (og seinare SNO) og stiftarane som er Årdal kommune, Hydro Årdal og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Stiftinga Utladalen Naturhus og Norsk Fjellmuseum har inngått ein samarbeidsavtale som gjer naturhuset til ei avdeling under Norsk Fjellmuseum.

Klokkehaugen i Vang i Valdres vart opna i 2001, og inneheld forutan kontor for Statens naturoppsyn eit lite informasjonssenter om Jotunheimen nasjonalpark og andre verneområde i Vang

Jotunheimen blir stadig sterkare marknadsført som turmål for Beitostølen. Som reiselivsdestinasjon er Beitostølen i sterk vekst. Det derfor bør arbeidast vidare med å etablere eit mindre informasjonspunkt om nasjonalparken her.

Vurdert ut i frå behovet for informasjon om Jotunheimenområdet vil Norsk Fjellmuseum i Lom og informasjonssenteret i Årdal bli prioritert med omsynet til bruk av ressursar. Fylkesmannen ser det som mogleg å samordne informasjon for Jotunheimen nasjonalpark med andre verneområde i nærleiken som Reinheimen og det planlagte verneområdet i Breheimen – Mørkridsdalen, ved høvesvis Norsk Fjellmuseum og planar om eit informasjonssenter i Skjolden (i samfunnshuset Fjordstova), litt med Utladalen naturhus som modell.

Det meste av informasjonen om verneområda er det nasjonalparksentra, turistkontor, turisthytter og dei som driv føring og organiserte turar som står for. Den Norske Turistforening er ein viktig medspelar gjennom sitt kontor i Oslo. Det er viktig at informasjonen har god kvalitet.

Frå 2005 vert det i regi av Norsk Fjellmuseum i Lom, sett i gong eit prosjekt med å involvere reiselivsbedrifter og overnattingsstader kring Jotunheimen og Utladalen i informasjonsarbeidet for nasjonalparken og landskapsvernområdet. Målet har vore å heve kompetansen på betjeninga/infomedarbeidarar ved dei enkelte turisthyttene når det gjeld lokal kunnskap om fjell og ruter i nærleiken og om nasjonalparkvernet generelt.

Eit aktuelt informasjonstiltak kan vere at forvaltningsstyresmakta arrangerer fagsamlingar/ seminar i samarbeid med tilsynsutval og/eller informasjonssentra, både om verneområda generelt og om særlege fagemne. På samlingane/seminara vil ulike interesser frå lokalmiljøa vere velkomne til å ta del. Dei fire siste åra har slike samlingar vore arrangerte i Utladalen.

Som eit ledd i Direktoratet for naturforvaltning (DN) si satsing på arealvern/reiseliv/friluftsliv har DN to pilotprosjekt kalla "Nasjonalparksentrene som kunnskaps-/ressurssenter overfor reiseliv og lokal miljøtilpassa næringsutvikling". Pilotprosjektet består av to prosjekt som vert gjennomført ved to nasjonalparksentra. Gjennom prosjekta ønskjer DN å få utgreidd nasjonalparksentra si rolle og potensiale som kompetansesenter for reiselivet i høve til turistmessig bruk i tilknytning til verneområda.

DN har i 2005 gjeve tilskot til Norsk Fjellmuseum, i samarbeid med Utladalen Naturhus, å utgreie delprosjekta "Utvikling av nasjonalparksenteret som kompetansesenter" og "Utvikling av nasjonalparksenteret som informasjonssentral". Prosjekta vert finansierte av DN.

Prosjektarbeidet ved Norsk Fjellmuseum starta vinteren 2004-2005, og det er bl.a utarbeidd ein ny informasjonsperm som har vore utplassert ved 35 reiselivsbedrifter og 6 turistinformasjonar rundt Jotunheimen og Utladalen sommeren 2005. Vidare er det gjennomført to ein-dagars kurs for reiselivsbedrifter i og rundt Jotunheimen. Arbeidet vert vidareført i 2006 og er blitt eit viktig bidrag i det totale informasjonsarbeidet for nasjonalparken. Permen er teken godt i mot av målgruppa, og bør oppdaterast jamnleg.

7.1.3. Internett

Internett vert ein stadig viktigare kanal for å formidle informasjon. Internettsider om Jotunheimen og Utladalen finst m.a. på fylkesmennene sine sider. Direktoratet for naturforvaltning har nasjonale sider for nasjonalparker og store verneområde. Norsk Fjellmuseum og Utladalen Naturhus har også egne sider som informerer om nasjonalparken og landskapsvernområdet, Kommunane har også informasjon om verneområde i deira kommune.

Det bør lagast ein felles internettportal for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, der ein kan finne all relevant informasjon og nyhende frå områda, med link til relevante nettsider, t.d. kommunane, fylkesmennene og reiselivsbedrifter. Det vil vere ønskjeleg at Norsk Fjellmuseum er ansvarleg for ein slik felles nettportal.

Det er viktig at internettsider vert kontinuerleg oppdaterte og fornya.

Retningslinjer:

Gje informasjon om nasjonalparken og landskapsvernområdet til grunneigarar, lokalmiljøa, organisasjonar, brukarar av området og til dei som sjølv formidlar informasjon. Informasjon på skilt/ tavler og brosjyrar vil følgje Direktoratet for naturforvaltning sine skiltmalar og grafisk profil.

Samordna informasjon ved innfallsportane, i innhald og form, ta utgangspunkt i skiltmal for Nord-Gudbrandsdal; Nasjonalparkriket

Samarbeide med Norsk Fjellmuseum og kommunane om informasjon om nasjonalparken og landskapsvernområdet

Det er viktig med god informasjon framfor forbod og restriksjonar

Tiltak:

- Lage og oppdatere informasjonsmateriell som brosjyrar, plakatar og lysbileteseriar.
- Setje opp og halde vedlike informasjonstavler
- Gi samordna informasjon til brukarar av området
- Utvikle samarbeidet med andre aktuelle lag og organisasjonar med tanke på informasjon
- Samarbeide med Norsk Fjellmuseum og Utladalen Naturhus om ymse informasjonsmateriell, temahefte og aktiv informasjon. Utvikle Klokkehaugen som informasjonssenter
- Halde seminar for dei som formidlar informasjon om og i området (samarbeid Norsk Fjellmuseum)
- Utarbeide gode internettsider om nasjonalparken og landskapsvernområdet
- Utvikle felles nettportal for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (v/ Norsk Fjellmuseum)

7. 2. KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP

Nasjonalparker er oppretta og avgrensa ut frå eit hovudformål om å ta vare på naturmiljøet. Men naturvernlova (§ 3) slår fast at i nasjonalparker (skal) «*landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminne skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensing og andre inngrep*» Sikring av kulturminne er dermed eit vesentleg motiv for oppretting av nasjonalparker, og vil vere ein viktig premisse for forvaltninga. Gjennom kulturminnelova er alle kulturminne eldre enn år 1537 automatisk freda (for samiske kulturminne er grensa sett til 100 år). Kulturminne er ein del av verneformålet både for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i framlegget til verneforskriftar.

Kulturminne kan grupperast slik:

- busetnadsspor: Stort spenn og store variasjonar
- næringsgrunnlag: Steinbrot, fangstanlegg, dyregraver, anlegg i samband med tradisjonell reindrift, og spor og anlegg etter skogsdrift og fløting frå tidlegare tider
- religiøse minne: Menneskegraver, magiske stader, sagnstader, offerplassar
- kommunikasjon/samferdsel: Gamle vegar, bruer (ofte stein), brygger, gamle sti-far

Stadforståing er tilnærmingmåten kulturminnestyresmaktene tilrår i forvaltninga av kulturminne. Stadforståing inneber å prøve å sjå heilskapen og i kva for samanheng eit kulturminne finst.

Ut frå det faktum at det i nesten alle naturområde i Noreg finst spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet, er det naudsynt med ei medveten haldning til både automatisk freda kulturminne og til kulturminne frå nyare tid i nasjonalparkane. For nyare kulturminne vil ein til tider stå overfor spørsmålet om vern eller riving/fjerning.

Vern av kulturminne innafor nasjonalparker og landskapsvernområde inneber vern av heile kulturmiljøet kring desse, og vil vere verdfulle tilskot til det generelle kulturvernarbeidet. Kulturminne i naturvernområde står i ei særstilling i høve til kulturminne andre stader. Det kjem at av overalt elles møter vi kulturspor frå vår tid - det er ein overrepresentasjon av inngrep/spor av desse - og dei dominerer. I dag er heilskaplege intakte landskapsrom ein mangelvare, medan i naturvernområde vil nye inngrep kunne unngåast. Kulturminne i nasjonalparker vert dermed framtidas referanseområde sett t.d. i eit 200 års perspektiv. Dette må også få konsekvens for forvaltninga av kulturminne når det gjeld tilrettelegging, skilting, kartfesting m.m.. Det er i større grad utanfor enn innanfor verneområda det skal tilretteleggjast og informerast om kulturminne. I verneområda kan i staden kulturminna vere der, utan at dei blir fokusert på som stader alle skal vitje.

Med framlegg til ny verneforskrift er vern av kulturminne kome inn som eit av verneformåla for Jotunheimen nasjonalpark. Ansvar for kulturminne har tidlegare likevel gått fram av naturvernlova §3. For landskapsvernområdet er naturmiljøet med kulturminne/ kulturlandskap framheva som verneformål i verneforskrifta. Jf. også at i kulturminnelova og er kulturminne frå før 1537 automatisk freda, og det same gjeld bygningar eldre enn 1649.

Mange av kulturminna og kulturlandskapet som er innanfor verneområda vil det vere eit mål å sikra og/eller halde ved like. Dei fortel om samspelet mellom menneske og natur og gjer områda rikare. Registrering og tiltak for å ta vare på kulturminne og kulturlandskap krev særleg kompetanse og ofte store ressursar. Slike tiltak føreset eit nært samarbeide med Riksantikvaren/fylkeskonservatorane og forskingsmiljøa.

Fylkesmannen i Oppland har i samarbeid med fylkeskonservatoren i Oppland sett i gong eit prosjekt på registrering og kartfesting av kulturminne i verneområde til ein database (2005). Eit liknande prosjekt bør setjast i gong på vestsida av verneområda. Det er viktig å kartleggje alle kulturminne i verneområda, og det bør difor lagast ein samla kulturminneplan for verneområda i Jotunheimen, som vert følgd opp med midlar til viktige prosjekt.

For nokre nyare anlegg eller konstruksjonar må ein vurdere om dei skal sjåast på som kulturminne ut i frå at dei fortel om tidlegare bruk av områda, eller om dei skal endrast av estetiske grunnar, eller om dei skal fjernast fordi dei bør vurderast som avfall. Bygningar som kan ha historisk og/eller kulturell verdi kan berre rivast etter samråd med forvaltningsstyresmakta.

Det bør vere eigarane sitt ansvar at bygningar med særlege bygningskvalitetar blir haldne i hevd. Forvaltningsstyresmaktene har i tillegg til handheving av verneforskrifta eit ansvar i høve til rådgjeving og kanalisering av økonomiske midlar.

Det mest særprega og varierte kulturlandskapet og dei fleste kulturminna finst i sjølve Utladalen med nokre av sidedalane.

I skjøtselsplanen for Heimre Utladalen (1998) er ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap sentralt. Arbeid med sikring av kulturminne og kulturlandskap har pågått i Utladalen i fleire år ved stor dugnadsinnsats frå lokale lag/foreiningar og privatpersonar. Avdal Gard er eit godt døme på dette. Her har ein i dag restaurert alle bygningane som kunne restaurerast, og sett opp nye bygningar der dei var borte. Husmannsplassen Hagaberg som tilhørde Avdal Gard er og restaurert, og i 2005 starta arbeidet med å setje opp ny løe på Hagaberg. Med det er eit gammalt gardsbruk med hovudgard, seter og husmannsplass på plass att. Vetti gard og den særeigne løa der vart det i 1992 utført sikringsarbeid på, ytterlegare reparasjon vart gjort i 2000. Gravdalen seter er restaurert, og stølshusa i Hjelledalen er restaurerte/i ferd med å bli restaurerte. Store delar av det gamle kulturlandskapet i Utladalen, som var i ferd med å gro att, vert no kvart år skjøtta gjennom beiting, slått og lauvving, m.a. i Avdalen. Arbeidet med skjøtsel og ivaretaking av kulturlandskapet i Utladalen bør også sjåast i samanheng med utvikling av ein berekraftig turisme i området. Planen bør reviderast og evt. utvidast til å omfatta øvre delar av Utladalen.

For Gjendebuområdet vart det utarbeidd ein eigen skjøtelsplan i 2001. Tiltaksdelen vart revidert saman med dei involverte partane i 2003. Sentrale problemstillingar og mål for arbeidet er:

- Generell opprydning og transport av avfall og overskotsmateriell ut av nasjonalparken (utført i 2004)
- Kartlegging av biologisk mangfald og forslag til skjøtselstiltak (utført, Miljøfagleg utredning 2005).
- Slått av setervolden (utførast årleg rundt 15. august)
- Tynning og rydding av bjørkeskog – mål: gjenskape det opne landskapet slik det var rundt 1970.
- Arbeide for å innføre beitedyr i området – dette er eit særlig viktig punkt får å kunne ivare ta de ope beiteprega landskapet med verifullt biologisk mangfald.
- Skjøtsel, bevaring og restaurering av kulturminna i området
- Tiltak i høve til Gjendebu turisthytte (det meste utført i 2004 og 2005)
- Tilrettelegging av stier
- Informasjon – natur og kultursti.

Fylkesmannen er ansvarleg for planen. Tiltak som gjeld skjøtselstiltak i høve til vegetasjon, ferdsel og informasjon vert styrt av Statens naturoppsyn. DNT er ansvarleg for tiltak i høve til bygningar og kulturminna knytte til turistbedrifta i området. Alt arbeid med kulturminna skal avklarast med fylkesantikvaren og fylkesmannen.

I verneområda er det fleire gamle fangstanlegg og jaktbuer. Hellarar, som i tillegg til jakt har vore brukt som ly mot uver, er det fleire av. Arbeidet med å setje i stand Stor-Hilleren i Storutladalen, som er ein særmerkt hellar, vart fullført i 1997. Steinbua under toppen av Surtningssui (ca. 2200moh) er omsøkt restaurert av eigar.

Tiltak som tek vare på kulturminna er oftast positive. Dersom det framleis hadde vore setring etter eldre driftsmåtar på dei gamle stølane ville dette på mange måtar ha gjort områda rikare på opplevingar. Moderne landbruksdrift kan medføre uheldige inngrep som til dømes vegbygging. Dersom slike og liknande inngrep er naudsynte for å gjennomføre skjøtsel, er attgroing og naturtilstanden å føretrakkje. Det kan vere aktuelt med bruk av enkel motorgåande reiskap, til dømes slåmaskin, i arbeidet med å halde kulturlandskapet ved like. Kva for reiskap som skal nyttast må vurderast heilskapleg i høve til m.a. nærleik til veg.

Det bør innførast rutinar for fortløpande registrering av kulturminne i feltarbeidet. Framleis er det kulturminne som ikkje er registrerte i verneområda. Det må samstundes lagast rutinar som hindrar at registreringane blir misbrukte, med påfølgjande uønskt press på kulturminna.

Gjennom vidare samarbeid og oppfølging bør ein koma fram til klare retningslinjer for handtering av kulturminne, særleg ustabile kulturminne, det vil seie kulturminne som er utsett for relativt rask endring og forfall. I nasjonalparken vil ein i større grad enn elles tillate at naturen går sin gang med omsyn til naturtilstanden. Attgroing av kulturminne vil ikkje alltid innebere forfall, men at kulturminna får eit vernande lag med vegetasjon over seg.

Naturlandskapet som er utan særlege spor etter folk er ikkje aktuelt for skjøtsel korkje i nasjonalparken eller landskapsvernområdet. Der naturen har utvikla seg utan menneskeleg påverknad bør dette halde fram.

Retningslinjer:

Ta vare på verdfulle kulturminne og verdfullt kulturlandskap og bygningsmiljø i verneområda.

Uheldige/skjemmande inngrep skal vurderast om dei skal reparerast eller om det beste er å la naturen gå sin gang.

All forvaltning av kulturminne skal skje i samarbeid med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Skjøtsel av kulturlandskap skal skje i samarbeid med kommunane og landbruksavdelinga hos fylkesmannen.

Tiltak:

- Utarbeide ein kulturminneplan for verneområda
- Gjennomføre kontinuerlege registreringar av kulturminne i samarbeid med andre personar og institusjonar med koordinatfesting
- Utvikle samarbeid med fylkeskonservatorane, forskingsmiljø, skular og lokalpersonar om arbeid som vedkjem kulturlandskap, bygningsmiljø og kulturminne.
- Heve kompetansen m.o.t. kulturminne og kulturlandskap.
- Ta del i sikring av kulturminne i samarbeid med andre, jf. lokalkunnskap.

7.3. Å TA VARE PÅ NATURVERDIANE

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde har store naturkvalitetar/verdiar som det er viktig å ta vare på for framtidige generasjonar. Hovudformålet i dei to verneområda er å ta vare naturkvalitetane i områda. Jotunheimen er eit heilt sentralt område med tilnærma urørt natur i Noreg, og er eit område der folk frå heile Noreg og utlandet kjem for å drive friluftsliv og få seg naturopplevingar som varer livet ut. For å ta vare på desse kvalitetane vil det vere avgjerande at ein i framtida klarer å halde område der det ikkje er inngrep frå før, fri for nye inngrep.

Noreg har eit særleg og internasjonalt ansvar for villreinen og ivaretaking av deira leveområde. I ”Villrein og Samfunn” (NINA 2004) er det gjort ein gjennomgang av alle villreinområda i landet. Den stamma som høyrer til Jotunheimen er klassifisert på tredje nivå etter dei nasjonalt viktige villreinområdene og dei såkalla europeiske villreinregionane. Denne rådgivingsgruppa presiserer betydninga av å ta vare på alle våre villreinområde. For å få det til, vil det vere naudsynt med meir kunnskap om villreinen, og det bør setjast i gang registrering og kartfesting av villreinen sine trekkvegar og bruk av området. Vidareutvikling av turstinettet må ta omsyn til villreinen, og det inneber at villreinnemndene skal involverast før saker som berører villreinen, som t.d. godkjenning av turstiar.

For å redusere ferdsla i sårbare område er kanalisering av ferdsla til mindre sårbare område gjennom merking av stiar og markering av innfallsportane og kor ein sti startar viktig. Vardar og T-merking av stiar har lang tradisjon i Noreg og i Jotunheimen, og har store føremoner både i høve naturen og tryggleiken for fotturistane, særleg dei mindre røynde. T-merkte stiar bør såleis leggjast utanom område med sårbar flora og fauna, som t.d. rovfugl.

Stiar oppstår gjennom trakk som fører til at vegetasjonen endrar seg og blir borte ved mykje trakk. Regnvatn som renn i stiane kan føre til erosjon og skade på stiane, til og med større sår i landskapet. I våte parti, som t.d. myr kan trakk føre til reine sumpen over tid. Der ein har særleg store problem med erosjon og trakkslitasje, er det naudsynt med tiltak for å hindre og evt. reparere skade. Det kan gjerast gjennom utlegging av trematerialar, ved bruk av stein o.a. Den norske turistforening har lang erfaring med dette. Den mest omfattande stireparasjonen i Jotunheimen til no er prosjektet på stien over Besseggen.

Informasjon har ein viktig funksjon for å ivareta naturverdiar. Ved informasjon kan ein nå ut til viktige brukargrupper med kunnskap både om naturen og om korleis ein skal oppføre seg og om mogleighetene som finst for naturopplevingar. Ein bør leggje vekt på positiv informasjon, sjølv om vernereglane inneheld forbod.

Retningslinjer:

Ta vare på naturverdiane i verneområda på kort og lang sikt


Tiltak:

Følgje med endringar i naturtilhøva som følgje av bruken, og evt kome med framlegg til tiltak.

7.4. REPARASJON AV INNGREP

Både i nasjonalparken og i landskapsvernområdet er det fleire stader der det har vore vasskraftutbygging, m.a. Fortun og Tyinutbyggingane på 1950- og 60-talet. Årdal- og Sunndal Verk AS var utbyggjar. Anlegga er no overtekne av Hydro. Ein finn gamle anleggstippar og andre uheldige forhold etter kraftutbygging som gamle køyrespor følgjande stader

- i Gravdalen (dam)
- Gravedalsvegen
- i Raudalen (steintipp med erosjon og køyrespor)
- i Skogadalen opp mot Øvre Mjølkedalen (steintipp)
- i Fleskedalen (steintipp og underjordisk inngang i betong)
- strandlinja ved Koldedalsvatnet (steintipp)
- langs Koldedalsvegen (utanfor verneområde, grusuttak)
- lagra slammasser ved Styggebrevatnet (uttak kvart 10.-15. år)
- alt vatn i ovannemnde vassinntak vert nytta i kraftproduksjon (det vart ikkje sett krav om minstevassføring, og inntaket utgjør kring 88% av naturleg tilsig på årsbasis)



Dam i Gravdalen

Desse tilhøva har vore utgangspunkt for ein handlingsplan for å reparere uheldige inngrep. Med revisjon av forvaltningsplanen er det nærliggjande å vurdere desse tilhøva her.

I 2000 og 2001 var det fleire synfaringar til dei aktuelle staden. Ein fann at revegetering til ein viss grad skjedde, men at revegeteringa burde ha kome lenger. Å skyve på masser for at dei skal få ei betre form er problematisk, fordi tippene då igjen vert store skinande sår i landskapet.

Det er no gått nærare 50 år sidan kraftutbygginga i Utladalen. Når det har gått så mange år og ein ser korleis det ser ut i dag, blir spørsmålet om det bør gjerast noko, t.d. for å hjelpe prosessane til å gå litt fortare. Spørsmålet er også om landskapspleie vil utgjere eit nytt inngrep. Då er tidsperspektivet viktig. Det er betre å sjå landskapspleia i eit lengre perspektiv som 20-25 år enn å bruke metodar som gjev rask effekt, men ei dårlegare løysing. Det er landskapsestetiske omsyn som bør prioriterast, og verkemiddela ein nyttar må vere mest mogleg i samsvar med naturleg biologi.. Det er viktig å få bort inntrykket av ”nye store tippar”. (med andre ord går dei naturlege prosessane for seint – lite naturleg revegetering har skjedd på 40 – 50 år). Det vil vere viktig å halde på inntrykket idag, dvs. opplevinga av landskapet. Tiltaka må såleis ikkje skje i strid med omsynet til naturmiljøet elles og intensjonar og føreseigner knytt til verneområda. Berørte område ligg anten i nasjonalpark/landskapsvernområde eller i det ein kan kalle bufferområdet for verneområda. Dette stiller særlege krav til kvalitet og gjennomføring på tiltaka.

På anleggstippene kan det vere aktuelt med landskapspleie. Mest aktuelt er å gjennomføre vegetasjonfremjande tiltak som å tilføre vekstsubstrat, som vil gjere det lettare for planter som finst i området å etablere seg naturleg. I heilt spesielle tilfelle kan ny utforming av delar av steintippar vere aktuelt. Der vegetasjon har starta etablering på tippene bør ein unngå masseflyttingar. Det er ei dårleg løysing å så framand gras her på tippar for å dekkje over inngrep, m.a. fordi den irrgørne fargen bryt med omgjevnadene.

Ved Styggebrevatnet (i nasjonalparken) vart slammassar tekne ut og lagra første gong på først del av 1980-talet. Desse massane ligg delvis innafor nasjonalparken, dels utafor. Ved siste uttak i 1996 vart massane lagra utafor nasjonalparken, på ein stad der det mogleg å lagre også seinare uttak. Massane frå midt på 1980-talet har fått noko vegetasjon, og bør liggje i fred når dei no har fått utforming og noko farge frå vegetasjon (lav), noko som gjer at desse massane no ikkje syner altfor godt att i landskapet.

Betongkonstruksjonar (dammur, vassinntak o.l.) bør skjulast gjennom bruk av jord, naturstein og evt materialar i tre.

Andre uheldige inngrep i landskapet som vegar bør i størst mogleg grad tilstellast slik at dei vert minst mogleg skjemmande. Vegane i Koldedalen, Gravdalen og Glitterheim er døme på slike uheldige inngrep med dårleg landskapstilpassing..

Gravdalsvegen som går frå Leirvassbu og inn i Jotunheimen nasjonalpark til Gravdalsdammen, ca. 9 km i alt, er særleg dei første 4-5 kilometrane frå Leirvassbu (dei 2 første km utanfor nasjonalparken) framleis nærare 50 år etter bygging eit skjemmande inngrep i landskapet. Dei første 4-5 km av vegen bør stellast til, t.d. ved å tilføre eit tynt lag (1-2 cm) med masse som tilsåast med 1-årig gras og som så får naturleg vegetasjon. Vegen vert brukt i samband med vedlikehald av dammen i Gravdalen (noko som ikkje skjer kvart år), og vil likevel kunne nyttast. Vedlikehald av dammen i Gravdalen bør då skje ved bruk av helikopter. Å få vegen til å framstå meir som ein god sti vil vere ein svært stor gevinst i høve til naturkvalitetane i området. Tilstelling av Gravdalsvegen bør følgjast opp som eit eige prosjekt i samarbeid med Hydro, grunneigarane og kommunen.

Vegkantane på Koldedalsvegen og Glitterheimsvegen kan med fordel stellast til med tilføring av eit tynt jordlag for naturleg revegetering. Dette vil gjere vegane langt mindre dominerande i landskapet.

Hydro fekk i 2001 konsesjon for bygging av Nye Tyin kraftverk, og samstundes vart konsesjonen for det gamle Tyin kraftverk fornya. I konsesjonsvilkåra ligg att det skal vere ein full gjennomgang av alle anlegg i det gamle kraftverket for å sjå på korleis desse skal stellast til. Denne gjennomgangen er enno ikkje gjort, men ein slik gjennomgang vil bli gjort saman med kommunane, NVE og fylkesmannen.

Rivinga av telefonlinja ned Veslådalen til Gjendebu i Den Norske Turistforening sin regi i 1994 er eit positivt døme på opprydding etter tidlegare inngrep. Der var og sjølve gjennomføringa av arbeidet utført på ein fin måte.

Retningslinjer:

Uheldige/skjemmande inngrep skal vurderast om dei skal reparerast/stellast/fjernast eller om det beste er å la naturen gå sin gang.

Tiltak:

Undersøke om uheldige inngrep bør/kan reparerast/stellast/fjernast, m.a. Gravdalsvegen

Gjennomføre reparasjon/tilstelling/fjerning og andre tiltak som vegetasjonspleie av tippar, vegar og andre uheldige inngrep i verneområda. Dette skal skje i samarbeid med berørte partar, somgrunneigarane, kommunane, Hydro og NVE.

8. BRUKARINTERESSER – RETNINGSLINJER OG TILTAK

Vedtaket om oppretting av Jotunheimen Nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde med verneforskrifter inneber ei rekkje utfordringar til forvaltning av området. Seinare har det kome til fleire nye og sentrale problemstillingar. Dette avsnittet om brukarinteresser er ein gjennomgang av problemstillingar som erfaring tilseier er mest aktuelle. I forvaltningsplanen blir det berre trekt opp retningslinjer og aktuelle tiltak, og det vert såleis ikkje teke avgjerd/løyve om kva som kan gjerast. Det må skje gjennom vedtak i eige brev frå Fylkesmannen.

Verneforskriftene er det juridiske grunnlaget for kva som kan tillatast i verneområda. I nasjonalparken skal landskapet i utgangspunktet «vere verna mot inngrep av alle slag» (framlegg til verneforskrift § 3, 1.1). I landskapsvernområdet er «alle inngrep som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter» forbode (framlegg verneforskrifta § 3, 1.1). Verneforskriftene saman soneinndelinga vil vere retningsgjevande for vurdering av søknader og spørsmål om ulike tiltak. I tillegg til løyve etter vernereglane treng alle tiltak både i og utanfor verneområda løyve frå grunneigarar og eventuelt kommunen (for unnatak jf. t.d. friluftsløva § 35).

8.1. LANDBRUK

Husdyrbruk og beiting

Etter verneformålet for nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til m.a. landbruk (framlegg verneforskrift § 2). Også for landskapsvernområdet framgår det av formålet at områda skal kunne nyttast til m.a. landbruk (framlegg verneforskrift § 2), jf. at landskapsvernområdet ikkje skal vere til hinder for drift av gardsbruka Vetti, Lauvhaugen og Flaten, vern skal ikkje vere til hinder for vanleg jordbruksdrift i utmarka, og at planar om endra bruksformer som kan ha vesentleg innverknad på landskapets art eller karakter, skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta (framlegg verneforskrift § 3, 1.2 a.).

I følgje verneforskrifta for nasjonalparken kan opparbeidde turistruter og -løyper leggjast om eller leggjast ned dersom omsynet til m.a. beitedyr tilseier det (framlegg verneforskrift § 3.5.5 NP og § 3.4.5 LVO). Eksisterande setrer kan oppretthaldast og skjøttast (framlegg verneforskrift § 3, 1.1 NP). Større endringar i seterdrifta skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta (framlegg verneforskrift § 3.1.3 g NP). Vidare er beiting tillate, men Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere beiting som kan skade eller øydeleggje naturmiljøet (§ 3.2.2 og 2.4 NP og § 3.2.2 LVO)

Statsallmenningane blir forvalta etter fjellova av 6. juni 1975 nr. 31. I følgje framlegg til verneforskrifter § 3.8 (NP), kan bruksrettar og allmenningsrettar utøvast i «den grad dei ikkje kjem i strid med vernereglane for nasjonalparken». Vedhogst til brensel i kraft av gamle bruksrettar er tillate etter utvising frå forvaltningsstyresmakta.

I Jotunheimen nasjonalpark er det berre på Memurubu det er seterfeste med seter i drift i dag (dyr på beite). På Gjendebu har det tidlegare vore seter, men det er ikkje seterfeste knytt til staden i dag (”falt i det fri” jfr Fjellova). Pr. i dag er det lite aktuelt med endringar i seterdrift. I Utladalen landskapsvernområde er det ingen aktive setrer i bruk, men beitedyr (sau) mange stader.

Det landbruket som dei seinare åra har vore utøvd etter at setringa vart nedlagt, er beite med bufe. I Veodalen og Storådalen/Veslådalen (Gjendebu) er det i dag organiserte fedrifter. Sau beiter over relativt store område, særleg i Russdal-området, Gjende-området og i Utladalområdet ved Guridalen. I samband med fedriftene kan det koma ønskje om bygging av anlegg som gjerde, bruer og klopper. Slike konstruksjonar vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Vurderinga vil m.a. henge saman med kor urørt området er og i kva for sone det ligg og om det er konstruksjonar på staden.

Som hovudregel vil det ikkje bli gjeve dispensasjon frå verneforskrifta til nye byggverk i område der det ikkje er bygningar frå før. I urørte område og vernesone kan ikkje dette påreknast i det heile.

Det kan kome ønskje om istandsetjing av eldre husvære, stolar og naust i samband med landbruksturisme. Vurderinga her vil vere dei same som for byggverk/konstruksjonar i samband med beiting av bufe, dvs. eit løyve til nye bygningar sit langt inne og vil berre bli gjeve i område der er liknande bygningar frå før, t.d. stølsområde.

Det er gjeve løyve til bygging av fe-stengsel i Storådalen og Veslådalen. Krav som må stillast til slike stengsel er at dei skal vere minst mogleg skjemmande i terrenget og at dei skal byggast naturvenlege og ha ei tradisjonell utforming. Vidare at dei skal haldast godt vedlike når dei er i bruk. Det må og stillast krav om opprydding når bruk ikkje lenger er aktuelt. Ein føresetnad for bygging av slike gjerde er at dei ikkje stengjer for vanleg ferdsel.

Gjerde rundt gamle setrer og setervollar som ikkje lenger er i bruk, og som blir vurdert til ikkje å ha nokon kulturell verdi, skal fjernast.

Fylkesmennene kjenner ikkje til noko forhold som tilseier at det er aktuelt å forby beiting i nokon del av verneområda.

Løyve til bygging av jordbruksveg for utnytting av beiteområda i Utladalen (p. III 1.2. i gamal verneforskrift for nasjonalparken) er det ikkje lenger høve til å gje. Dette vart avklart gjennom Miljødepartementet si handsaming av dette i 1985. Punktet er difor teke ut av framlegget til ny verneforskrift. Dei indre områda i Utladalen, området Vettismorki - Vormeli - Skogadalsbøen - Guridalen, er ein av få fjelldalar med skog i Sør-Noreg som ikkje er tilgjengeleg med bil/traktor. Mangfaldet i området er særleg stort.

For å halde viktige kulturlandskap i hevd er det naudsynt med beiting. Skjøtsel i verneområda bør baserast på skjøtelsplanar. Då kan det vere aktuelt å nytte forvaltningsmidlar til kulturlandskapstiltak som beiting og slått.

Etter framlegg til verneforskrift for nasjonalparken, § 3.2.3 (NP), kan fylkesmannen gi løyve til hogst av ved til brensel for hyttene skje etter utvising frå forvaltningsstyresmakta. Dette bør, dersom det gjeld større uttak av ved, skje etter ein særskilt plan. I nasjonalparken bør noko av bjørkeskogen stå urørt både for å ha referanseområde og av omsyn til det biologiske mangfaldet. I landskapsvernområdet er hogst av ved til eigen bruk og til hytter tillate når dette vert gjort som plukkhogst, men urskogprega furuskog og holde tre og stammer som er eigna som buplass for fugla må likevel ikkje fellast (framlegg ny verneforskrift § 3.2.3)

Tamreindrift

Det er teke omsyn til utøving av tamreindrift ved at det i verneforskriftene for nasjonalparken i §3.5.5 står at forvaltningsstyresmakta kan leggje om eller krevja fjerna merking av stiar og løyper dersom tilhøva til m.a. tamreindriften tilseier det. Vidare er tamreindriften innarbeidd i framlegget til nye verneforskrifter § 3.6.3b. ved at det kan gjevast løyve til motorferdsel i samband med tamreindrift.

Aktuelle anlegg i samband med tamreindrift er sperregjerde og gjetarhytter. For slike innretningar bør dei same retningslinene gjelde som for landbruket elles. Plastband skal som hovudregel ikkje nyttast som stengsel. Dersom det likevel er naudsynt, skal det brukast i svært korte periodar.

Det synest å vere eit sikkert beitegrunnlag for det reintalet som beiter innanfor nasjonalparken i dag, og ein god balanse mellom tamreindriften og friluftslivet. Det er difor ikkje store konflikhtar mellom desse.

Omfanget av tamreindriften i området er som følgjer:

Lom Tamreinlag:

Vinterstamme ca 2400 dyr

Produksjon/tilvekst. ca 1700 dyr

Vågå Tamreinlag

Vinterstamme 2300 dyr

Produksjon/tilvekst ca 1600 dyr

(Fram Tamreinlag i Vang kjem egentlig ikke i berøring med nasjonalparken då dei har beite sør for Bygdin, men har ei vinterstamme på 3000 dyr og ein produksjon/tilvekst på ca. 1900 dyr)

Retningslinjer:

Landbruksiltak som fremjar verneformålet, m.a. ivaretaking av kulturlandskapet, vil få positiv handsaming. Nye konstruksjonar i samband med landbruksdrift vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Løyve til nye byggverk i område der det ikkje er slike frå før vil som hovudregel ikkje bli gjeve.

Skjøtsel i verneområda bør baserast på skjøtselsplanar.

Tiltak:

- Sjå til at konstruksjonar ikkje verkar skjemmande. Sjå til og at det blir rydda opp i konstruksjonar som ikkje lengre er i bruk dersom dei blir vurdert til ikkje å ha kulturell verdi.*
- Følgje med om talet på beitedyr er i samsvar med beitegrunnlaget*

8.2. TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST

I tillegg til turisthyttene (sjå kap. 3.3.6., s.21) er det i verneområda og nokre private hytter som normalt ikkje er til utleige. Desse ligg i hovudsak ved Gjende og i Vettismorki, og dessutan ei hytte ved Russvatnet. Vågå fjellstyre, Lom fjellstyre og fjellstyret for Luster Austre statsallmenning har til saman 7 oppsynshytter i nasjonalparken. Desse kan i periodar vere utleigde.

I tilgrensande område til nasjonalparken er det omlag 20 større og mindre turisthytter/hotell, som til dømes Gjendesheim, Bessheim, Spiterstulen, Leirvassbu, Krossbu, Sognefjellshytta, Turtagrø, Fondsbu, Torfinnsbu og Bygdin.

I nasjonalparken er landskapet verna mot inngrep av alle slag, herunder m.a. oppføring, utviding eller ombygging av bygningar (framlegg verneforskrift § 3, 1.1a). Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til mindre utviding eller ombygging av eksisterande bygningar og til bygging av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthyttene (framlegg verneforskrift § 3.1.3a). I landskapsvernområdet er alle inngrep som vesentleg kan endra landskapets art eller karakter forbode, medrekna m.a. oppføring av bygningar, anlegg m.v. (framlegg verneforskrift § 3.1.1). Vanleg vedlikehald er tillate. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til m.a. ombygging og utviding av eksisterande bygningar (framlegg verneforskrift § 3.1.3a), oppføring og og mindre utviding av bygningar og innretningar som er naudsynte for drift av turisthytter til utviding av eksisterande og oppføring av nye bygningar som er naudsynte for landbruksformål og istandsetjing av seterhus (framlegg verneforskrift § 3.1.3). .

Søknad om oppføring av nye bygningar på stadar der det ikkje finst bygningar frå før, er uheldig i høve til verneverdiane og vil ikkje få løyve.

Dei siste byggje arbeida/utvidingane av turisthytter i nasjonalparken/landskapsvernområdet som det er gjeve løyve til er

- Memurubu - 1999 - betjeningsbustad
- Skogadalsbøen (1996, utviding sengetal og betjeningsbustad??)
- Fannaråkhytta (2000 utviding sengetal)
- Gjendebu – 2005, sanitærbygg

Det vil på bakgrunn av handsaminga av Kgl. Res. i 1980 ved opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vere lite aktuelt å gje løyve til bygging av nye turisthytter og andre hytter, med unntak av dei det vart gjeve opning for i samband med oppretting av verneområda (jf foredraget til Kgl. Res.). Søknad om auke i kapasiteten ved eksisterande hytter må vurderast konkret m.o.t. om behovet har vist seg over lang tid. Det vil vere uheldig å auke standarden på turisthyttene. Med ”auke i standard” meiner fylkesmennene at det å gå bort frå fellesløyningar som felles toalett-, dusj-, tørke- og opphaldsrom er uønskt standardheving. Søknader om høgare standard kan vere problematisk fordi det kan føre til behov for meir motorferdsel for transport av proviant og utstyr. Høg standard vil til vanleg også gje auke i energibehovet. Det kan føre til ønskje/ krav om nye inngrep som mikrokraftverk, og/eller at ein må ha store aggregat med høg forbruk og dermed høgt transportbehov. Det gjev auka motorferdsel som resultat, noko som ikkje er ønskjeleg i verneområda.

Særleg ved hyttene i dei sentrale stroka av nasjonalparken (jf. m.a. teig 5) er høgare standard lite aktuelt. Her bør opplevingsverdiar som urørt natur, stillheit og lite markslitasje tilleggast stor vekt. Enkel standard på hyttene er og meir i samsvar med eit enkelt og lite ressurskrevande friluftsliv. Hyttene blir på denne måten ein del av fjellopplevinga i nasjonalparken. Offentlege pålegg vedrørande til dømes brannforskrifter, krav til kjøkken og handtering av kloakk og gråvatn kan også presse fram endringar på turisthyttene. Slike tiltak vil bli vurdert etterkvart.

Mikrokraftverk for turisthyttene må vurderast konkret m.o.t. føremoner og ulemper, t.d. motorferdsel av diesel og støyproblem opp mot fråver av vassdragsnatur og inngrepa som bygging av mikrokraftverk inneber. Skogadalsbøen har lansert planar om bygging av mikrokraftverk som skal stå for straumforsyninga til turisthytta. Dette for å redusere helikoptertransport av diesel til motoraggregat. Det ligg og føre forslag/idear om minikraftverk både på Gjendebu, Glitterheim (Storåe) og Memurubu (Hestbekken) Memurubu turisthytte har eit minikraftverk frå 1972 (dvs. før nasjonalparken vart oppretta), effekt ca. 60 kW. Mikrokraftverk kan i nokre tilfelle vere ei god løysing ut frå ei total miljøfagleg vurdering. Det vil ikkje vere rett å tillate nye vasskraftutbyggingar i nasjonalparken for å dekkje energibehovet for turistbedrifter med høg (hotell-liknande) standard. Fylkesmannen meiner at mikrokraftanlegg nokre gonger kan vere ei løysing dersom inngrepa er små, lite synlege, inntaket av vatn lite og at krafta skal brukast på staden. Ein stad det har vore lufta om det kan gjevast dispensasjon for å kunne setje opp ei ny (sjølvbetjent) turisthytte. DNT har teke opp om det kan vere mogleg å få løyve til å byggje sjølvbetjeningshytte ved Russvatnet fordi ruta mellom Glitterheim og Gjendesheim er for lang for mange av fotturistane. Det kan vere problematisk med ei mindre ubetjent hytte mellom 3 store betjente hytter ut frå kapasitetsomsyn. Ei nedkorting av rutene her vil til ein viss grad leggje føringar for kor lange rutene skal vere elles i nasjonalparken. Ei gradvis nedkorting av rutene som kan føre til krav om nye hytter andre stader, er ikkje ønskjeleg. Ei ny turisthytte bør i tilfelle leggjast utanfor nasjonalparken, gjerne i tilknytning til eksisterande bygningar ved Russvassosen.

Skagastølsbu (DNT) er omgjort frå ubetjent turisthytte til naudbu i (2003). Hytta er langt på veg eit kulturminne gjennom sin sentrale plass i norsk klatrehistorie i over 100 år. I hytta har Luster Røde Kors Hjelpkorps lagra ein god del naudutstyr. Det er viktig med gode ordningar med tilsyn og vedlikehald av hytta og tryggleiksutstyr. Dette har no gått seg til.

Memurubu turisthytte fekk løyve til omfattande utviding og nybygg i 1990. I tillegg vart det gjeve løyve til oppføring av betjeningsbustad i 1999. Ein del av byggjetiltaka har fått ei uheldig utforming med terrenginngrep. Dette er bakgrunnen for at Fylkesmannen i Oppland har fekk utarbeidd ein landskapsanalyse for Memurubu (2004). Gjennom denne vert det lagt eit grunnlag for å retta opp feila som er gjort og kome fram til ei betring av situasjonen på staden. Framover vil det vere ei prioritert oppgåve å få til opprydding i området med utkøyring av avfall og overskotsmateriale som er på

området kring Memurubu. Vidare blir revegetering, sanering av unødige vegar, og få ein farge på eksponerte bygg som i mindre grad bryt med omgjevnadene, vere viktig. Den spesielle historia for Memurubu turisthytte gjer at Memurubu ikkje bør setje standard for drift av turisthyttene i nasjonalparken.

I tillegg til dette vart laga planskisse for istandsetting av bryggeområde med toalett for Gjendebåten. Dette vart gjennomført i 2005. Ein oppryddingsplan er no på veg til å bli gjennomført.

For Olavsbu (DNT) har DNT munnleg teke opp mogleg utviding med ei ny hytte fordi overnattingskapasiteten (lager og evt overnatting) i periodar er for liten. Fylkesmannen er ikkje heilt avvisande til dette dersom standarden vert på same nivå. Generelt kan ein auke i overnattingskapasiteten berre vurderast på bakgrunn av pressa kapasitet over ein lengre tidsperiode og ikkje etter enkeltår med høge besøkstal.

Med bakgrunn i verneforskriftene vil det normalt ikkje bli gjeve løyve til oppsetting av private hytter, buer eller naust når slike løyve/lovnader ikkje er gjeve før vernevedtaket kom. Eventuell oppføring av hytter, buer eller naust på statsallmenning bør først opp og eigast av vedkomande fjellstyre. Dersom private hytter, buer eller naust blir til sals, bør forvaltningsstyresmakta vurdere å kjøpe desse slik at dei kan stillast til disposisjon for almen bruk eller fjernast.

Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald bør vere i tradisjonell og lokal byggestil. Forvaltningsstyresmakta vil samarbeide med fylkeskultursjefen om dette.

Retningslinjer:

Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til.

Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området .

Tiltak:

- Samarbeide med kommunane om følge opp tradisjonell byggestil.
- Samarbeide med fylkeskonservatoren om utsjånad på bygg i samband med restaureringsarbeid.
- Halde kontakt med Den Norske Turistforening og private turisthytter om drift av turisthyttene

8.3. FRILUFTSLIV

Friluftsliv er til nytte og glede både for den enkelte og for samfunnet og utgjer eit viktig tilskot til livskvalitet. Dette gjeld vel så mykje i høve til dei psykiske sidene ved friluftslivet som til dei fysiske. I St. meld nr.39 (2000-2001) Friluftsliv, er det eit hovudmål «å styrkje friluftslivet som ein helse- og trivselsskapande, naturvenleg fritidsaktivitet».

Ferdsla i verneområda er i stor grad konsentrert til dei T-merkte rutene og dei kvista skiløypene, som såleis er svært viktige for utøvinga av friluftsliv i området. Vidare er ferdsla konsentrert til påska (ski), vårskiturar i mai, og fotturar i perioden frå omlag 1. juli til omlag 15. september med normalt ein topp kring månadskiftet juli/august og fram til midten av august. Sjølv om det ikkje visast av statistikken, er skiturar frå hytte til hytte om vinteren gått ein god del ned. Det er relativt sjeldan å sjå turgåarar utanfor dei merkte/kvista rutene og dei nemnde årstidene. Unntaket er at det er ein tendens til at fleire går på fjelltoppar. Det synest og å vere ein trend at fleire går i områda utenom dei tradisjonelle feriane. Særleg er omfanget av vårskiturar i nærleiken av høgfjellsvegane aukande.

Utøving av friluftsliv er eit delmål både i nasjonalparken og i landskapsvernområdet. I samsvar med norsk friluftslivstradisjon er det fri ferdsel i verneområda (Allemannsretten). All ferdsel og aktivitet både i og utanfor verneområda skal skje «hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet» (friluftslova §2) og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Den norske friluftslivstradisjonen byggjer på eit enkelt og lite ressurskrevjande friluftsliv, utan motoriserte hjelpemiddel. Utøvinga av friluftsliv kan koma i konflikt med verneformålet og vernereglane både ved konkrete tilretteleggingstiltak og ved stor ferdsel som forringar naturmiljøet. Tilretteleggingstiltak vil m.a. redusere det urørte naturpreget i eit område.

Nye former for friluftsliv har mange positive sider. Viktig for å vurdere dette er om aktiviteten kan vere til skade for naturmiljøet, krev enkel tilrettelegging, ikkje fortrengrer/uroar det tradisjonelle friluftslivet med fotturar og skiturar. Det tradisjonelle friluftslivet er nok meir oppteken av stillheita og roen i naturen enn å bruke naturen som ein base for personlege utfordringar. Viktige faktorar her er m.a. om ein aktivitet har høg fart (hastigheit), om det er areal- eller luftromkrevjande aktivitetar og gjennom det kan gjere skade på natur- og dyreliv, og om aktiviteten er til sjenanse for andre som utøver friluftsliv i nasjonalparken. Døme er på aktivitet som *kan* vere uheldige er kiting (skisegling) som har så høg fart at dei kjem kjem så raskt at dei uroar villreinen meir enn vanlege turgårarar, og terrengsykling på stiar i høg fart kan skremme turgårarar.

Etter Naturvernlova § 22 er det høve til å forby ferdsel heile året eller delar av året dersom det er vurdert som naudsynt for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske førekomstar i verneområda når særlege høve tilseier det. Vurdert ut i frå naturgrunnlaget synest ikkje slike reguleringar å vere aktuelle no. Slike forbod har ikkje tradisjon i Noreg, og er heller ikkje ønskjelege m.a. av omsyn til allemannsretten i utmark. Så langt det er mogleg bør ein leggje opp til å styre ferdsla utanom sårbare område gjennom kanalisering og tilrettelegging. Dei T-merkte stiane og kvista løypene i påska er difor viktige. Omsynet til t.d. villreinen, kjente hekkelokalitetar for rovfugl og andre sårbare artar kan tilseie ei slik styring av ferdsla.

Noko eksakt tal på kor mange personar som besøker verneområda og kva for område som er mest nytta til friluftsliv, finst ikkje. «Hytte(-til-hytte)-friluftslivet» har vore dominerande i Jotunheimen fram til no. Frå 1985 til 1992 auka talet på overnattingar i verneområda. Frå 1993 til 2000 heldt talet på overnattingar halde seg stabilt, men etter dette har det vore ein auke. Brukarundersøkingane frå 1992-2002 tyder på at det er ein auka bruk av nasjonalparken generelt, men at type bruk og brukargrupper har endra seg. Det er ønskjeleg å utarbeide betre statistikk som dokumenterer utviklinga av bruken av området. Det kan vere aktuelt å gjennomføre brukarundersøking kvart 10 år.




Fig. 2. Overnattingar på DNT sine turisthytter frå 1985 til 2003 (opplysningar frå DNT). Bygges ut med tall frå 2004 og 2005. (blir oppdatert før trykking)




Fig. 3. Transporterte personar med turistbåtane på Gjende i perioden 1980 til 2005 (opplysningar frå Harald Øvstedal, Vågåmo). (blir oppdatert før trykking)

Dei siste 10 åra har det vore ein markert auke i talet på dagsbesøk i verneområda (jf brukarundersøkingane), m.a. frå folk som tek fleire dagsturar etter kvarandre, gjerne til særleg attraktive turområde, t.d. Galdhøpiggen og Hurrungane. Auka ferdsel og slitasje kjem difor i hovudsak av fleire ein-dags turar frå populære innfallsportar.

I følgje brukarundersøkinga frå 1992 var dette dei mest nytta turruter (dagsturar og fleirdagarsturar):

• Besseggen	32%
• Spiterstulen innover Visdalen	22%
• Glitterheim - Spiterstulen	16%
• Avdalen/Vetti	15%
• Bukkelegeret	15%
• Leirvassbu - Visdalen - Uradalen	14%

I 2002 var dei mest nytta turmåla for dagsturar (for dei som hadde fleire dagsturar) følgjande:

• Galdhøpiggen	41%
• Besseggen	41%
• Glittertind	22%
• Utladalen	19%
• Fanaråken	17%

På nokre av dei mest brukte turrutene er det vegetasjonsslitasje og erosjon. Det er nokre stader som særleg peikar seg ut. Det gjeld særleg opp- og nedstiging på Besseggenruta frå Memurubu og Gjendesheim. Delar av stien frå Skogadalsbøen til Vetti har slitasje, det same gjeld frå Gjendebu til Svartdalen, og i Vesleutladalen Utviklinga vil bli følgt i desse områda, og dessutan område der det har vore problem tidlegare (m.a. Skagadalen, framfor Bøverbreen og Leirungsdalen).

På Besseggenruta over Memurubu og over Gjendesheim har terrengslitasjen vore så omfattande at det i 2005 er sett i gong eit stort prosjekt med reparasjon av stien. Prosjektet er eit samarbeid mellom DNT, SNO, Fylkesmannen i Oppland og fjellstyra i Lom og Vågå sett i gong eit stort prosjekt for å rette opp skadene og lage ein sti med ein standard som er tilpassa omfanget av ferdselen og for å stanse erosjonen. Det er behov for tiltak gjennom fleire år, både på stien opp frå Memurubu og frå Gjendesheim. Ein er avhengig av offentlege midlar for å slutføre tiltaket. Sentralt i prosjektet har vore å nytte erfaringar fra internasjonale fagmiljø og byggje opp fagkompetanse på dette, som kan nyttast andre stader i nasjonalparken, i regionen og landet elles. Informasjon om prosjektet og dei tiltaka som blir utført vil bli prioritert. Prosjektet er fleirårig og har ei kostnadsramme på kr. 1,2 mill årleg. I prosjektet ligg det også ei vurdering av andre stiar i verneområda med tanke på spesielle tiltak. Prosjektet startar frå Memurubu-sida i 2007, og vil tidlegast vere avslutta i 2009.

Frå midtsommars 2006 har det vore teke i bruk ferdselsteljarar på Besseggenstien, og det er truleg nærare 50 000 personar som går over Besseggen kvart år.

Det er og slitasjeproblem i myrlendt terreng. Dugnadsgjengar frå Den Norske Turistforening og andre har utført mykje godt arbeid med dette, m.a. i Utladalen og opp mot Fannaråken frå Helgedalen.

Nokre område er og brukt til Breturar og klatring. Galdhøpiggen-området med Svellnosbre- og Smørstabbre-området synest å vere dei mest etterspurde områda for brevandring. Her er det slitasjeproblem i tilkomstområda/stiane. Det meste av fjellklatringa er konsentrert til Hurrungane-området. I dei mest brukte klatreområda har det etter kvart blitt mange sår/merke etter stegjern frå vinterklatring. Vidare er det problem med søppel (boltar, rapellslyngar) på dei rutene som er mykje nytta (t.d. St. Skagastølstind). Dette er lite ønskeleg og reduserer opplevingsverdien i området.

Smørstabbre-, Fannaråk- og Leirungsdal-området, er særleg ettertrakta skiturområde om våren/tidleg sommar. Aktiviteten har auka dei siste åra, noko som i stor grad har samanheng med at vegen over Sognefjellet og vegen over Valdresflya no er brøytta frå omlag 1. mai. Stor aktivitet i Øvre-Leirungsdalen om våren/tidleg sommar kan påverke fuglebiotopane der. Det er førebels ikkje utført registreringar på dette. Leirungsdalen er også eit viktig beiteområde for tamrein. Det er ei oppgåve for oppsynet å følgje med i utviklinga og om vårskiturane medfører konflikstar i høve til fauna, flora og spesielle naturverdiar.

For organisert ferdsel som DNT og andre turlag sine fellesturar, sjå pkt. 8.9 om Organisert ferdsel.

Retningslinjer:

Verneområda skal vere til glede for friluftsliv som byggjer på norske friluftslivstradisjonar.

Tiltak:

- Halde oversikt over bruken av områda når det gjeld både vanleg friluftsliv*
- Dersom omsynet til naturkvalitetane tilseier det, skal naudsynte tiltak gjennomførast for å unngå/eliminere skader som skuldast friluftslivet.*
- Følgje med i utviklinga m.o.t. vårskiturar og moglege konflikhtar i høve til fauna, flora og spesielle naturverdiar.*
- Følgje med utviklinga til nyare former for friluftsliv*
- Følgje med i slitasjeproblem som følgje av ferdsel og tilrettelegging og evt. setje i verk tiltak*

8.4. INNFALLSPORTAR (TILGJENGE TIL OMRÅDA)

Ferdsla i eit område vil i stor grad hengje saman med kor lett det er å kome dit. Både Jotunheimen og Utladalen er lett tilgjengeleg, særleg om sommaren. Det går då bilvegane både inn i sjølve områda, inntil og nær opp til vernegrensene. Fleire stader er bilvegane inn mot Jotunheimen private (døme Visdalen, Leirdalen, Veodalen), og bruken av nasjonalparken er såleis avhengig av at desse vegane er i god nok stand.

At det er gode tilhøve ved innfallsportane til Jotunheimen er avgjerande for å lukkast med å få folk til området, at dei skal få ei god oppleving, og for at dei skal kome tilbake. M.a.o. for at reiselivet skal kunne bruke nasjonalparken og landskapsvernområde som ein del av infrastrukturen for å trekkje turistar til området og for at folk som bur i nærleiken skal ha glede av naturen her. Informasjon ved innfallsportane er såleis langt på veg viktigare enn all annan informasjon. Arbeidet med å få til landskapsmessig fine P-plassar og høveleg og godt designa informasjon ved innfallsportane er svært viktig for reiselivet kring Jotunheimen og Utladalen. Arbeidet som er gjort gjennom skiltmalgruppa i Nasjonalparkriket i Nord-Gudbrandsdal vil vere viktig for å få til ei naudsynt kvalitetsheving.

Kapasiteten på parkeringsplassar for dei som ønskjer å besøke områda er nokre stader i minste laget. Av omsynet til opplevingsverdien og naturkvalitetane i verneområda, bør hovudregelen vere at nye parkeringsplassar ikkje skal byggast heilt opp til vernegrensa eller slik at dei er lett synlege frå verneområda. Forvaltningsstyresmakta er avhengig av eit godt samarbeid med grunneigarar og kommunen, og dessutan tilførsel av ressursar/forvaltningsmidlar for å lukkast med å gjere innfallsportane gode og attraktive.

Også tilrettelegging ved innfallsportar må ta omsyn til naturmiljø og dyreliv, som omsynet til villreinen, før dei vert sett i verk.

Nedanfor følgjer ei kort tilstandsvurdering og tiltaksplan for dei mest nytta innfallsportane. Tilstandsvurderinga gjeld tal P-plassar og organisering av desse, informasjonstavler, toalettbehov.

Byggin/Torfinnsbu: Parkering ved Byggin Høgfjellshotell med litt liten kapasitet. Rutebåt på Byggin.
Aktuelle tiltak:

- Oppsetting av informasjon om nasjonalparken og landskapsvernområdet ved Byggin Høgfjellshotell og Torfinnsbu
- Enkelte stitilretteleggingstiltak kan vurderes på enkelte punkt

Valdresflya: P-plass ved vandrarheim, men planar om ny P-plass i samband med Nasjonal turistveg over Valdresflya, med kort fottur (rundtur) herifrå. Behov for nasjonalparkinformasjon.

Vargebakken: Stopp-punkt på Nasjonal turistveg. *Aktuelle tiltak:*

- NP-info koordinerast med turistvegprosjektet sin informasjon.
- Tilrettelegging av korte turruter .
- Tilpasse/markedsføringa av Knutshø i høve til sårbare artar og vanskegrad.

Gjendeosen/Reinsvangen: P-plass på Gjendeosen ligg eksponert til mot nasjonalparken, P-plassen er opprusta og bedre avgrensa de seinare år, og har avgrensa kapasitet. Reinsvangen har bra kapasitet, og det er etablert skyttelbuss og T-merkt sti mellom P-plassane. Informasjonen om nasjonalparken vart i 2005 samordna i 2 informasjonsmoduler saman med lokalinformasjon, reiseliv, parkering/båtruter med meir etter rammer lagt av satsinga "Nasjonalparkriket". I høgsesongen er det lang kø for å kome med båten. *Aktuelle tiltak:*

- Vidareføring av stitilrettelegging på stien opp fra Gjendesheim
- Styling av biltrafikk bort fra bryggeområde og til P-plass Reinsvangen.
- Estetisk tilpasning av nåværende og evt. nye bygg (lagerbygg Gjendebåten)..
- Innføring av forhåndsbestilling av plass på Gjendebåten

Det er også planar om tiltak i samband med Nasjonal Turistveg over Valdresflya. Dei fleste av desse tiltaka bør skje ved Reinsvangen.

Bessheim: Relativt høg ferdsel som har gjeve stislitasje og erosjonsproblem på parti på strekninga opp til Bessvatn. Ved nasjonalparkgrensa ved Bessvatnosen er det eit område som er mykje brukt til telting. I periodar har det vore problem med forsøpling her. På sikt er tiltak naudsynt med det omfanget ferdsla har i dag, m.a. informasjon der stien startar ved Bessheim. T-merking av stien nord for Bessvatnet er aktuelt. *Aktuelle tiltak:*

- Nasjonalparkinformasjon ved Bessheim, informasjon om avfall/forsøpling
- Stitilretteleggingstiltak på strekninga Bessheim-Bessvatnosen

Veodalen: Her er relativt stor og populær P-plass. Utleige av sykklar frå Glitterheim. Det er sett opp søppelstativ som vert tømte dagleg av Glitterheim turisthytte. *Aktuelle tiltak:*

- Oppgradering av infotavle (samordning, jfr. skiltgruppa)
- Bord/benkar, bygging av do, større p-plass, sykkelstativ
- Sterkere marknadsføring av kulturminne/naturkvalitetar i Veodalen

Visdalen – Spiterstulen: Rimeleg bra ordna parkeringstilhøve men til tider for liten kapasitet. Både stien opp til Galdhøpiggen, stien etter Visdalen og stien mot Svellnosbreen er prega av høg ferdsel med stor slitasje/erosjon på enkelte punkt. *Aktuelle tiltak:*

- Informasjon om nasjonalparken kan oppgraderast både utanfor og inne i turisthytta
- Betre samordning/lokalisering av all informasjon knytt til utfart/fjellføring/camping.
- Klarare avgrensing av arealet som er avsett til camping, (evaluere campingtilhøva ved turisthytta)
- Stitilretteleggingstiltak på stien både til Galdhøpiggen, Svellnosbreen og innover Visdalen må vurderast.
- Utviding og betre markert arrondering/avgrensing av P-plassen.

Rauebergstulen/ Juvasshytta: Området er i dag prega av ein del tekniske inngrep, med skisenter, bygningar, parkeringsplass i eit ope høg fjellslandskap og landskapsmessig sårbart område. *Aktuelle tiltak:*

- Auke av parkeringskapasiteten er naudsynt, arbeid igangsett 2006 (med statstilskot).
- Samordning/oppgradering av nasjonalparkinformasjon

Leirdalen – Leirvassbu med P-plassen ligg noko eksponert til, og landskapet er sårbart for nye større tekniske inngrep. *Aktuelle tiltak:*

- vidareutvikling og profilering av pågåande natur/kulturinformasjonsarbeid i Leirdalen/Storbreen/Leirvassbu
- oppgradering og flytting av NP-info ute,

Sognefjellet (Krossbu, Fantestein, Sognefjellshytta, Prestesteindammen): Frå Sognefjellet er det fleire viktige innfallsportar med gode parkeringstilhøve. Fantestein kan vere viktig både historisk og som utgangspunkt for ein kortare fottur. Stien inn til Bøverbreen (ligg utafor NP) er utsett for slitasje då det er fleire blaute parti her. Kavl-legging på dei mest utsette partiene vart gjennomført sommaren 2004.

Aktuelle tiltak:

- generell oppgradering av NP-info.
- omplassering av NP-informasjonstavla ved Sognefjellshytta
- informasjonstavle ved Krossbu og betre skilting av turrutene
- NP-info ved Fantestein. Merking av kort fottur til nærliggjande høgde
- NP-info ved den store P-plassen ved Kammerherren (nasjonal turistveg P-plass)
- NP-info på P-plass Preststeinsdammen
- NP-info på P-plass Storfonni
- innstegsområdet til Bøverbreen bør overvåkast spesielt med tanke på forsøpling.

Helgedalen: Mange startar turen til Fanaråken og Skogadalsbøen her. P-plassen er for liten/ikkje opparbeidd. *Aktuelle tiltak:*

- opparbeiding av P-plass
- nasjonalpark-info

Turtagrø er viktigaste innfallsport til Skagadalen og Hurrungane. Stor NP-tavle er oppsett. *Aktuelle tiltak:*

- Vurdere oppsetting av toalett når avtalen Luster kommune har med Turtagrø Hotell går ut i 2011(?)

Ringsdalen (på vestsida): Det går ein anleggsveg om lag 1 km innover frå der den tek av frå fjellvegen Årdal-Turtagrø. Tilhøva kan vere kaotiske, då det er terrenget som stoppar motorferdsel innover.

Aktuelle tiltak

- Oppsetting av vegbom på høveleg stad
- Avgrensing/opparbeiding av P-plass
- NP-info

Soleiebotnen: Mange startar turen til Store Soleietind ved ein liten P-plass der elva frå Soleiebotnene kryssar fjellvegen Årdal-Turtagrø. *Aktuelle tiltak*

- NP-info

Berdalen: Mange startar turen til Austabotntindane rett nord for vegbommen på fjellvegen Årdal-Turtagrø. Her er det svært dårlege P-tilhøve. *Aktuelle tiltak:*

- Opparbeiding av ein mindre P-plass
- NP-info

Utladalen: Hjelle i Utladalen er hovudinnfallsport frå Årdal inn i Jotunheimen. Stor P-plass om lag 200 m frå grensa, lita P-plass rett ved. Infotavle og toalett ved den store P-plassen finst. Utladalen naturhus har god informasjon om verneområda. Det er utarbeidd skjøtselsplan for området. *Aktuelle tiltak:*

- Klårare skilting om at parkering skal skje på første P-plass

Tyin/Eidsbugarden: Her er det velordna parkeringstilhøve, nye tavler i 2003. Stislitasje på strekninga langs Bygdin mor Gjendebu. *Aktuelle tiltak:*

- Oppgradering av nasjonalparkinformasjon der stiane går inn i nasjonalparken (Mjølkedalen, Veslådalen).
- Enkelte stiltilretteleggingstiltak kan vurderast på enkelte punkt på stien til Mjølkedalen

Kolledalen: Vegen er lagt lite skånsamt i terrenget, på store utferdsgar er det preg av parkeringskaos. *Aktuelle tiltak:*

- Gjennomføring av plan for tverrstilt parkering langs vegen i samarbeid med landskapsarkitekt. Svak utfylling og omplassering av stein på egnede steder.
- Oppsetting av nasjonalparkinformasjon ved parkeringslomma nærast bommen.
- Partia på stien nærast parkeringen/bommen kan krevje enkelte tiltak.

Om vinteren er dei mest nytta utgangspunkta for turar Gjendesheim, Spiterstulen (frå månadsskiftet januar-februar), Leirdalen, Turtagrø og Tyin. Frå omlag 1. mai opnar Valdresflya og Sognefjellet og er dei mest populære utgangspunkta for vårskiturar i verneområda.

Både i Gravdalen (frå Leirvassbu) og i Veodalen (inn til Glitterheim) går det bilveg omlag 7 km. inn i nasjonalparken. Det er parkeringsplass ved nasjonalparkgrensa. I Utladalen er det bygd veg inn til Vetti Gard, omlag 6 km. inn i landskapsvernområdet, og parkeringsplass ved Hjelle utanfor landskapsvernområdet. Koldedalsvegen inn i Utladalen landskapsvernområde er open for ålmenta fram til bommen ved Uradøla der grensa for landskapsvernområdet går. Bruken av Vettisvegen og Gravdalsvegen er i tillegg til vernereglane også regulert med egne reglar. Etter vernereglane er all motorferdsel på alle desse vegane forbode, med nokre få unntak.

Både på Bygdin og Gjende går det faste båtruter. Med unntak av sjølve Gjendeosen med Gjendesheim turisthytte, ligg heile Gjende i nasjonalparken og strekkjer seg omlag 19 km. inn i «hjartet» av nasjonalparken. Rutebåten går mellom Gjendesheim, Memurubu og Gjendebu. Bygdin ligg utanfor verneområda, men grensar opp til. Her går båten i rute mellom Bygdin, Torfinnsbu og Eidsbugarden.

Gjendebåten AS har to turist- og rutebåtar på Gjende, med ein transportkapasitet på 100 og 80 passasjerar. Den nyaste båten er frå 2006, går om lag 20 knop, og er betre tilpassa funksjonshemma. Utskifting av rutebåtane på Gjende og drifta av dei skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta (framlegg til verneforskrift § 3, 6.3g, gjeldande verneforskrift pkt. IV, 5.2.3). Det vil ikkje vere aktuelt å gje løyve til bruk av fleire enn to rutebåtar på Gjende, eller gje løyve til persontransport til fleire aktørar samstundes. Turisthyttene vil ikkje få løyve til eigen persontransport utover den avgrensa dispensasjonen som det er gjeve løyve til i vintersesongen.

Det har vore drift med rutebåt på Gjende sidan 1906. og det er den det er heimel for (i medhald av løyve) i verneforskrifta (verneforskrifta § 3, 6.3.g). Talet på turistar som blir transporterte med båt på Gjende vart tre-dobla fram til 1990. Ny båt vart satt i drift i 1990. Dei siste åra har tala vore stabilt i overkant av 30 000 reisande. Om lag 75% av dei reisande løyser billett på strekninga Gjendesheim-Memurubu. I løyvet blir det m.a. teke atterhald om at det kan bli aktuelt å regulere transportkapasiteten, ruteopplegget m.m. i samband med forvaltningsplanarbeidet for Jotunheimen og dersom verknaden på naturmiljøet skulle tilseie det.

Motorbåttransport på Gjende kan sjåast på som konflikthøve i høvet vern som nasjonalpark. Med båtane blir det frakta turistar motorisert inn i kjerneområdet av nasjonalparken, med start- og endestad for fotturar midt inne i kjerneområdet, noko som er uheldig. Dette er med på å gjere avstandane i nasjonalparken kunstig korte. Bruken av nokre område i nasjonalparken bør krevja fleirdagarstur. For dei fleste startar fjellturen der motortransporten sluttar. Ei sentral målsetting etter vernereglane er å unngå motorisert ferdsel, også for å redusere motorstøy. Verdier i naturmiljøet og "mystikken" i dei sentrale områda av nasjonalparken blir reduserte og borte ved slik motorisert ferdsel, og opplevinga av desse tilsvarande redusert. Samstundes har motorbåttransporten kanalisierende effekt og gjev mange høve til å oppleve naturen i området på båtturen og gjennom å gå tur. Vidare er båttransport naudsynt for å forsyne turisthyttene Memurubu og Gjendebu med mat og utstyr. Den gjev og funksjonshemma og eldre høve til å oppleve fjellområde som er verna som nasjonalpark. Båtruta på Gjende har dessutan

lange tradisjonar. Turen over Besseggen som den mest trafikkerte er langt på veg ein merkevare og eit kjent turmål for mange.

Det har dei seinare åra vore tendens til at besøkande har bestilt ekstrabåt frå brygga. Dette har hatt eit avgrensa omfang, men er likevel ein uheldig praksis, ved at rask og ikkje planlagt transport inn og ut av fjellområdet får preg av taxi-verksemd. Taxibestilling av motorisert transport skal ikkje kunne skje i ein nasjonalpark. Dette vil det derfor ikkje bli gjeve løyve til.

Det ordinære ruteoppsettet for Gjendebåtane sesongen 2008?? er planlagt slik (endrast noko frå år til år):

	Gjendine 22/6-19/8 dagleg og 25/8, 1/9, 8/9, 15/9	Gjende III 29/6-12/8 dagleg og 18/8, 25/8, 1/9, 8/9	Gjendine 16/6-16/9 dagleg	Gjende III 22/6-16/9 dagleg	Gjendine 7/7-12/8 dagleg
2007:					
Frå Gjendesheim	07.45	08.00	09.45	14.25	16.00
Ank. Memurubu	08.05	08.35	10.05	15.00	16.20
Frå Memurubu	08.10			15.05	
Ank. Gjendebu	08.30			15.40	
Frå Gjendebu	08.35			16.00	
Ank. Memurubu	08.55			16.35	
Frå Memurubu	09.00	08.45	10.15	16.40	16.25
Ank. Gjendesh.	09.20	09.20	10.35	17.15	16.45

I etterkant av forvaltningsplanen frå 1998 var det ein gjennomgang av båtutene på Gjende. Dette førte til klarare retningslinjer for motorbåttransporten, noko som har vore ein fordel for alle partar. På bakgrunn av dette kom ein fram til at:

Båttransporten til/frå Gjendebu skal ikkje overstiga 2 båtavgangar kvar dag. Dersom det står passasjerar att ved ordinær rute, kan ekstratur for å hente dei gjennomførast utan vidare. Ekstraturar ut over dette må det søkjast om. Tal på omsøkte ekstraturar har vore avgrensa til 2-3 turar i året. Det er eit mål å halde slike turar på eit avgrensa nivå. Transportkapasiteten frå Gjendesheim til Memurubu (med tanke på turen over Besseggen) er ikkje avgrensa i gjeldande løyve.

Dette inneber at frakt av folk og varer i området i størst mogleg grad vert kanalisert til rutebåten på Gjende med faste turopplegg.

Når det gjeld rundturar og såkalla "lunsjturar" meiner Fylkesmannen at dette ikkje går under omgrepet *rutebåt* som det er gjeve heimel for i verneforskriften. Ei eventuell opning for slik verksemd må derfor sjåast i høve til den generelle unntaksregelen i verneforskrifta § 4. Med bakgrunn i at det ikkje har vore ei avgrensing på talet på ruteavgangar mellom Gjendesheim og Memurubu, ser vi grunnlag for å kunne opne eit forsøk med rundtur/lunsjturvirksomhet i denne sonen (jfr teig 1). I vestdelen av Gjende som er sentralt i nasjonalparken, og der det frå før er ei avgrensing i ruteavganger, vil det ikkje bli opna for dette. Rundturverksemd vil truleg gje meir båttrafikk og støy. Det vert sett eit tak på to

passasjerbåtar på Gjende. Sightseeingturar (rundturar) med motorbåt kan berre kunne skje etter forutgåande løyve etter § 4 i verneforskrifta.

Retningslinjer:

Ha godt tilrettelagte P-plassar med informasjon der stiar inn i verneområda startar.

Tiltak som legg til rette for å koma inn i verneområda skal ha strenge estetiske krav til utforming.

Motorisert transport av turistar inn i verneområda skal avgrensast og/eller vere under kontroll.

Tiltak:

- Samarbeide med og gje innspel til grunneigarar og kommunar om arealdisponering som legg til rette for å koma inn i verneområda.
- Avgrense persontransporten med motorbåt inn til vestenden av Gjende (Gjendebu) til 2 båtavgangar pr. dag.
- Tilstandsvurdering og tiltaksplan for dei viktigaste innfallsportane, med oppfølging i form av tiltak (infotavler, toalett). Følgje tilrådingane i Nasjonalparkriket i Nord-Gudbrandsdal når det gjeld innfallsportane m.o.t. informasjon.

8.5.TILRETTELEGGING FOR FERDSEL – MERKING AV FOTTURRUTER

Generelt

Friluftsliv inngår som ein del av verneformålet fori Jotunheimen nasjonalpark og for Utladalen landskapsvernområde ved at ”Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging” (framlegg til verneforskrifter § 2). I verneområda er det i dag lagt godt til rette for fjellvandring og skiturar. Dei fleste fotturrutene er godt T-merkte, og over fleire elver/bekkar er det bygd bruer/klopper. Hyttenettet er og godt utbygd både innanfor og utanfor verneområda. I ein avstand på omlag 5 km. frå verneområda er det i alt 12 turisthytter. Desse ligg ved sentrale innfallsportar til verneområda. Tilrettelegginga må ta strenge omsyn til naturkvalitetane og faunaen i området, som villreinen, jf. St.meld nr. 39 (2000-2001). Både for ekstensivt og intensivt friluftsliv bør dei aktuelle tilretteleggingstiltaka utførast med så små inngrep som mogleg, slik at naturpreget i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i størst mogleg grad blir halde ved lag.

Forvaltningsstyresmakta og oppsynet har i liten grad kapasitet til sjølve å stå for naudsynete tilretteleggingstiltak. Forvaltningsstyresmakta må konsentrere seg om ein strategi for kvar og korleis tilrettelegginga skal skje og informere grunneigarar, kommunar, organisasjonar og lag om dette. Merking og tilrettelegging i områda som grenser inntil verneområda bør og vurderast saman med det som er strategien for verneområda.

Den Norske Turistforening er har eit heilskapleg driftsopplegg for rute- og hyttenettet m.a. med tanke på å redusere eventuell belastning på naturmiljøet.

Vedlikehald av eksisterande stiar med merking, skilt, bruer og liknande er tillate (framlegg verneforskrift § 3.1.2b NP, § 3.1.2c LVO). Fylkesmannen kan gi løyve til merking av nye stiar, skilt, vegvisarpilar og bygging av bruer (framlegg verneforskrift § 3.1.3 NP og § 3.1.3 LVO)

Merking av fotturruiter (T-merking, varding)

Turstiar kan vere både umerkte, varda eller merkte (varda + merke). I Jotunheimen er det dei T-merkte turrutene som dominerer.

Merking av stiar i eit område gjer området meir tilgjengeleg for folk flest, samstundes som det fungerer kanalisierende på ferdsla. Slitasjen vert såleis konsentrert og kan føre til slitasje- og erosjonsproblem, og fører til at naturen her vert mindre urørt, medan naturen rundt i liten grad vil bli påverka av ferdsla. Såleis kan merking av stiar føre til at ein sparar andre område for ferdsel. Merking av stiar er på den måten positivt og viktig for å få folk til å drive friluftsliv med å gå turar i fjellet. Særleg gjeld dette for folk som er lite røynde.

Den Norske Turistforening har med støtte frå og i samarbeid med Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning laga retningslinjer for merking av turruter (Merkeinstruksen, revidert fleire gonger). I retningslinjene står det m.a. at merkinga ikkje må vere meir omfattande enn det som er absolutt naudsynt for ein sikker ferdsel. Vidare at enkelte område bør vere urørt slik at rutevalet blir overlate til fjellvandarane sin eigen bruk av kart og fantasi. For sommarmerking er utgangspunktet at det er vardane som skal vise veg, og ikkje T-merkinga. T-merkinga skal vere ein «signatur». Tett markering med maling er ikkje føremålstenleg og er lite ønskeleg. T-merking skal ikkje utførast på fast fjell. Merkeinstruksen skal bli lagt til grunn ved merking av stiar i verneområda i Jotunheimen.

Vedlikehald av eksisterande stiar med bruer, klopper, vardar, T-merking, skilt og vegvisarar kan halde fram så sant dette ikkje er i strid med retningslinjene for dei enkelte sonene. Forvaltningsstyresmakta skal gje løyve til nye turistruter og -løyper (jf. verneforskrifta § 3, 1.3e, for nasjonalparken og § 3, 1.3e for landskapsvernområdet). Merkinga av stiar kan fjernast dersom omsyn til naturmiljøet (t.d. villrein) tilseier det, jf verneforskrifta § 3, 5.5).

Vegvisarpilar skal ha nøktern utforming og til vanleg lagast i naturmateriale (tre, stein) og monterast på trestolpar. Det same bør vere hovudregelen for skilt. Skilt ute i naturen i verneområda som opplyser meir enn ein vegvisar, skal det som hovudregel vere minst mogleg av. Slike skilt kan det likevel vere ønskeleg å setje opp både m.o.t. tryggleik og ved særskilte kulturminne. Eventuelle løyve i samband med oppsetting av skilt må vurderast i kvart enkelt høve. På sikt bør ein få til meir standardiserte vegvisarar både på DNT sine merkte ruter og merking som skjer gjennom andre aktørar i tilknytning til nærområda for nasjonalparkane jfr. nasjonalparksatsinga "Nasjonalparkriket".

På blaute parti med stor slitasje, t.d. myrområde, har det vore nytta klopplugging av tre, sjå foto under

Klopplugging ved Bøverbreen i Lom. Foto: Odd Repp

I samband med forvaltningsplanen frå 1998 vart stiane gjennom Leirungsdalen og Midtmaradalen nedlagde som T-merkte stiar. Dette har etter forvaltninga sitt syn fungert godt.

Justering av rutenettet

Etter framlegget til nye verneforskrifter kan fylkesmannen av omsyn til naturmiljøet, (m.a.. villrein), reindrift, beiting, tryggleik og kulturminne leggje om eller krevje fjerna merking av stiar og løyve (framlegg ny verneforskrift § 3.5.5 NP og § 3.4.5 LVO). Dei rutene som forvaltningsstyresmakta går inn for kan haldast ved like med merking, er innteikna på kartet som ligg ved forvaltningsplanen (vedlegg 6). Alle stiane på forvaltningsplankartet er sentrale i turrutenettet, og i DNT si bok "Til fots i fjellet" er dei merkte turrutene nærare skildra. Det er ikkje aktuelt å leggje ned merkte stiar i verneområda.

Det har vore framme følgjande framlegg om nye merkte stiar og andre endringar sidan forvaltningsplanen vart godkjend i 1998:

- Fjerne vegvisarpil til Vormeli (umerkt sti)
- Oppgradering/betre markering av stien mellom Vormeli og opp Kyrkjestigen (i Utladalen)
- T-merking mellom Raudalen og Mjølkedalen (gamal rute som tidlegare var merkt)
- Merking av stien parallelt med Glitterheimvegen
- Varding av ny rute (sti i dag) rundt Bessvatnet til Besseggen
- Merking av sti fram til utsiktspunktet under Vettisfossen

- Omlegging av merkt sti forbi Russvasstunet

For områda vest for Utladøla der Vormeli ligg, er omsynet til villreinen avgjerande. Områda vest for Utladalen er eit viktig villreinområde, og fylkesmannen finn det ikkje rett å leggje til rette for meir ferdsel i dette området. Førespurnaden om meir merking i dette området er kome som følge av meir ferdsel til Vormeli, og dermed vidare langs elva til Kyrkjestigen. Omsynet til villreinen var ein av grunnane til å fjerne merkinga gjennom Midtmaradalen. Det bør ikkje gjerast ytterlegare tilretteleggingstiltak i området, med to unntak. Vandestaden over Midtmaradøla vert markert med vardar for å leggje tilhøva til rette for at folk går i Midtmaradalen på same sida som stien (dvs. aust for elva), fordi det vil vere uheldig for villreinen med ferdsel på både sider. Linnsteget til Kyrkjestigen ovanfrå bør vere godt markert (varde om naudsynt) slik at stien er lett å finne her (umerkt sti). Stien opp Kyrkjestigen må markerast nedst fordi det har etablert seg ein ny sti her etter at mange har gått feil. Vi rår vidare til at ein fjernar vegvisarpilen til Vormeli ved stien mellom Skogadalsbøen og Vetti, slik at ferdsla ikkje aukar her. Vormeli bør vere ein bortgøymd perle for dei som vert godt kjende i Jotunheimen og Utladalen. Brua ved Vormeli over Utlei er i god stand, men må ha tilsyn jamnleg. Dei 2 enkle bruene nede ved Utlei mellom Vormeli og Kyrkjestigen kan skiftast ut dersom dei vert tekne av ras, men standarden skal ikkje aukast.

T-merkinga på stien mellom Raudfjell og Mjølkedalen vart fjerna for nokre år sidan av omsyn til villreinen. Villreinen har likevel ikkje vore aust for Utladalen på mange år. Fylkesmannen går difor inn for at denne stien kan T-merkast på vilkår av at merkinga vert fjerna igjen dersom villreinen byrjar nytte områda i nærleiken aust for Utladalen.

Merking av stien langs Glitterheimvegen (P-plass – Glitterheim) er aktuelt for å gjere fotturen inn til Glitterheim trivelegare. Stien er eit gammalt råk, og han vart varda opp av DNT i 2004. For å auke bruken av stien kan det vere aktuelt med vegvisarpil og/eller T-merking i tillegg.

DNT har søkt om merking av ny sti langs Bessvatnet. Det er aktuelt å gi løyve. Ein merkt sti her vil ha ein viktig funksjon på stinettet kring det mest nytta turområdet i nasjonalparken. På bakgrunn av den posisjonen Gjende og Besseggen har i reiselivssamanheng og signala frå sentrale styresmakter om auka reiselivssatsing i samband med nasjonalparkane, vil vi tilrå at stien T-merkast. Dette vil avlaste båttrafikken på Gjende og vil gje eit meir synleg alternativ for å gå ruta over Besseggen. Det er behov for særskilte tiltak på blaute parti og informasjon om beitedyr i område (problem med lause hundar). Men mange lokalt er mot merking av denne stien pga konflikt med beiteinteresser. Fylkesmannen er difor komen til at stien kan vardast for å få folk til å halde seg til ei rute. Stien vil då visast som umerkt sti på kart over området, slik det og er i dag.

Stien til Vettisfossen (sett nedanfrå) er viktig i reiselivssamanheng. Samstundes går den på ei strekning som er sterkt utsett for ras, slik at stien må vedlikehaldast ved å gravast ut i lausmassane kvart år. Det har synt seg at dette er den beste måten å løyse dette på. Ein bør truleg leggje til rett ved hjelp av steinmuring for å markere kor det beste utsiktspunktet for Vettisfossen nedanfrå er når ein kjem fram dit, dvs. der stien sluttar. Sett ovanfrå er det beste og tryggaste utsiktspunktet rampa som Morkagjengen har laga.

Stien forbi Russvasstunet ved enden av Russvatnet bør leggjast om utanfor sjølve tunet, både av omsyn til dei som brukar hyttene her og dei som går tur.

Dei seinare åra har det i enkelte område (t.d. på Veslefjellet) kome opp mange småvardar som ikkje har noko med turrutenettet å gjere. Småvardane verkar forstyrrande i høve til naturmiljøet og kan gjere ei turrute vanskeleg å følgje. Slike småvardar bør difor rivast.

Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheiter i å krysse elvar.

Sikringstiltak for friluftslivet/ferdsel

Som hovedregel skal sikringstiltak for å lette ferdsla eller gjere ferdsla tryggare ikkje vere nokon praksis i verneområda, fordi dei utgjer varige inngrep, og fordi retten til fri ferdsel i utmark kviler på at ferdsla skjer på eiga ansvar. Det er valt å gjere unntak frå dette på to punkt på T-merkte stiar i nasjonalparken: kjetting på "Vesleløyfti" på stien frå Besseggen ned til Gjendesheim (2005) og wire ved Bukkelegret (etablert før nasjonalparkvernet, men løyve til vedlikehald blir gjeve). Vesleløyfti og Bukkelegret er svært profilerte og markedsførte turruter, delvis pga. tilretteleggingsnivået elles gjennom rutebåten på Gjende. På grunn av vanskegraden på noen punkt og omfanget av ferdsel er det valt å gje løyve til enkle sikringstiltak her. DNT er ansvarleg for vedlikehald av sikringstiltaka på desse to rutene. Det er fjerna wire/kjetting i Vesle-Utladalen og frå Midtmaradalen og opp på Bandet.

Store Skagastølstind (Storen) er av dei mest besøkte målet for alpin ferdsel i landet. Nokre meter under toppvarden på Store Skagastølstind er det ein nokså fast stad for rappellfeste ned til Hjørnet. Her har det også vore etterlate så mange slyngjer at at det grensar til forsøpling. Det har difor vore vurdert å setje opp eit fast rappellfeste her. Om mogleg bør ein unngå varige inngrep i fjellheimen og i nasjonalparkane. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane går difor inn for at det ikkje blir sett opp eit fast rappellfeste (borebolt) på Store Skagastølstind, men vil følge situasjonen her. Det vil bli sett opp informasjon ved innfallsporten på Turtagrø om at alle må ta med seg gamle slyngjer som ein ikkje brukar. På ruta til Store Skagastølstind er det rot i vardinga over Skagastølsbu mot Hjørnet. SNO har sommaren 2004 og 2006 rive villvardar opp mot Hjørnet, og systematisert vardane på ryggen mellom Skagastølsbu og Hjørnet. Bakgrunnen er å betre tryggleiken m.a. i høve til steinsprang og kanalisere ferdsla til den tryggaste ruta.

Det vil vere viktig å ikkje senke terskelen for sikringstiltak, og fylkesmennene vil generelt vere restriktive med slike tiltak. Dette er også understreka av Direktoratet for naturforvaltning.

Retningslinjer:

Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. Merking av fotturruter skal følgje Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT). Vegvisarar skal vere nøkterne og lagast i naturmateriale. Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar. Bruer vil få løyve langs T-merkte stiar der dette er naudsynt. Bruer skal vere i diskret material- og fargeval og med ei utforming som gjer at dei går best mogleg inn i terrenget. Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.

Tiltak:

Sjå til at merking av stigar/turruter skjer etter det turrutenettet som finst i dag og etter nasjonale retningslinjer. Vidare sjå til at opparbeidde turruter og -løyper som kan vere til skade blir fjerna/lagt om. For nedlegging av ruter/ikkje oppattmerking av ruter sjå kap. 6.3.2. (Leirungsdalen, Midtmaradalen og Styggedalen).

Sjå til at tilrettelegginga skjer på rett måte og på rett stad.

Følgjande stiar kan merkast etter søknad:

- Oppgradering av merking og varding frå Vormeli opp Kyrkjestigen (i Utladalen)
- T-merking mellom Rauddalen og Mjølkedalen (gamal rute som tidlegare var merkt)
- Merking av stien parallelt med Glitterheimvegen
- Merking av ny rute (sti i dag) rundt Bessvatnet til Besseggen
- Merking av sti fram til utsiktspunktet under Vettisfossen

Vegvisarpil til Vormeli vert fjerna, og vadestad over Midtmaradøla skal vardast

Småvardar som ikkje har merkingsfunksjon (turistvardar), skal rivast

8.6. TILRETTELEGGING FOR FUNKSJONSHEMMA

Også funksjonshemma behov og rett til å kunne kome seg ut i natur. Omsynet til naturen gjer at dette ikkje kan gjelde alle stader. Jotunheimen er eit naturområde der det er ønskjeleg å halde tilrettelegging og andre inngrep på eit lågt omfang. Det er likevel fleire stader der det er gode moglegheiter for at funksjonshemma kan kome seg ut og oppleve naturen i Jotunheimen, og då bør tilhøva leggjast godt til rette her. Ein bør vurdere heilskapen i området som vert tilrettelagt. Det er elles eit krav om at offentleg finansierte anlegg skal ha universell utforming, dvs. tilpassa funksjonshemma.

Område der det ligg til rette for at funksjonshemma kan bli kjende i Jotunheimen, bør det også vere toalett for funksjonshemma der turen startar. Følgjande stader peikar seg ut, fordi det allereie er gjort ein del inngrep, og fordi det her er ferdselsveggar som kan nyttast med t.d. rullestol:

- Gjende-området (Gjendesheim, Memurubu, Gjendebu)
- Veodalen
- Koldedalen
- Leirvassbu – Gravdalen
- Utladalen med Vettisvegen

Bryggene på Gjendesheim, Memurubu og Gjendebu er bra tilrettelagt for funksjonshemma. Båten på Gjende bør ha moglegheit for lett ombord- og ilandstiging for funksjonshemma. Den nye båten som vart sett i drift frå 2006, er tilfredstillande tilpassa funksjonshemma, m.a. toalett og ombordstiging. Rutebåt på Gjende er eit viktig tilbod for funksjonshemma.

Dersom funksjonshemma skal kome seg andre og lite tilgjengelege stader i nasjonalparken, kan dette ofte skje med hjelp av lokalt hjelpekorps o.a. Dette har m.a. skjedd fleire gonger når funksjonshemma har ønskt å kome seg på det høgste fjellet i Noreg, Galdhøpiggen.

Retningslinjer

Utvalde område skal tilretteleggjast for funksjonshemma og profilerast som det.

Tiltak:

Toalett for funksjonshemma ved P-plass der turen startar i utpeika område (sjå over)
Informasjon tilgjengeleg om kor det er lett å oppleve naturen i Jotunheimen


8.7. KVISTING AV SKILØYPER

Kvisting av vinterruter i verneområda skjer i eit relativt stort omfang (sjå kart) i ein konsentrert periode før påska, og er viktig for kanalisering av ferdsla i ein periode der fugle- og dyreliv er sårbar etter ein lang vinter. Utkøyning og oppsetting av kvist skjer mest berre med snøskuter. Det er ønskjeleg at denne motoriserte ferdsla også i framtida blir utført i ein konsentrert periode. Utsetjing skjer fleire stader (m.a. Turtagrø-Skogadalsbøen-Sognefjellet) av SNO og fjelloppsyn, og nokre stader av hjelpekorps. Vedlikehald (rekvisting) og ettersyn av dei kvista løypene er til vanleg naudsynt etter snøfall og mykje vind. Også då er det viktig å avgrense bruken av snøskuter. Til kvistinga skal det nyttast kvist frå norske lauvtre. Bambuskvist og «kvist» av kunstmateriale vil det normalt ikkje bli gjeve løyve til å nytte.

Kvisting av skiløyper i medhald av forvaltningsplan er tillate (framlegg verneforskrift § 3.1.2c NP, § 3.1.2d LVO).

Preparering av skiløyper er ikkje tillate, og vil ikkje få løyve ved eventuell søknad.

Dei kvista rutene til DNT i området går fram av kartet under (vinteren 2005). Med unntak av ei rundløype frå Tyinholmen i Utladalen landskapsvernområde er dette alle dei kvista rutene i området. Dei kvista løypene på DNT sitt oversiktskart er dei som ligg til grunn for denne delen av DNT sitt løyve til motorferdsel i verneområda.



DNT-kart kvista skiløyper i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (2005)

I Utladalen landskapsvernområde er det fleire år gjeve løyve til kvisting av ei rundløype frå Tyinholmen fjellstue. Ruta følgjer delvis ei kraftlinje gjennom området, Fylkesmannen går inn for at denne ordninga, som er i avgrensa omfang, kan halde fram.

Det er ikkje ønskjeleg å ha kvista skiløyper spreidd over heile området. Nokre område bør vere utan slik tilrettelegging på grunn av den opplevingsverdien urørte område gjev. Ein hovudregel bør vere at dei kvista skiløypene i hovudsak skal følgje sommarrutene, men med tillemperingar m.o.t. tryggleiken. Dette er og mønsteret i dag.

Då bruken av snøskuter til kvisting av løyper har eit stort omfang, skal varslingsrutinane og kontakten mellom oppdragsgjevarar, dei som utfører dette arbeidet og forvaltningsstyresmakta vere god. Som hovudregel skal kvisting kombinerast med anna oppsyns- eller tilsynsarbeid i nasjonalparken. Samordning av fleire oppgåver gjev totalt sett mindre motorferdsel. Det er viktig å involvere dei lokale hjelpekorpsmannskapa i arbeidet med kvisting. Dette vil bidra til å auke lokalkjennskapen til redningsmannskapa i hjelpekorpsa og gjere at det er mindre behov for kjentmannskøyting.

Retningslinjer:

Kvisting av skiløyper skal ha løyve og bør i hovudsak følgje dei merkte sommarrutene. Til merkinga skal det som hovudregel nyttast kvist av norske treslag. I samband med kvisting av skiløyper skal motoriserte køyretøy blir nytta minst mogleg. Når det blir nytta motoriserte hjelpemiddel til sjølv kvistinga, skal dette i størst mogleg grad skje i ein konsentrert periode og etter ein plan som gjev minst mogleg motorferdsel. Ved kvisting av løyper skal det takast omsyn til faunaen.

Tiltak:

- Sjå til at kvistinga skjer etter godkjende ruter og på rett måte, og at den bli utført i kombinasjon med andre oppgåver, eksempelvis tilsyn og i samarbeid med dei lokale hjelpekorpsmannskapa.
- Gje informasjon om stader der det kan medføre fare å gå.

8.8. SOMMARSKILØPING (LANGRENNSTRENING)

Aktivitetar som fører med seg motorisert ferdsel i verneområda er lite ønskjeleg. Preparering av skiløyper i verneområda er ikkje i samsvar med verneformålet. Aktiviteten treng løyve etter verneforskrifta § 3, 6.1 (motorferdsel) og event. 5.2 (organisert ferdsel, treningsopplegg).

Idrettslaget Fanaråk har, med bakgrunn i forarbeidet for opprettinga av nasjonalparken, fått løyve til skiløypepreparering på bestemte delar av Fanaråkbreen i samband med langrennstrening. Det siste løyvet som vart gjeve, gjeld frå 2006-2010. Løyvet kan nyttast etter 1. juli når det ikkje er gode nok snøtilhøve utanfor nasjonalparken. Til løyvet er det knytt særlege vilkår.

I samband med at Miljøverndepartementet i 1987 handsama ei klage på eit avslag på bruk av snøskuter til løypepreparering på Fanaråkbreen, gjorde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, ein grundig gjennomgang av alternativ lokalisering. Fanaråkbreen framsto då som det alternativet som kom minst i konflikt med landskaps- og naturforvaltningsinteresser. Det er lagt vekt på at breen grenser til/vender mot eit område med store inngrep som veg, kraftmagasin og kraftlinjer på Sognefjellet, og at det er bilveg og innkvartering like ved.

Dei seinare åra har det vore mykje snø på Sognefjellet. Saman med noko omlegging av drifta/løypetrasèar, har dette gjort at det ikkje har vore naudsynt å preparere løyper på Fanaråkbreen innanfor nasjonalparken dei siste åra.

Med bakgrunn i foredraget til verneforskriftene vil det på særlege vilkår også seinare bli gjeve dispensasjon etter 1. juli til oppkøyring av langrennsløype i eit område på Fanaråkbreen. Løyve til utvida omfang i høve til tidlegare kan ikkje påreknast.

Det skjer ikkje løype- og/eller skibakkepreparering andre stader i verneområda. Skibakken ved Juvbreen ligg like utanfor nasjonalparkgrensa.

Retningslinjer:

Preparering av skiløyper på eit bestemt område av Fanaråkbreen kan halde fram etter nærare fastsette vilkår og med utgangspunkt i gjeldande løyve. Preparering av skiløyper andre stader i nasjonalparken vil det ikkje bli gjeve løyve til.

Tiltak:

Sjå til at løypeprepareringa på Fanaråkbreen skjer når det er naudsynt, på rett stad og etter dei vilkåra som blir fastsett. Sjå til at løypepreparering med motorkjørety ikkje skjer andre stader i verneområda.

8.9. ORGANISERT FERDSEL

Organisert ferdsel gjeld den ferdsla kommersielle firma innan reiselivet gjennomfører t.d. i form av fjellføring, fjellføring frå turisthytter og frivillige lag og organisasjonar si organiserte ferdsel, og dessutan ferdsel som skular og universitet o.a. har når dei ferdist som eit ledd i undervisninga i Jotunheimen og Utladalen.

Ferdsel i verneområda er tillate. Etter framlegget til nye verneforskrifter er det forvaltningsplanen som skal fastsetje når *organisert ferdsel* treng særskilt løyve kan gå utover naturmiljøet og såleis treng eit løyve. Under følgjer ein gjennomgang av dette. I verneforskrifta er treningsopplegg, jaktprøver, øvingar, arrangement, konkurransar nemnde som døme organisert ferdsel som krev løyve på førehand (framlegg verneforskrift § 3.5.2 NP og § 3.4.2 LVO). Løyve trengst m.a.o. for ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Målet er også å balansere løyve og rapportar på den eine sida, mot behovet for å sikre seg mot skade på naturmiljøet og få kunnskap om omfanget av ferdsel på den andre.

Organisert tradisjonell turverksemd til fots (og på ski) har lange tradisjonar i Jotunheimen, og er elles tillate så lenge det ikkje skader naturmiljøet og verneformålet. Det same gjeld undervisning og pedagogiske tiltak. Anna organisert ferdsel må ha særskilt løyve. Forvaltningsplanen skal trekkje opp retningslinjer for når organisert ferdsel og turverksemd krev løyve utover verneforskrifta fordi naturmiljøet kan ta skade og evt. spesielle område skal skjermast, eller når omfanget er så stort eller av ein slik karakter at det er naudsynt å regulere slik ferdsel, der og omsyn til tryggleik og eventuelle store konflikhtar mellom ulike former for friluftsliv tel.

Forvaltningsstyresmakta meiner at det i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde ligg godt til rette for både organisert og uorganisert friluftsliv. Fordelen med organiserte former er at desse kan styrast til bestemte område som toler trafikk. Organiseringa gjev og gode høve til effektiv informasjon og naturrettleiing. Ideelt sett bør organiserte opplegg i ein nasjonalpark ha som utgangspunkt å byggje opp under dei mål og strategiar som er sette for forvaltninga av nasjonalparken. I mange andre land er det Nasjonalparktenesta som organiserer turar og aktivitetar i verneområda. I Noreg er dette ikkje ønskjeleg ut frå rollene og oppgåvene som Statens naturoppsyn og oppsynet har. Fylkesmennene er ogsvå medvetne om at organisert ferdsel med fjellføring er viktig for utvikling av reiseliv i randsona til verneområda.

Det er pr. 2006 kring 30 selskap som driv organisert ferdsel på kommersiell basis i Jotunheimen og Utladalen. I tillegg kjem eit utal lag og organisasjonar som arrangerer turlagsturar. I verneområda vert det arrangert organiserte turar i regi av m.a. Den Norske Turistforening, lokale turlag, turisthyttene, idrettslag og speidarklubbar både som vanlege fotturar, breturar og klatreturar. Frå DNT, frå turisthyttene med mest fjellføring og frå store selskap, vil det vere svært nyttig for forvaltninga av verneområda med ein oversikt over gjennomførte turar og tal deltakarar. Dette for å halde oversikt over det totale omfanget og utviklinga, og for å unngå eventuelle konflikhtar i høve til spesielle natur- og kulturminneverdiar og verneformålet (jf. kap. 4.3).

DNT arrangerer kvart år ei rekkje fellesturar i Jotunheimen medrekna Utladalen. Omfanget går fram av tabellen under (2005 (skaffe 2007-tal!!!):

	0- 4 dagar	4-8 dagar	Antal deltakarar
Barnas Turlag	1	2	172
Ungdomsgruppa	1	5	70
Tradisjonelle Fellesturar	12	22	440
Tematurar	3		78
<u>Fjellsportturar</u>	<u>1</u>	<u>8</u>	<u>145</u>
Totalt	18	37	905

Frå gamalt av har fleire av turisthyttene drive med fjellføring, og gjer dette også i dag. Det kan være fjellføring til bestemte fjelltoppar, føring over brear eller føring mellom turisthyttene. Det vert i dag drive fjell- og breføring med utgangspunkt frå (med vanlegaste føringsområde)

- Glitterheim til Glittertind og Veobreen/tindane
- Spiterstulen til Galdhøpiggen og Svellnosbreen
- Juvasshytta til Galdhøpiggen
- Krossbu over Smørstabbreen til Leirvassbu, og på Bøverbreen
- Leirvassbu til Storebjørn og andre fjelltoppar i nærleiken
- Fannaråken over Fanaråkbreen til Sognefjellshytta
- Raubergstulen til Galdhøpiggen
- Sognefjellshytta over Fanaråkbreen til Fanaråken, Storebjørn m.fl.
- Turtagrø hotell Hurrungane med Store Skagastølstind, Ringstind og Dyrhaugsryggen
- Fongsbu til Falketind, Mjølkedalstind m.fl.
- Memurubu til Vestre Memurububre og Hellstugubreen
- Bessheim til Besshø

Fylkesmennene er positive til denne verksemda, og er innstilte på å gi løyve til 10 år om gangen til turisthyttene sin organiserte ferdsel, sidan dei ligg i eller i nærleiken av nasjonalparken/ landskapsvernområdet. Det er elles berre gjennom løyve det er mogleg å vere sikker på å få inn rapportar om omfanget av organisert ferdsel og fjellføring i verneområda.

Fylkesmennene ser den organiserte turverksemda som positive tiltak for å få folk ut i naturen, og ønskjer ei fleksibel ordning som samstundes gjer det mogleg til ein viss grad å halde oversikt over omfanget, og regulere trafikken i område med sårbar natur og sårbare kulturminne. Verksemdar som driv organiserte opplegg fjellføring i verneområde må difor vere budde på at trafikken til enkelte turmål kan bli for stor i høve til natur- og kulturminneverdiar, og at organsiert ferdsel kan redusere naturopplevinga for dei som driv friluftsliv for seg sjølv og ønskjer å vere "aleine".

Forvaltningsstyresmakta kan difor vere nøydd til å gripe inn med tiltak eller restriksjonar. Det kan gjelde kanalisering av ferdsla gjennom merking eller avsperring, og i spesielle tilfelle restriksjonar t.d. på omfanget av ferdsla, evt. forbod mot ferdsel. I slike tilfelle vil ein alltid først vurdere tiltak som ikkje vert oppfatta negativt. Døme kan vere omlegging av stiar for å unngå slitasjeskader i våte område, omsyn til villrein og fugleliv, og om ferdsla skulle bli så omfattande at det går utover naturoppleving og tryggleiken, slik det har vore diskutert om er tilfelle med Store Skagastølstind.

Etter framlegget til nye verneforskrifter er det i forvaltningsplanen ein skal setje grensene for når organisert ferdsel vert så omfattande at den skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta, utifrå at den kan skade natur- og kulturminneverdiar. Fylkesmennene går inn for at det for å utøve organisert turverksemd over ein viss storleik (t.d. tal personar eller tal turar) i vernesona i nasjonalparken og landskapsvernområdet, trengst det dispensasjon frå forbodet i verneforskrifta når ferdsla skjer i barmarksesongen. Unntaket, og dermed ein strengare praksis, vil vere dersom det gjeld særleg sårbare område for planteliv, dyre- og fugleliv, eller kulturminne. I andre område, som i bruksone, som på T-merkte stiar, treng ein så ikkje søkje om løyve til organisert ferdsel, med mindre ferdsla vert så omfattande og/eller konsentrert i tid og rom at den må reknast som eit arrangement.

Fylkesmennene går inn for at organisert ferdsel er tillate med ein tur pr. aktør pr. dag til dei aller fleste stader i verneområda, med inntil 50 personar pr. tur med nokre unntak. Dette gjer at enkeltturar til fots eller på ski i regi av turlag, skular, barnehagar, ideelle lag og foreiningar og av kommersielle tuoperatorar i utgangspunktet har løyve både på T-merkte stiar og elles. Det same gjeld pedagogisk verksemd (undervisning) i regi av høgskular og universitet. Unntaket er når desse turane går inn i eit system av fleire turar i løpet av eit kalenderår. Følgjande punkt definerer når det må søkjast om særskilt løyve til organisert ferdsel (turar) til fots eller på ski:

- Organisert ferdsel som omfattar meir enn 50 personar pr. tur. Langs merkte stiar er grensa 100 personar pr. tur
- Organisert ferdsel som vert marknadsført (førehandsannonsert) som fast eller regelmessig tilbod til same stad krev løyve (t.d. Galdhøpiggen, Smørstabbreen og Store Skagastølstind). Det kan då bli sett. tak på tal personar pr. tur pr. dag og totaltal personar gjennom sesongen. Rapporteringsplikt
- På snø og etter T-merkte stiar trengst berre løyve dersom organisert ferdsel vert så omfattande at det er eit arrangement (t.d. leir med mange telt/lavvo same stad i meir enn 3 dagar, jf. friluftsløva)
- Større treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, arrangement og konkurransar (sjå kap. 8.10) må ha særskilt løyve (sjå verneforskriftene). Ein leir o.l. vil bli rekna som arrangement dersom ein har meir enn 5 telt meir enn 3 døgn på same stad
- Fylkesmennene meiner det skal vere rapporteringsplikt for verksemder som har meir enn 200 personar på organisert ferdsel i verneområda gjennom eit kalenderår
- På turar som krev bruk av klatreutstyr er maks. gruppestorleik 15 personar (pga stor sårbarheit på vegetasjon) før det må søkjast om løyve

Ved vurdering av søknader vil fylkesmennene leggje vekt på om aktiviteten/ferdsla samsvarar/har tradisjon i området, t.d. om den gjekk føre seg før verneområda vart oppretta. Det vil seia fotturar og skiturar som er enkle og lite ressurskrevjande og som gjev auka naturoppleving, naturforståing og auka tryggleik for dei som deltek. Vidare skal ikkje verksemda påføra naturen skade. Det må og vurderast om verksemda og omfanget av slike verksemder kan koma i konflikt med verdiane det tradisjonelle friluftslivet byggjer på, og om det uorganiserte friluftslivet må prioriterast ut frå totalomfanget av ferdsla, dvs. om ein i framtida kan risikere å kome i den situasjonen at organisert/kommersiell ferdsel fortrengr uorganisert ferdsel og dermed utøvinga av allemannsretten. Her kan det m.a. vere aktuelt å vurdere kor mange deltakarar som bør ta del i kvart opplegg og kor mange turar som bør gjennomførast i eit område/teig i løpet av ein sesong. I nokre område, der verneverdiane er særleg store og der omsynet til urørt natur veg tungt, bør omfanget av ferdsel, og dermed også organisert ferdsel, avgrensast mest mogleg. Det er også eit poeng å ha nokre område der ferdsla så liten at den ikkje visast att på vegetasjonen for å ha slike område som type- og referanseområde.

For etablerte verksemder som driv fjellføring (utanom turisthyttene) vil det vanlege vere å gi løyve for 5 år om gangen.

Som vilkår for løyve til å drive organisert fjellføring kan følgjande vilkår vere aktuelle:

- at verksemda ikkje fører med seg fysisk tilrettelegging og tiltak i nasjonalparken som lettar føringa/turen i høve til andre som ferdast i området. All bruk skal vere så skånsom mogleg mot naturen.
- alle turdeltakarane skal orienterast om at dei er i ein nasjonalpark og kva for reglar som gjeld der,
- verksemda skal ikkje vere til trengsel for det vanlege friluftslivet (enkelt friluftsliv etter eige initiativ), og ta omsyn til andre aktivitetar i området.
- det skal nyttast kurs- og turleiarar som er kvalifiserte og har kompetanse for føringa med omsyn til tryggleik, informasjon, naturvenleg framferd/bruk m.m. (jf. t.d. Norsk Fjellsportforum sine standardar). Fylkesmennene kan ikkje sjå at ein har høve til å krevje autorisasjon for fjellførarar, men ser positivt på at det vert arbeidd med å få utgreidd moglegheitene for å innføre eit system for autorisasjon.
- etter sesongen skal det sendast rapport om verksemda, der det blir orientert om kvar turane har gått, tidspunkt for gjennomføring og talet på deltakarar.
- endringar av opplegget skal varslast til forvaltningsstyresmaktene for vurdering før eventuell gjennomføring.
- forsøpling eller andre brot på verneforskriftene og/eller vilkår som er sett til løyvet kan føre til at løyvet blir trekt attende.

Verksemder som driv organiserte opplegg i nasjonalparken har eit stort ansvar i høve til informasjon og tryggleik.

Organisert hundekøyring har lite omfang i dag og utgjer såleis ikkje eit problem. Men organisert hundekøyring vil kunne bli eit problem om omfanget vert stort, t.d. i form av organiserte gruppeturar. Problemstillinga gjeld sommar og vinter. Det kan oppstå konflikt både med andre brukargrupper (redsel for hundar, stor fart), forsøpling pga avføring frå hundar og støy frå mykje hundeglam. Dyrelivet (t.d. villrein) kan vere sårbart for hundar. Omfanget av hundekøyring er noko aukande, og nokre stader er særleg populære for overnatting. Forvaltningsstyresmakta set grensa ved at organisert bruk av meir enn 4 spann og/eller meir enn 20 hundar vil krevje løyve, eller dersom det er annonserte turar i same området fleire gongar kvart år, slik at organisert bruk av hundar, både sommar og vinter, er ei form for ferdsel som då vil krevje løyve frå verneforskrifta, jf framlegg verneforskrift § 3.5.2 NP og § 3.4.2 LVO.

Retningslinjer

Organisert ferdsel (medrekna undervisning og hundekøyring) er tillate så lenge det ikkje skadar naturmiljøet og kulturminne og omfanget ikkje er større enn det som er tillate etter forvaltningsplanen, jf over. I brukssone og langs T-merkte stiar trengst ikkje søknad før organisert ferdsleler så omfattande at den må reknast som eit arrangement. I særleg sårbare område kan gruppestorleiken setjast lågare.

Treningsopplegg, øvingar, arrangement, konkurransar og jaktprøver må ha særskilt løyve

Tiltak

- Følgje med på vegetasjonslitasje og sårbart dyre- og planteliv
- Det må søkjast om løyve til organisert ferdsel når denne får eit visst omfang (sjå over)
- Peike ut særleg sårbare område

8.10. ARRANGEMENT OG KONKURRANSAR

Arrangement, treningsopplegg, øvingar, jaktprøver, konkurransar o.l. er organisert ferdsel i som må ha særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta (sjå kap 8.9. Organisert ferdsel) i verneområda, jf framlegg verneforskrift § 3, 5.2 (NP) og § 3,4.2 (LVO)).

Følgjande arrangement/konkurransar har vore gjennomførte dei siste åra:

- telemarksrenn ved Galdhøpiggen (vår)
- telemarksrenn på Dyrhaugsryggen (vår)
- Sykkel- og turløpet Fannaråken Duatlon (sommar)
- Nasjonalparkfestival i Utladalen og Årdal m/ Vettisløpet (vår)
- Bukkerittet (turløp, ikkje siste år)
- Motbakkeløp Galdhøpiggen (første gang 2008)
- High Camp ved Turtagrø (delvis innafor nasjonalparken, vår)

Slike arrangement har mykje positivt ved at deltakarane er på tur i verneområda. Ulemper kan vere knytte til uroing av dyre- og fugleliv, andre folk på tur i området, og eventuell slitasje, og i tillegg eventuell bruk av motorferdsel for å kunne gjennomføre arrangementet. Det er gjeve løyve til desse arrangementa m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unnateke til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid. At ein ikkje nyttar motoriserte hjelpemiddel skal og gjelde for andre tiltak det kan vere ønskjeleg å gjennomføre i samband med slike arrangement, t.d. pressedekning. Arrangementa i nasjonalparken må m.a.o. ikkje bli så store at arrangementet er

avhengig av motorferdsel, og ikkje vere så store at dei vert uoversiktlege, då dette lett kan føre med seg slitasje og uro. Det ser ut til at ei øvre grense på 3-400 deltakarar for renn som Galdhøpiggen, Tinderittet og Fannaråken Duathlon kan vere høveleg, fordi dei då ikkje vert større arrangementsmessig enn at det ikkje er trong for motorferdsel, og med mindre støy, høgtalarbruk og liknande. Når det gjeld markslitasje, er arrangement på snøføre mindre problematisk enn arrangement på barmark. Stort sett har dei vilkåra som er sett for løyve til arrangement fungert godt.

Galdhøpiggen har som føresetnader for løyve at arrangementet inklusive opprydding blir avvikla på ein dag, at ein ikkje treng motorkjøretøy for gjennomføring, og at det blir gjennomført i eit avgrensa område.

Nasjonalparkfestivalen i Årdal er eit arrangement som har profilert Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde på ein svært positiv måte. Nasjonalparkfestivalen skjer både inne i Utladalen landskapsvernområde (på Vettisvegen) og utanfor (m.a. i Nondalen) om dagen og på Årdalstangen om kvelden. Inne i Utladalen landskapsvernområde vert Vettisløpet arrangert på Vettisvegen.

Arrangemente High Camp på Turtagrø samla i 2008 kring 600 menneske for ski- og snøbrettturar og nedkøyringar for ein stor del innafor nasjonalparken. Med eit så stort omfang på arrangementet kan det uroe dyrelivet (t.d. villrein) dersom det ikkje vert lagt opp til å ta omsyn på førehand.

Arrangement er viktige både fordi dei trekkjer friluftssinteresserte folk til området, gjev god økonomi i reiselivet og kommunane, profilerer natur og verneområda, og er god marknadsføring av verneområda. Arrangement og konkurransar som er komne i god gjenge med eit opplegg som ikkje går utover verneverdiane, vil kunne få løyve for 5 år om gangen.

Retningslinjer:

Omfanget av arrangement (medrekna eventuell motorferdsel) må ikkje gå utover verneverdiar og verneformål og kome i konflikt med tradisjonelt friluftsliv.

Tiltak:

- Arrangementa Galdhøpiggen, Tinderittet, Fannaråken Duathlon, Vettisløpet og Bukkerittet vil få løyve ved søknad på visse vilkår. Arrangement skal ikkje bli så store og av ein slik karakter at dei krev motorferdsel for å kunne gjennomførast.*
- Følgje med og overvake verknaden på miljøet*

8.11. SYKLING OG BRUK AV HEST

Etter framlegget til ny verneforskrift er sykling og organisert bruk av hest berre tillate på veger eller trasear som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen (§ 3.5.3 NP og § 3.4.3 LVO). Det inneber at dersom ein ønskjer å sykle eller drive organisert hestebuk andre stader, må ein søkje.

Jotunheimen er eit høgintensivt friluftsområde for vandreturar og skiturar. Forvaltningsplanen skal med utgangspunkt i verneforskriftene regulere sykling og organisert bruk av hest fordi dette kan kome i konflikt med naturmiljøet i form av slitasje på stiar og vegetasjon, og kan dessutan kome i konflikt med folk på tur i området.

Bruk av hest er ein aktivitet som i avgrensa omfang er lite konfliktfylt. I stort omfang er dette annleis. Då kan desse aktivitetane verka forstyrrande på naturmiljøet og naturopplevingane. Riding kan gje uheldig slitasje på vegetasjonen, og hestar kan rive ned vadar. Bruk av hest kan kome i konflikt med turgåarar. Ekskrement kan også vere eit problem om det er mange hestar over litt tid i same området.

Det er lite bruk av hest i verneområda, og det er ikkje organiserte hesteturar i området. Det kan være aktuelt å prøve ut hestetransport på Gjende vinterstid, i samband med drifta av Memurubu og Gjendebu turisthytter. Søknader om organisert bruk av hest andre stader vil bli vurdert mellom anna m.o.t. mogleg skade på stiar, vegetasjon og vardar og moglege konfliktrar med andre brukargrupper

Sykling er berre tillate på vegar eller trasear som er godkjend for dette, dvs vegane i området (sjå under). Grunnen til dette er at terrengsykling kan gi uheldig slitasje på vegetasjonen, og det kan oppstå konflikt med turgåarar. Det er få stader som er eigna for sykling i verneområda, og få folk sykklar utanom desse stadene (dvs. på vegane) i dag. Det er difor få konfliktrar med dette, og her ligg då også tilhøva godt til rette for bruk av sykkel. I større omfang vil sykling føre til slitasjeskader på vegetasjon og stiar, og syklistar på stiar vil føre til konfliktrar med dei som er på fottur. Det er registrert skjemmaende sykkelspor utanfor stien frå Skogadalsbøen og nordover. Forvaltningsplanen legg difor opp til at sykling må ha løyve frå verneforskrifta med unntak av på vegane i verneområda.

Forvaltningsplanen legg difor til rette for at sykling og organisert bruk av hest er tillate på vegane i verneområda, dvs.

- Glitterheimsvegen
- Gravdalsvegen
- Koldedalsvegen
- Vettisvegen

Andre stader må det søkjast om løyve

Eventuelle løyve til organisert bruk av hest vil bli kanalisert til T-merkte/kvista ruter. Organiserte sykkelsturar i nasjonalparken vil ikkje bli tillate utanom dei nemnde vegane.

Det vil bli følgt med om sykling og bruk av hest fører med seg slitasje og konfliktrar med andre brukargrupper, ikkje minst turgåarar.

Retningslinjer:

Vegetasjonsslitasje og konflikt med andre brukargrupper i høve sykling, organisert bruk av hest og hundespann skal unngåast så langt som råd. Situasjonen skal følgjast nøye.

Tiltak:

Registrere og følgje med bruk av sykkel, og hest, både uorganisert og organisert bruk i verneområda, og sjå til at desse ikkje verkar forstyrrande inn på naturmiljøet, naturopplevingane og i høve til andre brukargrupper og særleg turgåarar. Sjå til at det er gjeve løyve til den verksemda som treng løyve.

Sykling og organisert bruk av hest er tillate på vegane i verneområda, dvs. Glitterheimsvegen, Gravdalsvegen, Koldedalsvegen og Vettisvegen. Andre stader må det søkjast om løyve

Eventuelle løyve til organisert bruk av hest vil bli kanalisert til T-merkte/kvista ruter. Organiserte sykkelsturar i nasjonalparken vil ikkje bli tillate utanom vegane som er nemnde over.

8.12. NYE UTEAKTIVITETAR

I løpet av dei siste åra har fleire «nye» uteaktivitetar og friluftsliv vorte vanlege som t.d. paragliding, skisegling, fallskjermhopping og fosserrenning/rafting. På mange måtar er dette positive friluftslivaktivitetar, og det er etter verneforskrifta ikkje forbod mot dei «nye» uteaktivitetane så lenge dei ikkje medfører varige inngrep, uheldig slitasje, uroar dyre-, fugle- og planteliv, er årsak til støy eller nyttar motortransport. Dersom det oppstår konfliktrar, kan det bli aktuelt å regulere desse, og då vil tradisjonelt enkle friluftsliv med fotturar og skiturar bli prioritert.

Grunnen til at det kan oppstå konflikt er at mange av dei nye uteaktivitetane har høg fart, og dei krev mykje areal eller luftrom, som t.d. skisegling (kiting), sykling på stiar og paragliding.

I framlegget til nye verneforskrifter kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet. Fylkesmennene eller Statens naturoppsyn kjenner ikkje til tilhøve som tilseier at dette er aktuelt i dag.

Retningslinjer:

Nye uteaktivitetar og former for friluftsliv skal ikkje koma i konflikt med verneformålet og dei målgruppene som er nemnde der (landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning). Det tradisjonelle friluftslivet skal gå framfor nye uteaktivitetar.

Tiltak:

- Følgje med i omfanget av nye uteaktivitetar nye former for friluftsliv og sjå til at desse ikkje kjem i konflikt med verneformålet.
- Om naudsynt gi innspel til Direktoratet for naturforvaltning om aktivitetar som fører til uheldig verknad på naturmiljøet slik at dette vert følgt opp.

8.13. FAUNA, JAKT OG FISKE

I nasjonalparken er det eit overordna mål å oppretthalde det biologiske mangfaldet. Det finst m.a. sårbare og truga fugleartar som kongeørn og jaktfalk innafør området. I nasjonalparken er det ikkje tillate å innføre nye dyreartar.

I verneområda er det i dag jakt på elg, rein, hjort og småvilt. Jakt på elg skjer i nasjonalparken ved Gjende og i landskapsvernområde i Utladal-området. Jakt på hjort foregår i Utladalen. Dei vestlege areala i verneområda inngår i Vest-Jotunheimen villreinområde. Småviltjakt foregår over det meste av områda. På statsallmenningssgrunn blir småviltjakt og reinsjakt administrert av fjellstyra. Elgjakt og hjortejakt blir administrert av fjellstyra. På privat grunn blir jakta administrert av private grunneigarar.

Etter framlegget til nye verneforskrifter vil jakt og fiske vere regulert av viltlova og lakse- og innlandsfiskelova. Jakt på rovvilt vil vere regulert av viltlova og rovviltforskrifta. I Jotunheimen nasjonalpark er det etter gjeldande verneforskrifter berre tillate med jakt på rein og hare, og jakt og fangst på rype, kråke, ramn, fiskemåse, raudrev og mink etter viltlova (verneforskrift IV, 3.1.1)

For hekkande rovfugl bør ikkje uroande aktivitetar foregå nærare enn 500 m frå hekkeplassane mellom 01.02. og 15.05. I perioden 15.05-31.07 bør ingen aktivitet skje nærare enn 500 m frå reir som er i bruk. Det same gjeld for jaktfalk. Forvaltningsstyresmaktene vil gjere sitt til at dette vert følgt. Same type omsyn bør visast ovafor andre freda, sjeldne og truga artar. Omsyn til kjende førekomstar av desse artane skal vere førande for tilrettelegging for ferdsel og om ein må endre tilrettelegginga.

Rypebestanden er i periodar nokre stader svært låg. Dette kan skuldast både naturlege svingingar og jaktpress. Rype er m.a. nøkkelart for kongeørn og jaktfalk, og er såleis ein viktig art.

Det har med jamne mellomrom vore teke vassprøver frå området. Så langt tyder prøvene på at det ikkje er forsurening av vatn frå luftforureining, og det er ikkje registrert fiskevatn i verneområda som er sure pga ureining og sur nedbør. Kalking av vatn og vassdrag er difor ikkje aktuelt i verneområda.

Over tid er det noko usikkert korleis villrein med villreinjakt vil gå saman med den store turistr trafikken og det løypenettet som er i Jotunheimen. Forvaltninga av villreinstammen i Vest-Jotunheimen villreinområde er ei oppgåve som ligg til viltstyresmakta og grunneigarane, med ein

eigen driftsplan frå 2002??. Forvaltninga av nasjonalparken må sjåast i samanheng med villreinforvaltninga i området for å dempe og om mogleg unngå konflikhtar mellom villrein og friluftsliv.

Eventuelle konflikhtar mellom villrein- og tamreininteressene bør løysast ved samarbeid mellom tamreininteressene og villreininteressene på den eine sida og styresmaktene på den andre sida.

Fiskeressursane i verneområda varierer. I dei austlege områda er ressursane gode, medan ressursane i dei vestlege områda er noko mindre. I fleire av vatna med utsett fisk er det ikkje naturleg forynging av fisken. For å halde fiskebestanden ved like, treng mange vatn særlege fiskekultiveringstiltak som utsetting av fisk. Innanfor verneområda vil det ikkje bli gjeve løyve til utsetting av andre fiskeslag enn aure. Fisk som blir sett ut skal vere av stadeigen stamme, i tråd med retningslinjer i forvaltninga i lakse- og innlandssfiskekultivering. Det er tidlegare sett ut fisk i dei fleste vatna der dette er aktuelt. Dei vatna der det i dag ikkje er fisk, er viktige type- og referansevatn, og det er ønskjeleg å halde på den opphavlege floraen og faunaen. Løyve til utsetting av fisk i nye vatn kan difor ikkje pårekast. Forvaltning av fisk vert gjort i samarbeid med fiskeforvaltaren hos fylkesmannen.

I verneområda er det fleire fjellstyre og private grunneigarar/sameige som har eigne fiskekortordningar. For turgåarar vil det vere ein føremøn med eit sams fiskekort for heile området, uavhengig av eigedomsgrenser og kommunegrenser.

Ved nokre mindre fiskevatn er det robåt. Båtar som ikkje er i bruk er godt synlege i terrenget. Det er viktig å halde omfanget av båtar nede, noko som kan oppnåast ved at det vert samarbeidd om båthald og plassering. Båtar som er i verneområda i dag, kan skiftast ut utan søknad om dei er av same storleik, medan båtar på nye stader/vatn må ha dispensasjon frå verneforskrifta.

Retningslinjer:

Det biologiske mangfaldet skal ikkje forringast.

Jakt kan foregå i samsvar med viltlova; fiske kan foregå etter lov om lakse- og innlandsfiske.

Tiltak

Følgje med i viltbestandane, og sjå til at desse ikkje blir oppretthaldne for å sikre det biologiske mangfaldet. Sjå til at vilt ikkje blir utsett for plyndring og at nye dyreartar og fiskeartar/bestandar ikkje blir innført. Løyve til utsetjing av fisk kan berre gjevast i vatn der det er fisk frå før. Det vil ikkje bli gjeve løyve til utsetting av fisk i fisketome vatn.

8.14. AVFALL, UREINING OG STØY

Etter framlegget til nye verneforskrifter for nasjonalparken (§ 3.7), i er all slags ureining og forsøpling av vassdrag og naturen elles er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode, og avfall skal takast med ut av området. Unødvendig støy er forbode, m.a. bruk av motordrive modellfly og modellbåt (framlegg verneforskrift § 3.6.3 NP). Tilsvarande reglar gjeld i landskapsvernområde (framlegg verneforskrift § 3.6).

At framlegget til nye forskrifter inneheld forbod mot unødvendig støy (m.a. motordrive modellfly og modellbåt) er viktig fordi naturen sine eigne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk si natur- og friluftslivoppleving.

Fram til i dag har det vore relativt lite forsøpling frå vanlege turgåarar, og det er lite søppel langs dei mest brukte merkte stiane. Undersøkingar m.a. frå Besseggen syner likevel at langs stiar som

tiltrekkjer meir urøynde turgåarar, vil det over tid samla seg noko søppel. Det er og registrert søppel ved mykje nytta teltplassar. Den største forsøplinga skjer likevel ved sentrale innfallsportar til verneområda og ved nokre av dei mest attraktive fiskevatna. I desse områda og langs dei mest nytta turrutene er det såleis naudsynt å gjennomføre årleg renovasjon. Ved nokre av dei mest sentrale innfallsportane bør det etter kvart vurderast å gjennomføre tiltak som reduserer forsøpling. Ved nasjonalparkgrensa på Glitterheimvegen vart slike tiltak gjennomført i 1996 og seinare. Der er det og opparbeidd ein enkel parkeringsplass med markering av yttergrensa for å unngå at plassen breier seg planlaust ut i terrenget.

Kommunen og den som driv turistverksemd i eit område har ansvar for å gjennomføre naudsynt opprydding (forureiningslova § 35). Då turistverksemdene tener på straumen av turistar, har dei eit større og forpliktande ansvar for renovasjon og opprydding, i samarbeid med offentlege styresmakter.

Det vil ikkje vere aktuelt å etablere ordningar med søppeltømmingsstader inne i verneområda. Det har vist seg at slike tiltak fører til opphoping av søppel. Der slike er etablert, bør dei fjernast. Regelen må vere at dei som besøker områda sjølve tek med søppelet ut.

Kring 30 000 fotturistar tek turen til Galdhøpiggen kvart år, der det også er kiosksal. Fylkesmannen meiner turistbedrifta her har eit klart ansvar for å forhindre forsøpling her frå avfall og avtrede. Det seier seg sjølv at ein slik samlingsstad for så mange folk har behov for toalett. Fylkesmannen vil støtte økonomisk oppføring av eit toalett i tilknytning til hytta på Galdhøpiggen, men drifta av denne er bedrifta sitt ansvar i samarbeid med Lom kommune.

I nasjonalparken og landskapsvernområdet ligg det nokre stader att restar og avfall etter tidlegare verksemd. Det er eit viktig mål å fjerna alt slikt skrot. Dette finn ein særleg etter vasskraftutbygging og vêrstasjonen på Fannaråken. I landskapsvernområdet er det fleire bekkar/elver der det har vore vasskraftutbygging; her er det synkar (bekkeinntak), og ved nokre av dei ligg det skrot etter anleggstida. Også på/ved nokre anleggstippar ligg det skrot som bør ryddast opp. Hydro Energi i Årdal har dei seinare åra gjort ein god innsats med å rydde opp på og ved sine anlegg i landskapsvernområdet. Under Fannaråken vart det sommaren 2002 funne store mengder gamalt søppel frå den tida det var Meteorologisk værstasjon på Fannaråken, m.a. vart det funne kring 80 tomme oljetønner. Dette vart i stor grad rydda opp i 2003 då snøsmeltinga var særleg stor. Det låg enno noko søppel att, og det meste av dette vart rydda i 2006 då det igjen var stor avsmelting. Området vil bli ettersett og evt. rydda igjen neste gong med stor snøsmelting om sommaren. Det har generelt vore veldig godt samarbeid og vilje til å rydde opp gamalt søppel i verneområda.

I 2004 vart det gjennomført ein stor ryddeaksjon på Gjendebu der større mengder avfall vart transportert ut av verneområdet. Det er behov for opprydding/utkjøring av avfall og overskotsmateriell på Memurubu og ved Hesttjønnet over Memurubu.

Den mest synlege ureininga i verneområda kjem frå fluorskader frå aluminiumsindustrien i Årdal, særleg frå kring midten av dette århundret. Landskapsbiletet i den heimre delen av Utladalen til og med delar av Vettismorki er mange stader spesielt pga av daud furuskog. Undersøkingar synte at i løpet av 80- og 90-talet oppnådde Hydro Aluminium Årdal vesentlege utsleppsreduksjonar, særleg med omsyn til fluoridar. Dette førte til ei betring av skadebiletet på vegetasjonen rundt verket i Årdal. I Utladalen er furuskogen i ferd med å etablere seg på nytt ved naturleg forynging. I 1990 vart noko av den daude skogen i Utladalen hogge ned (Furuhaugen ved Avdal). Det er ikkje ønskjeleg å hogga ned meir av den daude furuskogen. Utviklinga i høve til dette bør gå naturleg. Etter kvart vil ny naturleg furuskog ta over for den gamle.

Utladalen Naturhus gjev informasjon om tidlegare (luft-)ureining og betringa av situasjonen i Utladalen dei siste 15-20 åra. Etter ein konferanse i Årdal i 1990 vart det starta opp eit prosjekt for effektstudium av utslepp frå primæraluminiumsverk i Norge.

I 1987 vart store delar av områda forureina av radioaktivt nedfall frå Tsjernobyl. Forureininga syntest å vere størst i dei austlege områda av nasjonalparken. Etter 1987 er det utført årlege målingar av radioaktivitet i fisk, vilt, husdyr og beite. Det er meininga at slike årlege prøver skal halde fram. Målingane så langt syner raskare nedgang enn tidlegare rapportar synte. Dette er forureining som ikkje kan hindrast lokalt eller nasjonalt. Det er likevel viktig å følgje opp utviklinga slik at endringar kan registrerast og erfaringar bli hausta både i høve til sjølv naturtilstanden og i høve til brukarane av områda.

Bruk av diesellaggregat til drifta av turisthyttene gjev ureining, støy og motorisert transport av diesel. Ofte vil bruk av diesellaggregat vere den einaste aktuelle løysinga for produksjon av elektrisk straum. Nokre stader kan tilhøva ligge til rette for bruk av mikrokraftverk. Når tilhøva ligg til rette for det, bør dette alternativet bli utgreidd. Eventuelle søknader om bygging av mikrokraftverk må vurderast i kvart enkelt tilfelle i høve til verneformålet og i høve til akseptabel standard på turisthyttene jfr kap 8.2. For slike søknader vil forvaltningsstyresmakta ta kontakt med og samarbeida med Norges Vassdrags- og Energiverk.

Ved rydding av vegetasjon for å hindre attgroing kan det vere aktuelt å å gi løyve til stubbebehandling med kjemiske midlar for å hindre ny attgroing. Føresetnaden er at det skjer som eingongsbehandling i eit avgrensa omfang, og at skadeverknaden vurdert saman med nytten ikkje kjem i strid med formålet med vernet (jf verneforskrifta § 4 både nasjonalparken og landskapsvernområde). Det vil gjerne vere ein føresetnad at det ligg føre ein godkjend skjøtselsplan for området.

Mattilsynet kan påleggje turisthytter å bruke kjemiske middel i drikkevatt. Dette er ikkje ønskjeleg i verneområda, og fylkesmennene vil gå gjennom slike saker med Mattilsynet før eit evt. løyve.

Retningslinjer:

Minst mogleg avfall og forsøpling i og ved verneområda. Turistbedriftene har eige ansvar for transport av avfall/overskotsmatriell som følgjer av turistbedrifta si drift.

Tiltak:

- Ta initiativ overfor dei som har liggjande att restar frå tidlegare verksemd til å ta del i oppryddingsarbeid, om naudsynt gje pålegg.
- Ta initiativ overfor dei som i dag har verksemd i området til å rydde opp i eventuelt avfall, om naudsynt gje pålegg.
- Overvake områda m.o.t. avfall og eventuelt ta del i opprydding.
- Følgje med i registreringar og delta i registreringsarbeid som blir utført både m.o.t. kort- og langtransportert forureining.
- Følgje med på om det skjer unødvendig (motor)støy i verneområda
- Følgje med på framsmelting av søppel, m.a. under Fanaråken, og evt. rydde

8.15. MOTORFERDSEL

8.15.1 Generelt

Det er generelt ønskeleg å halde omfanget av motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde så lågt som mogleg, både når det gjeld vinter og sommar, på land og på vatn og i lufta. Også lovleg motorferdsel skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg, og må avgrense seg til det som er naudsynt.

I nasjonalparken og landskapsvernområdet er motorferdsel forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål. Frå forboda er det i forskriftene sett opp nokre unnatak. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel for nokre spesifiserte formål og i andre naudsynte tilfelle særlege grunnar ligg føre (framlegg verneforskrift § 3.6 NP, § 3.5 LVO) I framlegget til nye verneforskrifter er det både for nasjonalparken og landskapsvernområdet teke inn forbod mot lågtflyging under 1000 m over bakken for taxi- og turistflyging, medan andre har ei lågtflygingsgrense på 300 m over bakken. Tal hk som er tillate på båtar på Gjende er også auka frå 6 hk til 10 hk, men inneheld ei fartsavgrensing på 8 knop, dvs. om lag maks fart for ikkje planande båtar.

Bakgrunnen for eit lågtflygingsforbod er at flyging lågt over bakken er støyande både for folk og dyr.

Det har vore på episodar med (og dermed klager) at Forsvaret driv øvingsflyging i låg høgde over verneområda. Forsvarets Overkommando klargjer i eit brev at 07.01.1997 kva som ligg i omgrepet «militær operativ verksemd», og at militære øvingar ikkje kjem inn under dette.

Ut i frå verneformåla, - naturmiljøet og omsynet til dei som ferdast der -, er det eit viktig mål å ha så liten motorisert aktivitet som mogleg. Det er og viktig at naturområda som grensar inntil verneområda har liten motorisert ferdsel.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag regulerer motorferdsel generelt, både i og utanfor naturvernområde. Utgangspunktet for lova er at all motorferdsel i utmark er forbode. Det er likevel nokre formål det er løyve til motorferdsel for. Vidare er det nokre bestemte formål det kan gjevast løyve til. Verneforskriftene for nasjonalparken og landskapsvernområdet har strengare reglar enn lov om motorferdsel i utmark.

I ei nasjonal forskrift dagsett 14.03.88 til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag står det at «det er ikke adgang til å legge ut til landingsplasser fjelltopper, utsiktspunkter, breer og andre liknende steder, som bare har interesse i forbindelse med helikopterskiing, for kortvarige opphald, som utgangspunkt for dagsturer, eller for liknende formål».

Sjølv om forvaltningsstyresmakta for verneområda gjev løyve til motorferdsel må løyve og skaffast frå kommunen og på privat grunn frå grunneigarar. Utanfor verneområda er det grunneigarane og kommunen som gjev løyve.

Lovleg motorferdsel i samband med bestandsregistrering (m.a. dei store rovdyra), rovviltjakt osv. skal registrerast og sendast forvaltningsstyresmakta.

Flyselskap som utfører oppdrag har eit sjølvstendig ansvar for at løyve til landing er gjeve. Skriftlig løyve må førevisast under transportoppdraget.

Motorstøy uroar dyreliv og forringar folk si naturoppleving. Det er difor eit mål å halde støy frå lovleg motorferdsel på eit minimum. Det kan difor vere aktuelt å setje krav (t.d. vilkår ved løyve) til støy i form av t.d støysvake helikopter, snøskuter og påhengsmotorar.

Den motoriserte ferdsla i verneområda har ein periode vore for høg, men har blitt noko redusert m.o.t. tal på dispensasjonsaker etter årtusenskiftet. På nokre område kan det vere behov for ytterlegare reduksjon. Det vil vere eit viktig mål framover å fremje eit lågt nivå på motorferdsel i nasjonalparken. Dette er ein av merkevarane i seg sjølv som regjeringa har signalisert i høve til næringsutvikling i og rundt nasjonalparkane.

8.15.2 Turisthytter

Ser ein bort fra rutebåten på Gjende, så skjer det meste av den motoriserte ferdsla i samband med transport til turisthyttene og tilsyn med desse.

Det er ein viss samanheng mellom standarden på hyttene og omfanget av den motoriserte ferdsla. Dei som er eigarar av turisthyttene i verneområda bør, gjerne saman med forvaltningsstyresmakta, sjå på kva for hyttedrift som er mest i samsvar med vernet og korleis den motoriserte ferdsla bør gjennomførast. Dagens tilbod ved enkelte av turisthyttene fører til for mykje motorisert ferdsel. Den Norske Turistforeining har gjort ein fullstendig gjennomgang av m.a. transportbehov og transportrutinar (i samband med miljøsertifisering) og er kome lengst i å sjå transportbehov i samanheng med drifta av hyttene for å redusere dette. DNT har eit 4-årig løyve til motorferdsel til turisthyttene på spesifiserte vilkår. Ved fornying vert det teke ein full gjennomgang av løyvet.

Turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim har sida vernevedtaket i 1980 hatt dispensasjon om vinteren for transport av faste gjestar 2 turar i veka, med viesel/snøskuter. I tillegg har Glitterheim også løyve til ein tur i veka i vintersesongen for transport av kursdeltakarar/skuledeltakarar.. Gjendebu har ikkje brukt sitt løyve dei siste åra.

Nokre av turistbedriftene er blitt meir avhengige av faste gjestar no enn før. Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad vurdere ei avgrensa utviding av transportløyve av faste gjestar i tilknytning til påska. Vilkår for eit slikt løyve vil vere at transporten skjer i eit avgrensa tidsrom når det er lite ferdsel elles. Det vil berre vere aktuelt å gje slikt utvida løyve på bakgrunn av enkeltsøknader kvart år.

Memurubu turisthytte har ønskt transport av gjester med eigen båt i staden for/i tillegg til rutebåten. Ei slik løysing vil føre til auke i bruken av motorbåt på Gjende, og det vil dessutan undergrave rutebåten sin økonomi. Fylkesmannen ønskjer ikkje å opne for dette. Det er også kome ønskje om å frakte gjestar med motorbåt frå Memurubu over Gjende til Leirungsdalsområdet (vernesone, teig 1). Det er ikkje aktuelt å opne for dette. På same måte vil det ikkje vere aktuelt å gje løyve til persontransport med båten på Gjendebu til folk som ønskjer å kome seg lettare til Knutsholet.

Etter framlegget til ny verneforskrift i nasjonalparken (§ 3.6.1) må det liggje føre løyve frå forvaltningsstyresmakta for om kjøretøy kan parkerast og om dei kan nyttast ved turistbedriftene i nasjonalparken, til kva for bruk og kor. Også innafor ei turistbedrifta sitt område (spesiell sone for tilrettelegging og inngrep) skal omfanget av motorferdsel haldast på lågast mogleg nivå, og det er berre transport av varar/tungt utstyr det vil bli gjeve løyve til. Bakgrunnen er m.a. at på ei privat turisthytte har det dei siste åra vore ei utvikling mot ein aukande maskinpark med fleire motoriserte kjøretøy innafor vernegrensene, derav ei gravemaskin og 2 terrenggåande 4-hjulingar (ATV). Motorkjøretøy er framandelement i verneområda, og med mange motoriserte kjøretøy er det vanskeleg å halde kontroll med ulovleg bruk av desse.

For betjente hytter som ligg inne i verneområda er det behov for å kunne transportere personalet som driv hyttene. Dette gjeld Skogadalsbøen, Glitterheim (vegtilknytning), Memurubu (båttransport) og Gjendebu (båttransport). Med "transport av personale til turisthyttene" forstås forvaltningsstyresmakta inn- og utfrakting av personale når dei reiser og når dei kjem for arbeidsperioden sin. Dette gjeld både sommar og vinter. For Skogadalsbøen er snøskuter og helikopter aktuelt, for Gjendebu og Memurubu er det snøskuter om vinteren og båt om sommaren, medan til Glitterheim skjer transport med viesel/snøskuter om vinteren og bil om sommaren.

Med "drift" av turisthyttene i (framlegg til verneforskrift § 3.6.3h NP, bruk av båt som er godkjente etter pkt. 6.1), meinast naudsynt transport av varer, personale, handverkarar og tyngre utstyr som ikkje kan transporterast med rutebåten på Gjende. For § 3.6.3j i framlegget til verneforskrift for nasjonalparken. (bruk av traktor som er godkjente etter pkt. 6.1) vil det berre bli tillate med køyring for transport av varer, tyngre reiskap og andre tyngre oppgaver der maskinkraft er naudsynt. Køyring utover dette vil ikkje bli tillate.

8.15.3 Motorbåtar på Gjende

Etter ny verneforskrift for nasjonalparken er det gjeve løyve til auke i motorstorleik frå 6 til 10 hk for båtar på Gjende, fordi sterk straum og vind kan gjere bruk av båt på Gjende utrygg frå tid til annan. Det vil vere svært uheldig med hurtig småbåttrafikk på Gjende, som på Russvatnet og Bessvatnet. Dette er bakgrunn for *maks. hastigheit på 8 knop*, ei avgrensing som er i tråd med kva som er vanleg elles og som er kring maks. fart for ikkje planande båtar. Det er derfor ønskjeleg at kommunen og fastset same fartsavgrensing for den delen av Gjende som er utanom nasjonalparken. Når det vert vist til den bruksrett bygdefolk i Vågå og Lom har i områda, gjeld dette bruksrett knytt til beiting, og til storviltjakt. Etter framlegget til ny verneforskrift for nasjonalparken (§ 3.6.) er dei einaste som har løyve til å køyre med båt over 8 knop på Gjende drivarane av Gjendebu og Memurubu turisthytter, rutebåtane på Gjende med ein lettbåt, samt dei verksemdene som går fram av pkt. 6.2 a i vernereglane. På Russvatn og Bessvatn er maks motorstorleik 6 hk (framlegg verneforskrift § 3.6.d)

Forvaltningsstyresmakta er kjend med at det truleg går føre seg bruk av båt med motor på Gjende som ikkje går inn under reglane ovafor. Oppsyn med den motoriserte ferdsla på Gjende vil difor bli prioritert sterkare.

Turisthyttene kan få løyve til å bruke motorbåt på Gjende for visse formål etter søknad (eige punkt i verneforskrifta)

Løyve til bruk av båt med motor på andre vatn enn Gjende, Russvatn og Bessvatn vil ikkje bli gjeve

For rutebåt på Gjende viser vi til kap. 8.5. Fylkesmannen meiner 20 knop er absolutte høgaste hastighetsnivå for ein rutebåt på Gjende. Forvaltningsstyresmakta vil halde på ei avgrensing på 2 ruteavganger til Gjendebu pr dag, medan til Memurubu har ikkje fylkesmannen sett ei øvre grense på tal ruteavgangar.

På Gjende er det ein kvegpram som eigast av Storådalen beitelag i Lom. For transport av kveg til Gjendebu trengs det ikkje løyve, då dette er utøving av bruksrett. For anna transport (transport av materiale mv. til turisthyttene) krevs det dispensasjon frå verneforskrifta.

For private hytteeigarar ved Gjendebu er løyve til bruk av båt presisert av Direktoratet for naturforvaltning (1991). Det er tillate å bruke eigen båt i den utstrekning det er naudsynt for å kunne bruke hytta. Denne retten er i utgangspunktet avgrensa til den tida på året hvor det ikkje går rutebåt.. Det står at hytteeigarar unntaksvis også kan nytte eigen båt i ”rutebåtsesongen” dersom ein av ulike årsaker er forhindra i å bruke rutebåten. Fylkesmennene legg til grunn at slike unntak er søknadspliktige.

8.15.4 Redningsteneste og øvingar

Når det gjeld redningsteneste i verneområde og hjelpekorpsa sin bruk av snøskuter er handteringa av dette i høve verneforskriftene er det i 1999 utarbeidd retningslinjer for arbeidet med slike saker i eit samarbeid mellom Direktoratet for naturforvaltning og Justisdepartementet. Også Røde Kors og Norsk Folkehjelp var trekte med i arbeidet. Hovudinnhaldet er her er at

- Konkrete redningsaksjonar er unnateke frå forbodet med motorferdsel i verneområde, jf. Naturvernlova § 22 og framlegg verneforskrifter § 3.6.1 NP og § 3.5.1 LVO
- I tillegg kan t.d. naudsynt motorfersel i samband med avsperring eller skilting av særleg rasfarleg område og isforhold kome inn, noko som politiet er ansvarleg for å avgjere.
- All motorferdsel som kan leggjast utanfor eit verneområde skal foregå utanfor. Dette gjeld t.d. opplæring i bruk av snøskuter og sambandsutstyr

- Redningsøvingar, kjentmannskøyring og øvingskøyring med snøskuter krev særskilt løyve frå verneforskrifta. Løyvet kan gjevast av forvaltningsstyresmakta med bakgrunn i plan som er godkjend av politimeisteren. Ved behov kan løyve gjevast for fleire år. Søknader frå hjelpekorpsa skal såleis sendast om politimeisteren, og gjennomføring bør/skal skje i regi av lensmannen. Alle søknader vil bli vurdert med bakgrunn i området si sårbarheit, omsyn til dyrelivet, storleiken på området, bruk av området til friluftsliv, utskifting av folk i hjelpekorpsa osv. Også ved øvingar og kjentmannskøyring skal omfanget av motorferdsel og talet på snøskuterar haldast så lågt som råd.
- Ein plan må inneholde informasjon om øvingshyppigheit over tid, tal på snøscootere som skal delta, tidspunkt for gjennomføring og samarbeidspartnarar. Eit samarbeid med oppsynet og politiet om sjølve øvinga er ein føresetnad for løyve.
- Tilhøva endrar seg fort i vinterfjellet. Å vere kjend i fjellet ei veke er ikkje det same som å vere kjend i fjellet eig veke seinare. Dette tilseier at å gjere seg kjend bør gjelde nøkkelpersonell, og at ein i stor grad bør leggje vekt å vere kjend med fjellet og utstyret ein skal bruke under ulike tilhøve

Anna

Landing med fly på Uranosbreen slik det vart gjennomført før lov om motorferdsel i utmark og vassdrag kom i 1978, er uaktuelt i verneområda, som eller i utmark, jf. Forbodet mot slike landingar i forskrifta mot "heliskiing" og for kortvarig opphald i utmark.

I verneområdet blir det og gjeve løyve til motorisert transport i samband med landbruksdrift. Dette er motorisert transport som er vurdert som naudsynt for å utnytte områda til bufebeiting.

8.15.5 Dispensasjonspraksis

Med bakgrunn i verneforskriftene bør utgangspunktet for motorferdsel vere ein streng dispensasjonspraksis. Følgjande villkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsl:

- a) søknaden skal vere skriftleg.
- b) det vil vere vanskelegare å få dispensasjon i sone utan tilrettelegging og inngrep, og i område og til årstider og til tider då det er mange som ferdast i eit område, som i fellesferiar, høgtider og helgedagar og evt midt på dagen).
- c) dispensasjon for barmarkskøyring vil som hovudregel ikkje bli gjeve.
- d) transportbehova skal samordnast.
- e) permanente transportbehov i samband med drifta av turisthyttene, vinterstikking av skiløyper (tiltak som legg høva til rette for ålmenta) og til landbruksformål vil framleis kunne bli gjeve for fleire år. Dette føreset ei god samordning, informasjon og attendemelding. Av omsyn til andre brukarinteresser har dei som får slike løyve eit stort ansvar.
- f) for private hytter i verneområda vil det bli følgt ein restriktiv dispensasjonspraksis. Transport av materialar til vedlikehald av hytter vil normalt bli gjeve.
- g) det kan vere aktuelt å gje dispensasjon i samband med forskning og vitskapelege undersøkingar. Slike behov må dokumenterast, og nytten må bli vurdert som større enn omfanget av uheldige inngrep og motorferdsel.
- h) løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal

leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.

i) landing med og transport av personar i verneområda er forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve. Det same gjeld transport av mat, proviant og utstyr i samband med fjellturar.

j) motorferdsel i samband med ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål er i følgje verneforskriftene tillate. Redningsøvingar, førebyggjande redningsteneste (t.d. rutineprega merking/varsling av rasfare, farlege isforhold) og øvingskøyring skal følgje retningslinjer trekt opp i brev av 01.03.1999 frå Direktoratet for naturforvaltning (sjå over)

k) løyve i samband med utøving av jakt og til frakt av jakt- eller fiskeutbytte med fly, helikopter eller snøskuter vil normalt ikkje bli gjeve (det er pr. i dag eitt slikt løyve (i Utladalen))

l) det vil vere vanskelegare å få løyve til motorisert ferdsl innfor vernesonene samanlikna med brukssonene.

m) vilkår for løyve til motorferdsel er til vanleg at det i forkant vert varsla til SNO, eller oppsyn SNO kjøper tenester av, og at det rapporterast i ettertid til fylkesmannen.

n) Fylkesmennene vil ved søknad om motorferdsel der køyretøyet skal brukast over lang tid, setje krav til at køyretøy skal vere støysvakt og mest mogleg miljøløvenleg.

8.15.6 Motorferdsel på vegar

Det er nokre vegar i verneområda. Det gjeld

- Glitterheimvegen (i Veodalen, ikkje eigne reglar for bruk)
- Veggen i Gravdalen (eigne reglar for bruk, jf framlegg verneforskrift § 3.6.2g NP og § 3.5.2g LVO)
- Vettisvegen (eigne reglar for bruk, jf framlegg verneforskrift § 3.5.2f LVO)
- Veggen i Koldedalen jf framlegg verneforskrift § 3.5.2i for den delen av veggen som ligg mellom dei 2 bruene over Koldedøla))

Glitterheimvegen, som har endepunkt ved Glitterheim turisthytte omlag 7 km. inn i nasjonalparken, kjem i ei særstilling her. Det har vore og vil framleis bli ført ei restriktiv linje for motorisert ferdsl på veggen. Praksis fram til i dag har vore at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølvje drifta av turisthytta og er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Transport har då vore einaste måten for å kunne delta på turen. Denne praksisen vil framleis bli følgt.

For veggen i Gravdalen i Jotunheimen nasjonalpark vart det fastsett særskilte reglar av Direktoratet for statens skoger (no Statskog SF) i mai 1979. Veggen har vore lite brukt dei siste 10 åra. Reglane bør vidareførast (sjå vedlegg).

For Vettisvegen fastsette Årdal kommunestyre 17.11.1977 Reglar for bruk av Vettisvegen. Desse reglane har fungert godt og bør vidareførast (sjå vedlegg) i forvaltningsplanen.

I framlegget til ny verneforskrift er motorferdsel på den delen av veggen inn Koldedalen som ligg mellom dei 2 bruene over Koldedøla tillate. Innafor vegbommen ved Uradøla er motorferdsel forbode, med unntak av at Hydro har løyve til å køyre i samband med inspeksjon av sine anlegg i området. Dette er ei oppfølging av at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane etter fleire møte og synfaringar i 1994 avgjorde at det skulle setjast opp bom på Koldedalsvegen ved Uradøla (der Koldedalsvegen går inn i

verneområdet andre gongen) for å få slutt på ulovleg køyring inn i landskapsvernområdet. Bommen er oppsett, og det er skissert korleis parkeringstilhøva kan løysast med etablering av ein P-plass her.

Unntak frå forbodet mot motorferdsel innafor bommen på Koldedalsvegen gjeld då i samband med tilsyn og vedlikehald av Hydro a/s sine reguleringsanlegg når ferdsla skjer på vinterføre, på vegane i Gravdalen og Koldedalen eller med luftfartøy.

Hydro sin reguleringsanlegg

Etter framlegg til verneforskrifter, § 3.6.2g. for nasjonalparken og § 3.5.2i for landskapsvernområdet, kan Hydro nytte motoriserte kjøretøy på vinterføre, på vegane i Gravdalen og Koldedalen eller med luftfartøy i samband med ettersyn av reguleringsanlegg. Ved bruk av snøskuter og luftfartøy til dette formålet bør det på førehand gjevast melding til SNO for å unngå unødige oppklaringsarbeid, noko som i dag er rutine frå Hydro si side.

Retningslinjer:

Minst mogleg motorisert ferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Tiltak:

- Ulovleg motorferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet vil bli rapportert til politiet.
- Ta initiativ til og ta del i arbeidet med å utvikla gode rutinar som gjer at den motorferdsla som er i området i dag blir samordna og redusert.

8.16. REISELIV

Namnet Jotunheimen er godt kjent i samband med reiseliv. Området har vore kjent for turistar frå midten av 1800-talet. Jotunheimen har vore og er eit viktig fjellområde for reiseliv og turisme i bygdene som ligg ikring. Jotunheimen har og vore eit satsingsområde for DNT frå starten i 1868. Den lange debatten om å freda området (frå 1904 - 1980) og planane om vasskraftreguleringar (m.a. av Gjende) har og gjort området kjent.

I Revidert Nasjonalbudsjettet 2003 i den såkalla "Fjellteksten" gjer Regjeringa greie for korleis nasjonalparker utgjer ein sentral del i marknadsføringa av Noreg i reiselivssamanheng og for utviklinga av naturbasert reiseliv. Nokre sentrale punkt skal referast her:

- Bruke nasjonalparker i marknadsføringa av Noreg
- Større reiselivsplanlegg skal leggjast utanfor nasjonalparkane
- Ikkje tillate inngrep og tiltak som øydelegg eller reduserer kvalitetane som ligg til grunn for vern
- Reiselivstiltak som føreset større infrastrukturelle tiltak og bruk av motorisert transport i verneområde er i strid med gjeldane NPpolitikk. Slike tiltak vil forringe kvalitetane som gjer områda attraktive
- Auka bruk gjev store utfordringar i å ta vare på naturen slik at merkevaren ikkje øydeleggjast eller får redusert verdi

I "Fjellteksten" held Regjeringa fram at reiselivet sin bruk av natur og kultur i fjellområda og landbruksbasert turisme utgjer i dag den største verdiskapinga i mange fjellbygder. Omfattande næringsverksemd finst i dag: overnatting, servering, jakt og fiske, fjellføring/guiding, guiding riding elvepadling, leirskule/undervisning/kurs. Undersøkingar syner at for nær halvparten av turistane er naturen viktigaste grunn for å kome, og endå fleire seier dei skal utøve friluftsliv.

Nasjonalparkane og landskapsvernområde utgjer såleis ein viktig del av infrastrukturen i reiselivet.

At folk vert tiltrekt av naturen og oppsøker den er også positivt fordi det gjev ei langsiktig forståing hos folk for verdien av natur og behovet for å ta vare på den. Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er såleis viktige for reiselivsnæringa i tilgrensande område, og spelar ei viktig rolle for folk si naturforståing.

I Soria Moria erklæringa som noverande Regjering la fram ved tiltredinga i 2005 er Fjellteksten følgt opp m.a. ved at Regjeringa har utarbeidd ein Handlingsplan for berekraftig bruk og skjøtsel av nasjonalparkar og andre verneområde. Eit framlegg til handlingsplan var på høyring vinteren 2007. Blir Handlingsplanen følgt opp vil den innebære eit betydeleg løft for forvaltninga av nasjonalparkane, og planen er difor viktig.

På bakgrunn av dette må målet vere å bruke Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde som ein sentral del av (utviklinga av) reiselivet i regionen på ein slik måte at dette ikkje går utover natur- og kulturkvalitetane og verdiane som verneområda har. Reiselivet er best tent med ei målretta forvaltning av nasjonalparken og landskapsvernområde med sikte på å ta vare på området sin eigenart, urørt fjellnatur og ro. Å ta vare på naturkvalitetane for framtida vil vere eit berekraftig og framtidsretta reiseliv i tråd med Fjellteksten.

Reiselivssatsinga i Nasjonalparkriket i Nord-Gudbrandsdal, bør også utvidast til Sogn og Fjordane med Jostedalsbreen og Vestnorsk Fjordlandskap med Nærøyfjorden (og Geirangerfjorden i Møre og Romsdal). Det er allereie aktiv satsing på å bruke verneområda på same måten i Luster og Årdal. Det går 2 nasjonale turistveggar kring Jotunheimen nasjonalpark, Sognefjellsvegen og vegen over Valdresflya. Her er det viktig å få til fleire korte fotturar (car walks) utifrå P-plassar langs vegane. Kulturhistorie og mattradisjonar må det og fokuserast på.

Reiselivet brukar Jotunheimen for å trekkje folk til bygdene omkring. Ein truleg merkbar effekt av dette kan vere det relativt store talet på dagsturistar som besøker kjente turmål som Besseggen, Galdhøpiggen og Vettisfossen, med høvesvis kring 40 000, 30 000 og 20 000 som vitjar desse turmåla kvart år. Undersøkingar viser at om lag 30% av dei som kjem til verneområda i Jotunheimen, er utlendingar. Med den relativt store straumen av turistar som kjem til områda og som kan ha små kunnskapar om fjellet, kviler det eit stort ansvar på dei som marknadsfører området i høve til informasjon og tryggleik. Dei som jobbar på reiselivsbedriftene har ein svært viktig funksjon her som førstelinje for dei besøkande i nasjonalparken. Dette er noko Norsk Fjellmuseum, Statens Naturoppsyn og oppsynet vil hjelpe til med gjennom aktivt samarbeid med og informasjon overfor reiselivsbedriftene i området (jf. kap. 7.1.2).

Turiststraumen aukar mest i dei områda som blir marknadsførte og som det er lett tilgjenge til. Ein må difor vere medveten både kva område som blir marknadsførte og kva for tilgjenge det blir lagt opp til. Marknadsføring av Jotunheimenområdet bør følgje soneringa i forvaltningsplanen. I nokre av dei mest ettertrakta turmåla i ytterkanten av verneområda vil det vere rett å gjennomføre enkle tilretteleggings-tiltak som gjer at turistar kan oppleve "ein smak" av området så lenge dette ikkje går ut over verneformålet.

For reiselivsnæringa er det viktig i at det blir sett opp informasjonstavler, og at det blir tilrettelagt for ferdsel med merking av stiar. Særleg viktig er informasjon og tilrettelegging ved (dei mest brukte) innfallsportane/parkeringsplassane (sjå kap. 8.4), med informasjonstavler og tydeleg merking av kor stiane/ fotturane med T-merking startar. Kommunar og grunneigarar bør samarbeide om parkeringsplassar. Store tilretteleggingstiltak bør ikkje bli lagt heilt opp til vernegrensene, både for å få ein mjuk overgang og for å unngå inngrep som påverkar opplevingane inne i verneområda. Det er viktig at målsettinga for soneinndelinga og blir følgt opp i høve til dette.

Det bør arbeidast for ei betre skilting av nasjonalparken/landskapsvernområdet frå hovudvegane med bruk av Vegvesenets standard visningsskilt. Dei innfallsportane som omtalt i kap. 8.4. er alle aktuelle,

men høgast prioritet har Gjendeosen, Spiterstulen, Leirvassbu, Eidsbugarden, Turtagrø, Hjelle og Sognefjellet.

Ved Gjendeosen er det ei utescene som vert nytta til konsertar fleire gongar kvar sommar. Utescena er vist som "næringsområde" i gjeldande reguleringsplan for området.

I Utladalen ønskjer Årdal kommune at delar av kunsprosjektet "Utl" frå 1998 kan setjast opp på nytt. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at den delen av kunsprosjektet "Utl" som var knytt til bruane på Vettisvegen hadde ei form som gjer at det kan vidareførast permanent, dvs. tekstane på bruene.

Det er ei stor utfordring og eit ansvar som ligg på kommunane i forvaltninga av dei areala som grensar inn til verneområda. Tunge reiselivsutbyggingar og hytteområde i nærleiken av nasjonalparkgrensa vil være konfliktfylt i høve til vernet og vil føre til gradvis øydelegging den markedsføringsverdi som ligg i urørt og vill fjellnatur i Jotunheimen og Utladalen for reiselivsnæringa i bygdene.

Retningslinjer:

Medverke til å utvikle eit berekraftig reiseliv i området. Reiselivstiltak skal som hovudregel skje utanom verneområda. Reiselivsaktivitetar og reiselivstiltak i verneområda skal ikkje medføre særskilt fysisk tilrettelegging, og skal ikkje føre til skade eller ulempe for natur-, kulturminne og landskapsverdiar i området. Enkel tilrettelegging, som og kjem friluftslivet til gode, kan utførast i brukssonene etter søknad.

Tiltak:

- I samarbeid med reiselivet og andre interesserte setje opp informasjon der dette er naudsynt og ønskjeleg. Særleg viktig er informasjonstavler og tydeleg startpunkt for stiar ved innfallsportane. Samarbeidstiltak jf Nasjonalparkriket vil bli prioritert.*
- Jamnleg statistikk på reiselivet sin bruk av verneområda. Halde oversikt over omfanget av reiselivet og kvar organiserte turar blir lagt.*
- Dialog med reiseliv(-saktørar) for å medverke til idear og tiltak som er berekraftige og i samsvar med verneformål*
- Halde informasjonsmøte (i samarbeid med Norsk Fjellmuseum) for aktuelle reiselivsbedrifter.*

8.17. FORSKING OG UNDERVISING

I eit område med urørt natur og verdfullt naturlandskap som i Jotunheimen og Utladalen vil det vere interessant å gjennomføre ei rekkje ulike forskingsprosjekt både innan ureining, dyre- og planteliv og samfunnet sin bruk av områda til m.a. rekreasjon og friluftsliv. Verneområda vil ha aukande verdi som type- og referanseområde ettersom utbygging skjer i andre område. Forsking er også viktig for verneområda for å auke kunnskapen om områda og kva for einverdi dei har for samfunnet. Etter framlegg til verneforskrifter (§ 4 NP og i LVO) kan fylkesmannen gi løyve til vitskaplege undersøkingar når dette ikkje strir mot formålet med vernet.

Forskinsprosjekt som like gjerne kan leggjast utanfor verneområda, bør – dersom dei medfører inngrep og/eller motorferdsel - leggjast andre stader utanfor verneområda.

Jotunheimen er eit høgfjellsområde med lite forureining/forsøpling. Tilhøva ligg difor til rette for forskning på m.a. langtransportert forureining.

Det er ønskjeleg at forskning som tek sikte på å auke kunnskapen om natur og turisme held fram. I følge gjeldande verneforskrift for nasjonalparken § 3.1.1 er det ikkje tillate å utføre forundersøkingar

for tekniske inngrep. Heller ikkje innsamling av mineral ved hjelp av verktøy eller andre hjelpemiddel er tillate, og det same gjeld innsamling av lause steinar med mineralførekomst når steinane skal seljast, er store eller blir samla i store mengder. For landskapsvernområdet gjeld det at alle inngrep som kan ha vesentleg verknad på landskapet sin art eller karakter er forbode.

Norges Vassdrags- og Elektrisitetsdirektorat (NVE) utfører undersøkingar på Gråsubreen og Hellstugubreen. Kwartærgeologiske undersøkingar skjer årleg like utanfor nasjonalparken på og ved Storbreen. Dei seinare åra har det og vore utført undersøkingar i samband med radioaktivt nedfall og forureining frå Hydro Aluminium Årdal. Vidare har det vore utført undersøkingar i samband med reiseliv og turisme i området. Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen har dei siste åra også drive forskning i området. Frå 1993 er det starta opp eit norsk overvakingsprogram på miljøet. Her er eit område (Grisletjerna) i dei sentrale stroka i nasjonalparken med.

Forsking treng ofte faste innretningar og bruk av motoriserte kjøretøy. Når forskinga har som mål å auke kunnskapen om naturen og naturgrunnlaget i verneområda og dette ikkje kjem i strid med verneformålet, vil det vere avgjerande om nytten og føremonene av forskinga er større enn ulempene som eventuelle inngrep og motorferdsel medfører. Forskingsresultata skal formidlast til forvaltningsstyresmakta. Statens Naturoppsyn kan hjelpe til med gjennomføring av forskingsprosjekt så langt ein har kapasitet.

Undervising medfører sjeldan så mykje organisert ferdsel at det er naudsynt med løyve som organisert ferdsel (meir enn 50 personar pr. tur, eller meir enn 100 personar langs merkte stiar). Undervising i verneområda skjer både sporadisk og fast. På Spiterstulen og Raubergstulen turisthytter har det vore leirskule sidan høvesvis 1963 og 1981. der undervisinga i stor grad skjer inne i nasjonalparken. Tett opp mot nasjonalparkgrensa er det fleire fjellskular som nyttar nasjonalparken i undervising. Ved fleire av turisthyttene ligg det skuleklasser både frå Noreg og utlandet som studerer m.a. plantelivet og kvartærgeologiske tilhøve. Det er ønskjeleg at slik undervising legg vekt på å auke forståinga for naturvern, verneområda og naturen generelt. Det er naturleg at Statens Naturoppsyn, når det er kapasitet til det, bidreg i undervisinga. Nasjonalparkforvaltninga bør ha kjennskap til dei undervisingsopplegga som skjer i verneområda. Leirskular treng ikkje søkje om løyve til ferdsel, men fylkesmennene vil gjerne bli informert om undervisingsoppleg og kor mange som er i verneområda i løpet av året.

For å halde oversikt over tilstanden i verneområda vil flyfotografering jamnleg, t.d. kvart 10. år, vere til stor nytte som grunnlag for å ta vare på verneverdiane for framtida. Det er i dag også mogleg å nytte satelittfoto til dette. Også årleg/fast fotografering av verdfulle og/eller mykje brukte lokalitetar ((t.d. hekkeplassar, stiar, mykje brukte rasteplasasar) vil vere svært nyttig.

Retningslinjer:

Forsking og undervising i Jotunheim-området er positivt. Men for forskingsprosjekt som medfører inngrep og motorferdsel må nytte og føremoner vurderast som større enn ulempene, dersom tiltak i samband med forskinga må ha dispensasjon frå verneforskrifta.

Leirskular som treng løyve vil få det for 10 år om gangen.

Tiltak:

- Koma med innspel til aktuelle forskingsprosjekt og undervisingsemne.
- Hjelpe til i forskning og undervising i den grad det er kapasitet til det.
- Registrere tidlegare og eksisterande inngrep i området (på kart/bilete).
- Starte opp med overvakingsprogram som fotografering og registrering i bestemte lokalitetar.
- Flyfotografere området kvart 10. år og nytte fotodokumentasjon for å følgje utviklinga

8.18. ANDRE TILTAK

Det er ikkje mobildekning i verneområda, og å dekkje heile området vil krevje mange mobilmaster, dvs. mange inngrep. Å setje opp telemaster rundt omkring på mange fjelltoppar vil vere svært uheldig i høve å ta vare på naturen i Jotunheimen og Utladalen. Det er såleis lite aktuelt med full mobildekning.

Framtidig satellittdekning vil truleg gjere det lite aktuelt å byggje mobiltelefonmaster inne i nasjonalparken.

Retningslinjer

Mobilmaster og liknande inngrep i nasjonalparken skal unngåast

Tiltak

Ingen

9. FORVALTNING OG OPPSYN

9.1. FYLKESMENNENE SINE ARBEIDSOPPGÅVER

Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for Jotunheimen nasjonalpark. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har forvaltningsansvaret for Utladalen landskapsvernområde.

Fylkesmennene har som forvaltningsstyresmakt ansvar for forvaltningsplanlegging og handsaming av dispensasjonssøknader i verneområda. Då Jotunheimen nasjonalpark ligg i to fylke, er det viktig med samordning og kontakt over fylkesgrensene.

God kontakt og rapporteringsrutinar mellom fylkesmennene og med SNO og anna oppsyn (tilsett i fjellstyre eller kommune) vil vere sentralt for å få til ei god forvaltning. Tilsvarande må fylkesmennene ha god kontakt med og sikre gode rutinar for medverknad frå tilsynsutvala og aktuelle kommunar.

Tilsynsutval

I kvar kommune som har areal innanfor nasjonalparken eller landskapsvernområdet er det eit tilsynsutval. Det er eigne retningslinjer for tilsynsutvala si verksemd (sjå vedlegg 4 og 7). Utvala skal sjå til at forvaltninga av verneområda skjer i samsvar med intensjonane. Dei skal følgje med i utviklinga i det verna området og særleg ta seg av lokalsamfunnet sine interesser. Etter gjeldande retningslinjer (vedlegg 4) er det nemnt kva for pkt. etter vernereglane tilsynsutvala skal høve til å uttale seg. Etter framlegget til nye retningslinjer (vedlegg 7) for tilsynsutvala skal dei ha høve til å uttale seg om alle større, og prinsippelle saker, men har uttalerett i alle saker dersom dei ønskjer det. Enkle saker, t.d. enkeltløyve for motorferdsel, vil normalt ikkje bli sendt utvala, medan alle inngreppssaker vil bli sendt for uttale. Det er kommunestyret som nemner opp utvala, men dei er sjølvstendige statlege forvaltningsorgan.

Tilsynsutvala sine fråsegner blir tillagt stor vekt og dannar grunnlag for at fylkesmannen gjer ei betre vurdering av sakene.

Ein gong i året (kvar haust) har tilsynsutvala eit fellesmøte. Her har også fylkesmennene møteplikt. Frå og med 1998 har Statens Naturoppsyn møtt. DNT, Statskog og kommunane blir og inviterte til møta. På møtet går ein gjennom året som gjekk, og fylkesmennene og SNO presenterer planlagte tiltak. Fellesmøtet går gjennom budsjett, planar og tiltak neste år. Tilsynsutvala gjev innspel til tiltak og prioritering som grunnlag for bestillingsdialogen mellom SNO og Fylkesmennene.

Tilsynsutvala og den årlege fellessamlinga for tilsynsutvala har vore ein god møteplass for sameine lokale, regionale og nasjonale interesser for å finne fram til løysingar i skjeringspunktet mellom vern og bruk. At ein samstundes har hatt få konflikhtar i verneområda i Jotunheimen er også viktig.

Andre samarbeidspartar

Gjennom fjellstyra er Noregs Fjellstyresamband ein viktig samarbeidspartnar for Statens naturoppsyn. Den Norske Turistforeining (DNT), Statskog og villreinnemndene er andre viktige samarbeidspartar som blir trekt inn i forvaltninga når saker gjeld deira saksområde.

Klagemynde

Direktoratet for Naturforvaltning (DN) er klageinstans for alle saker som vedkjem Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Økonomi

Midlar til forvaltning av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vert kvart år løyvt over Statsbudsjettet, post 1426.30 på Direktoratet for naturforvaltning sitt budsjett. Midlane blir overført til Statens naturoppsyn Jotunheimen og Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane. Kvart år går fylkesmennene i samarbeid med Statens naturoppsyn gjennom ein bestillingsdialog, der aktuelle tiltak er gjennomgått og prioritert på fellessamlinga for tilsynsutvala.

Kva for tiltak ein får gjennomført vil vere avhengig av omfanget av midlar.

På det årlege fellesmøtet for tilsynsutvala har det fleire gonger vore vedtak om at dei økonomiske rammene for forvaltning og oppsyn i Jotunheimen nasjonalpark må aukast monaleg.

Historikk:

Fram til 1. april 1998

Fram til 1991 var den forvaltninga Direktoratet for statens skoger (frå 1993 Statskog SF) utøvde på vegner av fylkesmennene, delt mellom Vestlandet forvaltning (Sogn og Fjordane), Valdres forvaltning og Gudbrandsdal forvaltning (Oppland).

I 1983 inngjekk forvaltningsstyremakta ved Gudbrandsdal skogforvaltning avtale med Lom fjellstyre og Vågå fjellstyre om ”disponering av fjellstyrenes fjelloppsynsmenn til oppgaver som nasjonalparkoppsyn”. Avtalen galdt dei områda i Jotunheimen nasjonalpark som låg i Lom og Vågå. På same måte vart det i 1984 inngått avtale mellom Vestlandet skogforvaltning, Årdal austre statsalmenning og Luster austre statsalmenning om eit oppsynsutval og oppsyn i Vest-Jotunheimen.

I 1986 oppretta Vestlandet skogforvaltning ei halv stilling som oppsyn (seinare utmarksfullmektig) i Vest-Jotunheimen. Løyvingane gjorde det mogleg å utvide stillinga til om lag 8 månadsverk.

For å få ei meir rasjonell organisering av den daglege forvaltninga vart dette samla og overført til Gudbrandsdal forvaltning (seinare Statskog-Oppland/Lillehammer) i 1991. Same året tilsette Gudbrandsdal forvaltning ein nasjonalparkforvaltar i heil stilling med kontorstad Lom i Oppland. Med det gjekk nemnde oppsynsavtalar ut. Hovudarbeidsoppgåvene til nasjonalparkforvaltaren var sakshandsaming etter verneforskrifta, samordning av oppsynstenesta, informasjon og utøving av oppsyn. Utmarksfullmektig-stillinga i Vest-Jotunheimen og oppsynssamarbeidet med fjellstyra vart vidareført. Nasjonalparkforvaltaren leia Nasjonalparktenesta for Jotunheimen Nasjonalpark/ Utladalen Landskapsvernområde. I nasjonalparktenesta deltok og 4 deltidsoppsyn som til saman utførte omlag 15 månadsverk, i tillegg til nasjonalpark-forvaltaren.

Statskog-Oppland v/nasjonalparktenesta hadde fram til 1.04.1998 ansvar for både handsaminga av dispensasjonssaker på vegner av fylkesmennene og kontakt med tilsynsutvala. Dei store og prinsipielle sakene vart avgjort av fylkesmennene.

Gjennom opprettinga av nasjonalparktenesta vart tilhøva lagt til rette for ei lik og heilskapleg forvaltning av verneområda. Samanlikna med tidlegare førte dette til ei forenkling både i høve til rutinar ved sakshandsaming og for publikum og brukarane.

For landskapsvernområdet var dispensasjonssaker som vedkjem motorferdsel delegert frå fylkesmannen til Statskog v/nasjonalparkforvaltaren. Dei andre dispensasjonssakene vart avgjort av fylkesmannen etter innstilling frå nasjonalparkforvaltaren.

Forvaltningsordning etter 1. april 1998

Stortinget vedtok 21.06.1996 «Lov om statlig naturoppsyn». Statens Naturoppsyn (SNO) vart etablert i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde frå 1.04.1998. Dette førte til ei omorganisering av forvaltninga, der den praktiske delen av nasjonalparktenesta sine oppgaver (informasjon, skjøtsel og oppsyn) vart overført til SNO. SNO har i dag 2 stillingar tilknytt Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Etter 1. april 1998 er det Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane som er ansvarleg forvaltningsstyresmakt for verneområda, med ansvar for forvaltningsplanar og dispensasjonar og med overordna ansvar for Statens naturoppsyn sine oppgåver i verneområda. Kvar av fylkesmennene brukar kring 3 mndverk/år på forvaltningsarbeidet, men dette kan variere med omfanget av planarbeid, dispensasjonar og mengde tiltak.

Tilsynsutvala i kommunane (og fellessamlinga) har den same viktige funksjonen som før 1. april 1998.

9.2. STATENS NATUROPPSYN (SNO) SINE OPPGÅVER: DEI PRAKTISKE ARBEIDSOPPGÅVENE I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Dei tradisjonelle oppsynsoppgåvene i naturvernområde og i utmark generelt har i aukande grad gått over frå å vere kontrollerande oppgåver til å bli informasjonsarbeid overfor brukarar og å halde oversikt over naturtilstanden i områda (miljøovervaking).

Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) vart etablert med heimel i lov om statleg naturoppsyn av 21. juni 1996. Stillinga som nasjonalparkforvaltar vart avløyst av ei naturoppsyn-stilling under SNO 01.04.98. Frå same tid fastsatte Miljøverndepartementet at fylkesmennene skulle vere forvaltningsstyresmakt for verneområda, - det vil seie at det forvaltningsansvaret Statskog hadde hatt m.a. gjennom nasjonalparkforvaltaren vart overført til fylkesmennene. Stillinga som utmarksfullmektig i Vest-Jotunheimen vart avløyst av ei naturoppsyn-stilling i heiltid i SNO frå 01.01.00.

SNO har eit særleg ansvar for oppsyn med nasjonale miljøverdiar og skal forebygge miljøkriminalitet. Etter lova er hovudoppgåvene informasjon, skjøtsel, rettleiing og kontroll. Det skal førast kontroll med at bestemmingane gitt i, eller i medhald av, naturvernlova, friluftsløva, lakse- og innlandsfiskeløva, viltlova, motorferdsellova, kulturminneløva og deler av forurensningslova blir overhalde. I tillegg til disse oppgavene kan naturoppsynet drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon. Informasjons-, skjøtels- og tilretteleggingstiltak i verneområda skal avklarast nærare og avtalast gjennom bestillingar mellom forvaltningsstyresmakta og SNO. Miljøverndepartementet kan pålegge oppsynet andre oppgåver.

Verksemda til SNO er basert på eigne oppsynsstillinger i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. Dette gjeld bl.a. fjelloppsynet i regi av fjellstyra, oppsyn i regi av bygdeallmenningar, Statskog Fjelltjenesten i Nord-Norge og politiet. Særleg er samordning med politiet viktig når det gjeld oppgåver knytt til kontroll. Oppsyn som er tildelt avgrensa politimynde er ved direkte utøving av dette myndet underlagt lokalt politi. Samarbeidet med andre aktørar innan naturoppsyn er stadfesta i eigne avtaler med Norges Fjellstyresamband, Norsk Allmenningforbund og Statskog.

Naturoppsynet i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

SNO har 2 naturoppsynsstillinger knytt til Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Stillingane er lokaliserte til Klokkehaugen i Vang i Valdres og til Norsk Fjellmuseum i Lom. Oppsynsarbeidet blir utført i nært samarbeid med følgjande oppsynsordningar:

- Lom fjellstyre
- Vågå fjellstyre
- Luster kommune

I tillegg til at SNO kjøper oppsynstjenester fra disse 3 oppsynsordningane har det vore kjøpt oppsynstjenester frå enkeltpersonar og -firma.

Oppsynsarbeidet blir planlagt og gjennomført i nært samarbeid med forvaltningsstyresmakta både gjennom dagleg dialog og møter/synfaringar. Prioriteringane byggjer i tillegg på innspel frå lag/organisasjonar (td Den Norske Turistforening) og andre brukergupper (td reiselivet). Sentrale "møtepunkt" for oppsynet er årleg bestillingsdialog med forvaltningsstyresmakta (rapportering og prioritering av tilsyn og tiltak), årleg fagsamling for tilsynsutvala og årlege oppsynssamlingar.

Statens naturoppsyn og anna oppsyn har dei siste åra hatt om lag halve arbeidstida i felt og den andre halvparten inne (kontorarbeid, kurs, førebuing av feltarbeid m.m.) Gjennomsnittleg vert om lag 44% av oppsynet si arbeidstid i verneområda vart brukt til feltarbeid, om lag det same på kontorarbeid, og resten til klargjering og reise. I felt vert det gjennomført både rettleiing/informasjon til brukarar og meir politimesse oppgåver. Talet på meldte forhold har vore kring 3 i året.

Hovudoppgåvene for oppsynet i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde:

- informasjon og rettleiing til brukere og dei som besøker området
- halde oversikt over utviklingstendensar i området
- halde oppsyn/oversikt med status på natur- og kulturverdiane i området, med særleg vekt på sårbare og trua arter
- kontrollere, rapportere og reagere på brudd på verneforskriftene og anna lov-/regelverk
- følgje opp vilkår gjeve av forvaltningsstyresmakta i samband med dispensasjonar
- ha god kontakt med og gje faglege innspel til forvaltningsstyresmakta
- ha god kontakt med og gje faglege innspel til informasjonsentra
- utføre eller sjå til at skjøtseltiltak blir utført etter fastsatt plan/vedtak

9.3. ÅRSMELDING

Statens naturoppsyn har i samarbeid med fylkesmennene kvart år f.o.m. 1992 gjeve ut ei årsmelding for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Årsmeldinga er viktig både som ei oppsummering og i eit historisk perspektiv m.o.t. dokumentasjon. Det blir teke sikte på å halde fram med ordninga med ei årsmelding.

Retningslinjer:

Forvaltningsstyresmaktene skal ha og god kontakt med brukarane og lokalsamfunna.

Forvaltningsplanen skal vere retningsgjevande for forvaltninga av verneområda.

Tiltak:

- gode samarbeids- og samordningsrutinar mellom dei 2 fylkesmennene og det statlege naturoppsynet (SNO), lokale tilsynsutval og kommunane.
- prioritere rettleiing og informasjon.
- drive kontaktskapande arbeid lokalt
- ta tilsynsutvala aktivt med i forvaltninga
- informera om verneområda og nasjonalparktenesta
- følgje med i utviklinga i verneområda
- fagleg utvikling av oppsynstjenesta
- følgje opp vedtak
- bidra til at samarbeidet med lensmenn/politi blir utvikla vidare
- SNO organiserer og samordnar oppsynet

- *utarbeide årsmelding for verneområda kvart år*
- *konsentrere feltaktiviteten til perioden april- oktober*

10. SLUTTORD

Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinene for vern og bruk av nasjonalparken og landskapsvernområdet dei første åra. Den inneheld og tilrådingar om korleis dei områda som grenser inntil bør forvaltast. Målet er å ta vare på naturen slik at vernestatusen og verneformåla kan oppretthaldast i eit langt perspektiv, på same tid som områda blir brukt på ymse måtar. Forvaltningsplanen vil vere eit sentralt arbeidsreiskap for å nå målsetjinga. Vidare er det ei målsetjing at forvaltningsplanen gjev informasjon om områda og verneverdiane til dei som ønskjer det.

11. LITTERATURLISTE

- I. Austad, L. Hauge: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune. 1989
- I Austad, L. Hauge: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. 1989
- I. Austad, L. Hauge, T. Helle: Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Sluttrapport 1993
- R. Bistrup, O. Bø, L. Ekre m.fl.: Jotunheimen . Grøndahl og Søn Forlag 1981
- T. Caspari: Av Jotunheimens saga. Nasjonalforlaget 1942
- Den Norske Turistforening: Årbok 1881
- Den Norske Turistforening: Årbok 1910
- Den Norske Turistforening: Jotunheimen. Årbok 1948
- Den Norske Turistforening: Fra heller til hytter. Årbok 1966
- Den Norske Turistforening: Vassdrag vi må verne. Årbok 1972
- Den Norske Turistforening: Jotunheimens forgård. Årbok 1976
- Den Norske Turistforening: Jotunheimen. Årbok 1986
- Den Norske Turistforening: Folk i fjellet. Årbok 1988
- Den Norske Turistforening: Til fots i fjellet. 1993
- Den Norske Turistforening, Forbundet Kysten, Friluftsrådenes landsforbund: Merkehåndboka - håndbok for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet, skogen og langs kysten. 2002
- Den Norske Turistforening: Statistikk over overnattinger ved DNT hyttene i Jotunheimen 1983-1994
- Det Norske Meteorologiske Institutt: Ymse klimadata
- Direktoratet for naturforvaltning: Kvartærgeologiske verneverdige områder i Oppland fylke. DN-rapport nr. 4-1988
- Direktoratet for naturforvaltning: Friluftsliv, fritid og natur. DN-rapport nr. 2-1989
- Direktoratet for naturforvaltning: Forvaltning av naturvernområder i Norge. DN-rapport nr. 7-1989
- Direktoratet for naturforvaltning: Forvaltning av nasjonalparker. DN-rapport nr. 3-1996
- Direktoratet for naturforvaltning: Friluftsliv mot år 2000. DN-rapport nr. 3-1991
- Direktoratet for naturforvaltning: Inngrepsfrie naturområder i Norge. DN-rapport 1995-6.
- Direktoratet for naturforvaltning: Naturvernområder i Norge 1911-1991. DN-rapport nr. 1-1992

Direktoratet for naturforvaltning: Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv. Håndbok nr. 27. 2006

T. Faarlund, S. Grønvold, B. P. Kaltenborn, T. Møllebak, K. Ness: Jotunheimen fra hytte til hytte. Gyldendal Norsk Forlag 1987

T. Faarlund, S. Grønvold, B.P. Kaltenborn, T. Møllebak: Jotunheimen fra hytte til hytte. Gyldendal Norsk Forlag 1997

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga: Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. Rapport nr. 3-1994

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga: Skjøtselsplan for Heimre Utladalen. Rapport nr. 5-1998

Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelinga: Skjøtselsplan for Gjendebuområdet. Rapport.. 2001

T. T. Garmo, E. Marker m.fl.: Norges nasjonalparker bind 10, Jotunheimen. Luther Forlag 1981

H. Giverholt: Jotunheimens erobring. Cappelen 1946

M. og J. Helgesen: Norges fjelltopper over 2000 m. Glittertind forlag 2005

T. Helle: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Årdal kommune. 1989

Per Hohle (red.) Til fots i Jotunheimen. Gyldedal Norsk Forlag 1973

Hydro Aluminium m.fl.: Prosjekt for effektstudier av industriutslipp fra primæraluminiumsverk i Norge. Rapport fra prosjektmøte 27. mai 1993

Inst. S. nr. 273 (1987-88): Innstilling fra kommunal- og miljøvernkomiteen om ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge (St.meld.nr.62(1991-92))

B. Johnsen: Jotunheimens Stortopper. Universitetsforlaget 1995 (2. Opplag)

Klatrefører for Jotunheimen. Norsk Tindeklubb 2005

P. R. Lauritzen: Hyttene i Jotunheimen, Breheimn og Gausdal vestfjell. Boksenteret 1997

Larsen, Bjørn Harald. 2005. Miljøfaglig utredning. Kartlegging av biologisk mangfold i Gjendebuområdet med anbefalte skjøtselstiltak.

P.R. Lauritzen og R. Solem: Jotunheimen. Cappelen 2005

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957

Lov om naturvern av 19. juni 1970

Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningene (fjellova) av 6 juni 1975.

Lustrafjell - om fjell og fjellfolk i Luster. Luster Turlag 1994

B. Løken og E. Loe: Jotunheimen. Orion 2000

Løvland, Birger: Hilsen fra Jotunheimen. Valdres Forlag 1995.

Nasjonalparktenesta for Jotunheimen nasjonalpark, Norsk Institutt for Naturforskning:
Brukerregistreringer i Jotunheimen sommeren 1992

Nordisk ministerråd: Naturgeografisk regioninndeling av Norden. 1984

Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging: Vegetasjonskartlegging i Jotunheimen og Utladalen.
1991-1992

NOU 1986:13: Ny landsplan for nasjonalparker. Miljøverndepartementet april 1986

Finn P. Nyquist (red.) Jotunheimen. Fra veidemark til nasjonalpark. Grøndahl & Søn Forlag 1981

S. Næss: Vandring i Lustrafjell. Luster Turlag 1978

Ot.prp. nr. 46 (1983-84) Lov om endringer i lov av 19. Juni 1970 nr. 63 om naturvern

Om lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977. Miljøverndepartementet
Rundskriv T-5/92

L. Ryvarden: Norges nasjonalparker. Damm 2005

L. Ryvarden, B. Wold: Norges isbreer. Universitetsforlaget 1991

J. Schwarzott: Under Storen. Grøndahl Dreyer 1997

St. melding nr. 68 (1980-81): Vern av Norsk natur

St. melding nr. 40 (1986-87): Om friluftsliv

St. melding nr. 46 (1988-89): Miljø og utvikling

St. melding nr. 62 (1991-92): Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder
i Norge

St. melding. Nr. 65 (2002-2003) Revidert nasjonalbudsjett – Fjellområdene – bruk, vern og
verdiskaping ("Fjellteksten")

E. Thommessen, G. Vigerust: Turguide Bygdin - Gjende. Pål T. Dreyer Forlag 1985

E. Thommessen, T. H. Skogheim. Turguide Vågåvatnet - Gjende. Pål T. Dreyer Forlag

E. Thommessen, T. H. Skogheim: Turguide Galdhøpiggen - Falketind. Valdres Forlag

E. Thommessen, T. H. Skogheim, F. Kuyper: Fra Rondslottet til Lodalskåpa. Valdres Forlag 1995

M. Vorkinn: Notat brukarundersøking Jotunheimen 2002. Østlandsforskning 2003

Årdal Sogelag: Bygdebok for Årdal. Band 1. 1971

12. VEDLEGG

Vedlegg 1. Kongeleg Resolusjon dagsett 05.12.80. Oppretting av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Sogn og Fjordane fylke og Oppland fylke.

Vedlegg 2. Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark i Lom, Vågå, og Vang kommunar, Oppland fylke, og Luster og Årdal kommunar, Sogn og Fjordane fylke.

Vedlegg 3. Vernereglar for Utladalen landskapsvernområde.

Vedlegg 4. Retningslinjer for tilsynsutvala si verksemd i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Vedlegg 5. Stadnamn i Jotunheimen. Mathias Øvsteng

Vedlegg 6. Reglar for bruk av Gravdalsvegen

Vedlegg 7. Reglar for Vettisvegen, jf. Reglar vedteke av Årdal kommunestyre 17.11.1977

Vedlegg 8. Kart over Jotunheimen-området med soneinndeling

Vedlegg 9: Reglar for Vettisvegen (Årdal kommunestyre 17.11.1977)

Vedlegg 10: Stadnamn i Jotunheimen av Mathias Øvsteng

Vedlegg 11: Kart over Jotunheimen-området med soneinndeling

VEDLEGG 1

Kongeleg Resolusjon
dagsett 05.12.80

OPPRETTING AV JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I SOGN OG FJORDANE FYLKE OG OPPLAND FYLKE

I

I medhald av lov om naturvern av 19.06.70 nr. 63 § 3, jf. §4 og §§21 og 23, vert eit område i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke, og eit område i kommunane Luster og Årdal i Sogn og Fjordane fylke, lagt ut som nasjonalpark under namnet Jotunheimen nasjonalpark i samsvar med vedlagde reglar.

II

I medhald av lov om naturvern av 19.06.70 nr. 63 § 5, jf. §6 og §§ 21, 22 og 23, vert eit område i Utladalen med sidedalar og fjellområde aust og sydaust for Utladalen i kommunane Luster og Årdal i Sogn og Fjordane fylke verna som landskapsvernområde i samsvar med vedlagde reglar.

III

Den mynde Kongen har etter §§ 4 og 6 om skjøtsel, etter § 21 til merking av fredningar m.v., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 til å gjere unntak frå verne- reglane, vert overført til Miljøverndepartementet.

IV

Desse reglane trer ikraft straks. Frå same tidspunkt vert kgl.res av 8.2.24 om freding av Vettisfossen og Morka-Kolledøla med omgivnader oppheva.

VEDLEGG 2

FORSKRIFT OM JOTUNHEIMEN NASJONALPARK I LOM, VÅGÅ, OG VANG KOMMUNAR, OPPLAND FYLKE, OG LUSTER OG ÅRDAL KOMMUNAR, SOGN OG FJORDANE FYLKE

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 3, jf. § 4 og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 5. desember 1980 fastsett at eit område i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke og eit område i kommunane Luster og Årdal i Sogn og Fjordane fylke skal leggjast ut som nasjonalpark under namnet Jotunheimen nasjonalpark.

Med heimel i kgl.res. av 3. juli 1987 er grensene og vernereglane for nasjonalparken endra ved Miljøverndepartementet sitt vedtak av 18. juli 1991.

II

Nasjonalparken omfattar delar av statsallmenningane Leir- og Bøverdalen, Langmorkje, Årdal austre og Luster austre. I Vang kommune omfattar nasjonalparken del av staten sin innkjøpte eigedom gnr. 6 bnr. 267 og del av eit sameige under gnr. 2 bnr. 1, gnr. 2 bnr. 2 og gnr. 3 bnr. 1. I tillegg til statsallmenning i Vågå kommune, omfattar nasjonalparken vatnet Gjende, som er i kommunal eige, og Russvatnet, som tilhøyrrer gnr. 143 bnr. 1.

Det samla arealet i nasjonalparken utgjer ca. 1151 kv.km. Av dette ligg ca. 919 kv.km. i Oppland fylke og ca. 232 kv.km. i Sogn og Fjordane fylke.

Grensene for nasjonalparken går fram av vedlagte kart i målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet februar 1991. Kartet vert oppbevart i kommunane Lom, Vågå, Vang, Luster og Årdal, hos Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for statens skoger, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal merkjast opp i marka. Knekkpunkta bør verte koordinatfesta.

III

Formål

Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.

IV

For nasjonalparken gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag, herunder veg- og jernbanebygging, bergverksdrift, massetak, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, taubaner, heisar,

flyplassar o.l. og mot oppføring, utviding eller ombygging av bygningar og anlegg av alle slag. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep.

Innsamling av mineral ved hjelp av verktøy eller andre hjelpemiddel er forbode. Det er også forbode å samle lause steinar med mineralforekomstar når steinane skal seljast, er store eller vert samla i store mengder.

Unntak frå forbodet:

- 1.1. Forvaltningssyresmakta kan gi løyve til utviding eller ombygging av eksisterande turisthytter og til bygging av innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken.
- 1.2. Forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon for anlegg av jordbruksveg for utnytting av beiteområda i Utladalen.
- 1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
 - 1.3.1. Oppføring av fjellstyrehytter og naust i medhald av fjellovas § 35 og naudsynte bygningar og innretningar i samband med tilsvarande verksemd i Utladalen.
 - 1.3.2. Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemmande eller dominerande i terrenget.
- 1.4. Dersom omsynet til naturtilhøva, reindrift, beitedyr eller liknande tilseier det, skal forvaltningsstyresmakta syte for at opparbeida turistruter og -løyper vert omlagde eller nedlagde.
- 1.5. Eksisterande hytter, buer og naust i privat eige kan vedlikehaldast, men ikkje utvidast.
- 1.6. Eksisterande setrar kan oppretthaldast og drivast, herunder kultivering av setervollar. Større endringar i seterdrifta skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.

2. Plantelivet

- 2.1. Alle planter, herunder levande og daude tre og busker, er freda mot skade og øydelegging av alle slag med unntak av slikt som kjem av vanleg ferdsel, reindrift, jakt, fangst, fiske og utøving av bruksrett.

Det er tillate å ta turre kvistar og nedfallen virke til brensel på staden. Uttak av trevirke til brensel for hyttene i nasjonalparken kan skje etter utvising frå forvaltningsstyresmakta.

- 2.2. Bærplukking og soppstaking er tillate.
- 2.3. Beite er tillate. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til kultivering av beiteområde.
- 2.4. Nye planteartar må ikkje innførast.

3. Dyrelivet

- 3.1. Ville pattedyr og fuglar og deira buplass, reir og egg er freda mot skade, øydelegging og unødig uroing, med følgjande unntak:
- 3.1.1. Jakt på rein og hare og jakt og fangst på rype, kråke, ramn, fiskemåse, raudrev og mink kan drivast etter gjeldande reglar i viltstellovgivinga.
 - 3.1.2. Vanleg forfølgingsrett og rett til å avlive skada vilt gjeld etter viltstellovas reglar.
 - 3.1.3. Gaupe og kongeørn kan fellast når felling er påkrevd for å fjerne ein aktuell og monaleg fare for skade på person eller under åtak på bufe eller tamrein. Slik felling av rovvilt skal straks meldast til lensmann eller politi og til viltnemnda.

I område der gaupe eller kongeørn gjer vesentleg skade på husdyr og tamrein, kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til felling. Ved avgjerda skal det takast omsyn til området sin verdi som beitemark, storleiken på rovviltbestanden i området og i tilstøytande område, og omfanget av skadene.

Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til kontrollert reduksjon av andre artar som er freda etter desse reglane når det er naudsynt for å halde ved like balansen i dyrelivet.

For bjørn, ulv og jerv gjeld viltlova sine reglar og forskrifter.

- 3.2. Fiske og fiskekultivering, herunder utsetjing av fisk i fisketome vatn, er tillate etter gjeldande reglar i fiskelovgivinga.
- 3.3. Nye dyreartar må ikkje innførast.

4. Forureiningar m.v.

- 4.1. All slags forureining og forsøpling av vassdrag og naturen elles er forbode. Dette gjeld ikkje utslepp som er godkjende av forureiningsstyresmaktene i medhald av forureiningslovgevinga.
- 4.2. Det må ikkje nyttast kjemiske plantevernmiddel eller andre middel som kan verke inn på dei naturgitte tilhøva.

5. Motorferdsel

- 5.1. Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.
- 5.2. Forbodet gjeld ikkje:
- 5.2.1. Bruk av båt med motor inntil 6 hk på Gjende, Russvatn og Bessvatn i samband med den bruksrett bygdefolk i Vågå og Lom eller utanbygds grunneigarar har i desse områda.
 - 5.2.2. Båtfersel på Gjende i samband med transport og tilsyn med beitedyr og i samband med oppsyn og fiskekultur som vert drive av Vågå og Lom

fjellstyre.

- 5.2.3. Drifta av rutebåten på Gjende, med bruk av motor på 6 hk skal godkjennast av forvaltningsstyremakta.
- 5.2.4. Motorferdsel i samband med tilsyn og vedlikehald av Årdal og Sunndal Verk A/S sine reguleringsanlegg i Utladalsområdet når ferdsla skjer på vinterføre, på vegen i Gravdalen eller med luftfarty.
- 5.2.5. Visse former for motorferdsel til forsvarsformål når dette er naudsynt i samband med operative eller vernebuingsiltak, og når forvaltningsstyresmakta er varsla på førehand.
- 5.2.6. Motorferdsel på vegen i Gravdalen i samsvar med reglar vedtekne av Gudbrandsdal skogforvaltning.
- 5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel på vinterføre, på veg også på sommarføre, i vassdrag og bruk av luftfarty for:
 - 5.3.1. Køyning i samband med bufe- og tamreindrift, anna landbruksdrift, utøving av bruksrett og fiskekultivering.
 - 5.3.2. Transport av materiale til hytter, klopper, bruer o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene.
 - 5.3.3. Køyning for utføring av sikringstiltak, t.d. merking av løyper.
 - 5.3.4. Køyning i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre.

6. Andre aktivitetar

- 6.1. Bruk av nasjonalparken i samband med større treningsopplegg, øvingar, jaktprøver m.m. kan berre skje etter godkjenning frå forvaltningsstyresmakta. Bruk av nasjonalparken i kommersiell turisme er ikkje tillate.
- 6.2. Godkjenning trengst ikkje for verksemd i samband med vanleg fotturisme, enkeltståande arrangement eller pedagogiske tiltak som vert drivne av universitet, skolar eller andre institusjonar og lokale lag og foreiningar, når dette ikkje kjem i strid med vernereglane.

7. Gamle rettar

Bruksrettar og allmenningsrettar etter fjellova av 6. juni 1975 nr. 31 kan utøvast i den grad dei ikkje kjem i strid med vernereglane for nasjonalparken. Vedhogst til brensel i kraft av gamle bruksrettar er tillate etter utvising frå forvaltningsstyresmakta.

8. Dispensasjonar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, arbeid eller tiltak av vesentleg verdi for samfunnet, eller i særlege tilfelle dersom det ikkje strider mot formålet med vernet.

Forvaltning

Miljøverndepartementet avgjør kva organ som skal ha forvaltninga av reglane for nasjonalparken.

I kvar kommune som har areal i nasjonalparken skal det vere tilsynsutval for den del av nasjonalparken som ligg i vedkomande kommune. Miljøverndepartementet fastset mandat for utvalet. Forvaltningsstyresmakta kan etter samråd med Miljøverndepartementet overlate til tilsynsutvalet å ta avgjerd i visse sakstyper.

VEDLEGG 3

VERNEREGLAR FOR UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5, jf. § 6, og §§ 21, 22 og 23, er eit område i Utladalen med sidedalar og fjellområde aust og sydaust for Utladalen i kommunane Luster og Årdal i Sogn og Fjordane fylke, ved kgl.res. av 5. desember 1980 verna som landskapsvernområde under namnet Utladalen landskapsvernområde i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Det verna området er på ca. 300 km².

II

Landskapsvernområdet omfattar delar av statsallmenningane Årdal austre og Luster austre og delar av følgjande gnr./bnr.:

Luster kommune: Gnr./bnr.: 8/1, 2, 3, 5, 9/1, 4, 16, 10/1, 11/1, 2, 12/1, 2, 3, 4, 5, 6, 13/1, 3, 4, 5, 20, 22, 38, 14/1, 2, 3, 5.

Årdal Kommune: Gnr./bnr.: 11/1, 12/1, 2, 13/1, 2, 3, 4, 5, 14/1, 2, 3, 15/6, 16/1, 2, 3, 4, 6, 17/1, 3, 18/1, 2, 19/1, 22/2.

Landskapsvernområdet har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt i nederste brua ved Skori i Utladalen, går derifrå i rett linje nordvestover til vestre ende av Åsetvatn, h. 1158, derifrå nord-nordvestover til syd- vestre spiss av allmenningsgrensa ca. 1,5 km. vest for Austanbotnvatn. Grensa følgjer deretter allmenningsgrensa heile vegen langs Hurrungane og Fannaråken til allmenningsgrensas knekkpunkt i Hillerhø, h. 1623, derifrå nordaustover til Skjurtungstind, h. 2000. Derifrå går grensa sydsydvestover til h. 1702, vidare over h. 1901 til h. 1696 vest for Urdadalsbandet. Derifrå sydsydaustover til h. 1409, derifrå vidare sydaustover til fylkesgrensa ved sydenden av Urdadalsvatn. Deretter følgjer grensa fylkesgrensa, først sydsydaustover til Tyin, deretter langs Tyin sydvestover forbi Breidkvam til det punktet der fylkesgrensa vinkler med allmenningsgrensa ved Årdalsfjord. Derifrå går grensa langs allmenningsgrensa nordvestover over Tverreggi, h. 1522, og Nordre Knipen, h. 1553, til knekkpunktet i allmenningsgrensa ca. 400 m. vest for Kyrkjevatn. Frå dette punktet går grensa nordvestover til Hovden, h. 1470, derifrå vidare i same retning til h. 69 syd for Hjelle, vidare ca. 800 m. nordover, aust for husa og tunet på Hjelle, deretter rett vestover tilbake til utgangspunktet.

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka. Grensene er innteikna på kart i målestokk 1:100.000 datert Miljøverndepartementet november 1980. Kartet vert oppbevart i kommunane, hjå fylkesmannen, fylkeskartkontoret, fylkesskogkontoret, skogforvaltningen og i Miljøverndepartementet.

Landskapsvernet gjeld ikkje dei delane av Utlavassdraget som er midlertidig verna for 10 år før Stortinget eventuelt har vedteke varig vern av vassdraget. Vernet gjeld heller ikkje Gravdøla, Slufsedøla og Avdalsfossen før Stortinget eventuelt har vedteke varig vern av Feigumvassdraget.

III

Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.

IV

For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Vern skal ikkje vere til hinder for drift av gardsbruka Vetti, Lauvhaugen og Flaten, herunder den turistnæring som vert driven der. Vern skal heller ikkje vere til hinder for vanleg jordbruksdrift i utmarka.

Planar om endra bruksformer som kan ha vesentleg innverknad på landskapets art eller karakter, skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.

2. Alle inngrep som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode, herunder vegbygging, massetak, utfylling av masse, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, oppføring av bygningar, anlegg m.v.

Oppføring av gardshus m.v. som er knytta til utøving av landbruksdrift i Vettisområdet, og nødvendig utviding av slike bygningar, er tillate.

Vanleg vedlikehald av eksisterande bygningar, anlegg, vegar og kraft- og telefonlinjer er tillate.

3. Miljøverndepartementet kan gi dispensasjon for anlegg av jordbruksveg for utnytting av beiteområda i Utladalen.

4. Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) Nødvendige tiltak i landbruket, så som oppføring av gjetarhytter, sperregjerde, taubaner m.v.
- b) Nødvendige tiltak for jakt-og fiskeriering så som oppføring av jakt-og fiskebuer
- c) Oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35.
- d) Oppføring av utleiehytter i tilknytning til landbruksdrift i Vettisområdet på grunnlag av plan.
- e) Utviding eller ombygging av eksisterande turisthytter og istandsetting av stølshus for allmenn bruk i nødvendig utstrekning.
- f) Uttak av masse for vedlikehald av Vettisvegen.
- g) Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper, bygging av klopper og oppsetjing av nødvendige vegvisarar.

5. Uttak av trevirke til brensel og vedlikehald av bygningar er tillate. Anna hogst kan berre skje i samsvar med hogstplanar godkjende av forvaltningsstyresmakta. Urskogprega furuskog og hole tre og stammar som er egna som buplass for fuglar, må likevel ikkje fellast.

6. Jakt, fangst og fiske kan foregå etter gjeldande reglar i viltstell- og fiskelovgivinga.

7. Bruksrettar og allmenningsrettar etter fjellova av 6. juni 1975 nr. 31 kan utøvast i den grad dei ikkje kjem i strid med vernereglane.

8. Motorferdsel, herunder landing med luftfarty, er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og plitiformål.

Forbodet gjeld ikkje:

- motorferdsel på Vettisvegen i samsvar med "Reglar for Vettisvegen" vedtekne av Årdal kommunestyre 13.10.77,

- motorferdsel på vegen i Gravdalen i samsvar med reglar vedtekne av Gudbrandsdal skogforvaltning,
- motorferdsel i Vettisområdet under utøving av landbruksdrift,
- motorferdsel i samband med tilsyn og vedlikehald av Årdal og Sunndal Verk a/s sine reguleringsanlegg når ferdsla skjer på vinterføre, på vegane i Gravdalen og Koldedalen eller med luftfarty,
- motorferdsel til forsvarsformål når dette er nødvendig i samband med operativ eller vernebuingsiltak, og når forvaltningsstyremakta er varsla på førehand.

Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til motorferdsel for:

- transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene.
 - utøving av landbruksdrift og andre nødvendige tilfelle der særlege grunnar ligg føre
9. Miljøverndepartementet kan i samråd med forvaltningsstyremakta gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitenskapelege undersøkingar, arbeid eller tiltak av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med formålet med landskapsvernområdet.

V

Miljøverndepartementet avgjer kva organ som skal ha forvaltninga av vernereglane.

I kvar kommune som har areal i landskapsvernområdet skal det vere tilsynsutval for den del av landskapsvernområdet som ligg i vedkommande kommune. Forvaltningsstyremakta kan etter samråd med Miljøverndepartementet overlate til tilsynsutvalet å ta avgjerd i visse sakstyper.

VEDLEGG 4

RETNINGSLINER FOR TILSYNSUTVALA SI VERKSEMD I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE (JF. PKT. V I VERNEREGLANE)

1. Oppnemning, samansetning m.m.

Utvalet skal ha leiar og 3-5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Medlemmane blir valde av kommunestyret for 4 år om gongen. Utvalet skal ha sekretær, som bør vera fjelloppsynsmannen.

Kommunen skal syte for at naturvern- og friluftsinteressane er representerte saman med landbruks-, jakt- og fiskeinteresser. Eitt fjellstyremedlem bør vera med i utvalet. Det same bør ein representant for grunneigarane, dersom det er privat grunn av ein viss storleik i området.

2. Utvala sine oppgåver.

2.1. Generelt

Utvala skal følgje med i at forvaltninga av vernereglane skjer i samsvar med intensjonane. Det skal følgje med i utviklinga i det verna området og særleg ta seg av lokalsamfunnet sine interesser der.

2.2. Saker til uttale

Utvala har uttalerett i følgjande saker:

Nasjonalparken:

Vernereglane pkt. 1.1., 1.2, 1.3.1., 1.3.2., 1.4., 1.6., 2.3., 3.1., 3.8., 5.2.3.

Landskapsvernområdet:

Vernereglane pkt. 1., 3., 4 a), b), c), d), e), og g), 9.

Også i andre konkrete saker og i saker av meir generell interesse, kan utvala få høve til å avgje uttale. Utvala kan av eige initiativ be om å få uttala seg i slike saker.

2.3. Saker til orientering

Utvala skal ha orientering om vedtak som vert gjort etter vernereglane.

3. Sakshandsaming

Tilsynsutvala avgjer sjøl møtetidspunkt. Utvala sin uttalelse skal sendast det organ som skal ta avgjerd i saka.

Ved oversendinge til tilsynsutvalet kan det organet som skal ta avgjerd i saka sette frist for uttale, som ikkje må vera kortare enn 4 veker. Dersom utvalet ikkje har avgitt uttale innan fristen, eller ikkje har varsla at handsaming av saka vil ta lenger tid, skal dette reknast som om utvalet er samd i avgjerdsorganet sitt forslag til løysing av saka.

4. Eit årleg, felles møte for alle utvala

Samtlege tilsynsutval bør halde eit felles, årleg møte for å drøfte felles erfaringar med tilsynet av det verna området.

Direktoratet for statens skoger skal vera representert saman med ein representant for fylkesmannen og ein for fylkeslandbrukskontoret i Sogn og Fjordane. Utvalsmedlemmene får dekkja omkostningane sine til dette møtet av departementet etter statsregulativet.

VEDLEGG 5

FRAMLEGG TIL

FORSKRIFT FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK I LOM, VÅGÅ OG VANG KOMMUNAR I OPPLAND FYLKE, LUSTER OG ÅRDAL KOMMUNAR I SOGN OG FJORDANE FYLKE (før høyring)

Fastsett ved kgl.res. av 5.desember 1980 med heimel i lov av 19.juni 1970 nr. 63 om naturvern § 3 jfr. § 4 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 7.mai 1982 nr. 803, 18. juli 1991 nr.484, 24.oktober 2003 nr. 1263, 2.november 2004, 16. november 2004, ???.200?.

§ 1 AVGRENSING

Verneområdet berører følgjande eigedomar:

Lom kommune:	Leir- og Bøverdalen statsallmenning
Vågå kommune:	Langmorkje statsallmenning
	Del av sameige under gnr./bnr. 2/1, 2/2, 3/1
	Gjende (vatnet, eigar av Vågå kommune)
	Russvatnet (eigar gnr./bnr 143/1)
Vang kommune:	gnr./bnr. 6/267
Årdal kommune:	Årdal vestre statsallmenning
Luster kommune:	Luster austre statsallmenning

Nasjonalparken dekkjer eit totalareal på ca. 1151 km². Av dette ligg ca. 919 km². i Oppland fylke og ca. 232 km². i Sogn og Fjordane fylke.

Grensene for nasjonalparken går fram av vedlagte kart i målestokk 1:100.000 (eller større), datert Miljøverndepartementet20??. Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal merkjast opp i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i kommunane Lom, Vågå, Vang, Årdal og Luster, hos Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FORMÅL

Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med geologiske førekomstar, dyre- og planteliv og kulturminne på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

I nasjonalparken er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, jakt og fiske, undervisning og forskning.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep av alle slag, herunder oppføring av bygningar, andre varige eller mellombelse innretningar, gjerde og anlegg, parkering av maskiner og liknande, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av inventaret i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a. vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg som ikkje fører til bruksendring. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.
- b. vedlikehald av eksisterande stiar med merking, bruer, skilt og liknande
- c. kvisting av løyper i medhald av forvaltningsplan
- d. skjøtsel av eksisterande setrar og setervollar

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a. ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar
- b. bygging av nye bygningar og av innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken
- c. gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er øydelagde ved brann eller naturskade
- d. bygging av bruer og legging av klopper
- e. oppsetting av skilt, vegvisarpilar, merking av nye stiar og kvisting av nye løyper.
- f. oppsetting av gjerde
- g. større endringar i seterdrifta, jf forvaltningsplan
- h. oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35
- i. bruksendring av eksisterande bygningar

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal tradisjonell byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet.

Vegetasjonen, herunder daude buskar og tre, er verna mot all skade og øydelegging. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode. Nye planteartar må ikkje innførast.

2.2 Reglane i 2.1. er ikkje til hinder for:

- a. bruk av området til beite
- b. skånsam bruk av trevirke til å brenne bål
- c. plukking av bær og matsopp
- d. plukking av vanlege planter til privat bruk

2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a. hogst av ved til turisthytter og andre hytter, setrar ~~og gammar~~ i nasjonalparken

2.4 Regulering av beite.

Direktoratet for naturforvaltning kan ved særskilt forskrift regulere beiting som kan skade eller øydelegge naturmiljøet.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet.

Dyrelivet, herunder hi, reir, trekkruter, hekke-, yngle og gyteplassar er freda mot skade og unødvendig uroing. Utsetting av dyr og organismar på land og i vatn er forbode. Kalking i vassdrag må ha særskilt løyve.

3.2 Reglane i pkt 3.1 er ikkje til hinder for:

- a. jakt og fangst etter reglane i viltlova
- b. fiske og fangst etter lov om laksefisk og innlandsfisk

3.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a. utsetting av fisk frå lokale fiskestammer der dette er gjort tidlegare.
- b. kalking av vatn og elver som er naudsynt for å hindre at ein art døyr ut. Det skal gjennom forvaltningsplanen fastsetjast eit referanseområde som ikkje kan kalkast.

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast. Byggverk som kan ha kulturell eller historisk verdi kan berre fjernast etter samråd med forvaltningsstyresmakta.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til;

- restaurering og skjøtsel av kulturminne

5. Ferdsel

5.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Organisert ferdsel

Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, t.d. større treningsopplegg, jaktprøver, øvingar, arrangement og konkurransar, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan. Det same gjeld ferdselsformer som kan skade naturmiljøet.

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet og verneformålet ikkje blir skadelidande.

5.3 Sykling og organisert bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på veger eller trasear som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen.

5.4 Regulering av ferdsel

Innafor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved særskilt forskrift regulere eller forby ferdsel som kan skade for naturmiljøet.

5.5 Omlegging av stiar

Av omsyn til naturmiljøet, villrein og anna dyreliv, reindrift, beitedyr, tryggleik og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta leggje om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

5.6 Generelle unntak for ferdsel

Reglane i pkt. 5 gjeld ikkje naudsynt ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd samt gjennomføring av skjøtels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land og vatn, og i lufta under 1000 meter over bakken for taxiflyging og turistflyging, 300 m over bakken for andre.

Parkering og lagring av motorkøyretøy, luftfartøy og motorbåtar i nasjonalparken kan berre skje i samband med løyve til motorferdsel eller etter særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta.

6.2 Reglane i pkt 6.1 er ikkje til hinder for

- a. motorferdsel i forbindelse med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsel-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver
- b. lågtflyging under 300 m over bakken dersom akutte vêrtilhøve gjer det naudsynt av omsyn til tryggleiken, og ved lufttransport som har landingsløyve i nasjonalparken
- c. bruk av båt med motor på inntil 10 hk på Gjende i samband med den bruksrett knytt til beiting, setring og fiske som bygdefolk i Vågå og Lom har i desse områda, og til storviltjakt. Maks. hastigheit med motorbåt på Gjende er 8 knop med mindre om det ligg føre særskilt løyve om høgare hastigheit
- d. bruk av båt med motor inntil 6 hk på Russvatn og Bessvatn i samband med den bruksrett knytt til fiske og beiting som bygdefolk i Vågå og Lom har i desse områda. Maks. hastigheit på Russvatn og Bessvatn er 8 knop
- e. båtferdsel på Gjende og Bessvatnet i samband med transport og tilsyn med beitedyr og i samband med oppsyn og fiskekultur som vert drive av Vågå og Lom fjellstyre

- f. motorferdsel i samband med tilsyn og vedlikehald av Hydro A/S sine reguleringsanlegg i Utladalområdet når ferdsla skjer på vinterføre, på vegen i Gravidalen eller med luftfarty
- g. motorferdsel på vegen i Gravidalen i samsvar med reglar vedtekne av Direktoratet for Statens Skoger mai 1979. For motorferdsel som handsamast etter pkt. 3 i desse reglane, skal også forvaltningsstyresmakta godkjenne motorferdsla

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a. øvingskøyning til formåla som er nemnde i pkt 6.2a
- b. bruk av motorkøyretøy på vinterføre, på veg også på sommarføre, og bruk av luftfartøy i samband med husdyrhald, tamreindrift, vedhogst, utøving av bruksrett med fiskekultivering
- c. bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr ~~og~~ til turishytter, hytter og setrar
- d. motorferdsel på Glitterheimsvegen for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til Glitterheim turishytte
- e. bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper, bruer o.l.
- f. transport av personale til drift av turishytte, jf forvaltningsplan
- g. Drift av rutebåt på Gjende
- h. bruk av motorbåt på Gjende for drift av turishytter, jf forvaltningsplan
- i. bruk av beltekjøretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper
- j. Løyve til naudsynt bruk av traktor på traktorveggar for transport av varer og utstyr til drifta av turishyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

All slags ureining og forsøpling av vassdrag og naturen er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode. Avfall og overskotsmateriell skal takast med ut av området.

7.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- bruk av sand o.l. til snøsmelting
- kompostering av organisk materiale

7.3 Støy

Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motordrivne modellfly, modellbåt, o.l.

8. Gamle rettar

- Bruksrettar og allmenningsrettar etter fjellova av 6. juni 1975 nr. 31 kan utøvast i den grad dei ikkje kjem i strid med vernereglane for nasjonalparken.
- Vedhogst til brensel i kraft av gamle bruksrettar er tillate etter utvising frå forvaltningsstyresmakta.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når formålet med fredinga krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strider mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN MV

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

I kvar kommune som har areal i nasjonalparken skal det vere tilsynsutval for den delen av nasjonalparken som ligg i vedkomande kommune. Utvala utgjer samla eit felles rådgivande utval for nasjonalparken. Direktoratet for naturforvaltning fastset mandat for utvala.

§ 9 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

VEDLEGG 6

FRAMLEGG TIL

FORSKRIFT FOR UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I LUSTER OG ÅRDAL

KOMMUNAR I SOGN OG FJORDANE FYLKE (før høyring)

Fastsett ved kongelig resolusjon av 5.12.1980 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og 6, jfr. §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra ????.200?.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar delar av statsallmenningane Årdal austre og Luster austre og delar av følgjande gnr./bnr.:

Luster kommune: Gnr./bnr.: 8/1, 2, 3, 5, 9/1, 4, 16, 10/1, 11/1, 2, 12/1, 2, 3, 4, 5, 6, 13/1, 3, 4, 5, 20, 22, 38, 14/1, 2, 3, 5.

Årdal Kommune: Gnr./bnr.: 11/1, 12/1, 2, 13/1, 2, 3, 4, 5, 14/1, 2, 3, 15/6, 16/1, 2, 3, 4, 6, 17/1, 3, 18/1, 2, 19/1, 22/2.

Det samla arealet er på ca. 314 km²

Grensene for landskapsvernområdet framgår av vedlagte kart i målestokk 1:100.000, datert

Miljøverndepartementet 5. desember 1980. Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Årdal kommune, Luster kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning, og i Miljøverndepartementet.

§ 2 FORMÅL

Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, jakt og fiske.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Inngrep i landskapet

1.1 Området er verna mot alle inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossilar, uttak og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrelegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Oppstillinga er ikkje uttømmende.

Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- drift av gardsbruka Vetti, Lauvhaugen og Flaten, herunder den turistnæringa som vert driven der. Vern skal heller ikkje vere til hinder for vanleg jordbruksdrift i utmarka. Planar om endra bruksformer som kan ha vesentleg innverknad på landskapets art eller karakter, skal godkjennast av forvaltningsstyresmakta.
- vedlikehald av bygningar, anlegg, vegar, kraft- og telefonleidningar og innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet
- vedlikehald av eksisterande stiar med merking, skilt, bruer og liknande.
- kvisting av løyper i medhald av forvaltningsplan.

- e. drift og vedlikehald av kulturlandskap i medhald av tiltak som er godkjende i forvaltningsplan og/eller skjøtselsplan
- f. vedlikehald av Vettisvegen mellom Skår og Vetti

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a. ombygging og utviding av eksisterande bygningar
- b. oppføring av mindre bygningar og innretningar som er naudsynpte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet
- c. gjenoppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- d. bygging av bruer og legging av klopper
- e. merking av nye stiar, oppsetting av skilt og vegvisarpilar og kvisting av nye løyper
- f. riving av bygningar som pregar landskapet sin art eller karakter
- g. utviding av eksisterande og oppføring av nye bygningar som er naudsynpte til landbruksformål
- h. uttak av sand til eigen bruk
- i. naudsynpte tiltak i landbruket, så som oppføring av sanketruøer, sperregjerde, taubaner m.v.
- j. oppføring av bygningar i medhald av fjellovas § 35
- k. oppføring av ei hytte på Vettismorki, tilhøyrande Vetti gard, jf. Foredrag til Kgl.res.05.12.1980
- l. istandsetting av seterhus
- m. uttak av masse for vedlikehald av Vettisvegen

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal tradisjonell byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode.

2.2

Beiting er tillate. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift regulere eller forby beiting som skader landskapets art og karakter.

2.3

Hogst av ved til eigen bruk og til hytter, setrar i landskapsvernområdet er tillate når dette vert gjort som plukkhogst.

Urskogprega furuskog og hole tre og stammar som er eigna som buplass for fuglar, må likevel ikkje fellast.

2.4

Forvaltningstyresmakta kan gi løyve til

- hogst når dette er naudsynt for å ivareta kulturlandskapet i medhald av forvaltningsplan/skjøtselsplan
- hogst av materialar til vedlikehald av bygningar

3. Dyrelivet

3.1

Jakt er tillate etter reglane i viltlova.

3.2

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova.

3.3

Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- utsetting av fisk frå lokale fiskestammer der dette er gjort tidlegare.
- kalking av vatn og elver som er naudsynt for å hindre at ein art døyr ut. Det skal gjennom forvaltningsplanen fastsetjast eit referanseområde som ikkje kan kalkast.

4. Ferdsel

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, t.d. større treningsopplegg, jaktprøver, øvingar, arrangement og konkurransar, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplan. Det same gjeld ferdselsformer som kan skade naturmiljøet.

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet og verneformålet ikkje blir skadelidande.

4.3 Sykling og organisert bruk av hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på veger eller trasear som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplanen.

4.4 Regulering av ferdsel

Innafor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan skade for naturmiljøet.

4.5 Omlegging av stier

Av omsyn til naturmiljøet villrein og anna dyreliv, beitedyr, tryggleik og kulturminne kan forvaltningsstyresmakta leggje om eller krevje fjerna merking av stiar og løyper.

4.6 Generelle unntak for ferdsel

Reglane i pkt. 4 gjeld ikkje naudsynt ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings forvaltningsstyresmakta.- og oppsynsverksemd samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av

5. Motorferdsel

5.1

Motorferdsel er forbode på land og i vatn og lågtflyging under 1000 m over bakken for taxifyging og turistflyging, 300 m over bakken for andre.

Parkering og lagring av motorkøyretøy, luftfartøy og motorbåtar i landskapsvernområdet kan berre skje i samband med løyve til motorferdsel eller etter særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta.

5.2 Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) motorferdsel ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsel-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver.
- b) lågtflyging under 300 m over bakken dersom akutte vêrtilhøve gjer det naudsynt av omsyn til tryggleiken, og ved lufttransport som har landingsløyve i nasjonalparken
- c) motorferdsel på innmark i forbindelse med drift av jordbruksareal
- d) bruk av snøscooter i samband med tamreindrift
- e) helikoptertransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Det skal sendast melding til oppsynet før køyring finn stad i etterkant
- f) motorferdsel på Vettisvegen i samsvar med "Reglar for Vettisvegen" vedtekne av Årdal kommunestyre 17.11.1977
- g) motorferdsel på vegen i Gravdalen i samsvar med reglar vedtekne av Direktoratet for statens skoger 10. mai 1979. For motorferdsel som handsamast etter pkt. 3 i desse reglane, skal også forvaltningsstyresmakta godkjenne motorferdsla.
- h) motorferdsel i Vettisområdet under utøving av landbruksdrift,
- i) motorferdsel i samband med tilsyn og vedlikehald av Hydro a/s sine reguleringsanlegg når ferdsla skjer på vinterføre, på vegane i Gravdalen og Koldedalen eller med luftfartøy,
- j) motorferdsel på den delen av vegen inn Koldedalen som ligg mellom dei 2 bruene over Koldedøla
- k) bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for tilsyn med 22 kV høgspenning (vest for Tyin) mot rapport i ettertid

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til

- bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre, bil på Koldedalsvegen og Vettisvegen eller luftfartøy i samband med

- a) øvingskøyring som er nemnd under pkt. 5.2.a
- b) husdyrhald
- c) vedhogst
- d) storviltjakt
- e) fiske
- f) transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar
- g) transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.
- h) transport av personale for drift av turisthytter, jf forvaltningsplan
- i) skogsdrift som er godkjent i medhald av pkt 2.4
- j) utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.

6. Ureining

6.1

All forsøpling og bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode. Avfall og overskotsmateriell skal takast med ut av området.

6.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) bruk av sand og liknande til snøsmelting
- b) kompostering av organisk materiale

6.3 Støy

Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motordrivne modellfly, modellbåt, o.l.

7. Andre rettar

Bruksrettar og allmenningsrettar etter fjellova av 6. juni 1975 nr. 31 kan utøvast i den grad dei ikkje kjem i strid med vernereglane.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane når formålet med fredinga krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfeller når dette ikkje strider mot formålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon mv. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6 SKJØTSEL

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet.

§ 7 FORVALTNINGSSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning fastsetter kven som er forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområdet.

§ 8 RÅDGIVANDE UTVAL

I kvar kommune som har areal i landskapsvernområdet skal det vere tilsynsutval for den del av landskapsvernområdet som ligg i vedkommande kommune. Utvala utgjer samla eit felles rådgivande utval for landskapsvernområdet. Direktoratet for naturforvaltning fastset mandat for utvalet

§ 9 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

VEDLEGG 7 FRAMLEGG TIL

RETNINGSLINER FOR TILSYNSUTVALA SI VERKSEMD I JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE (JF. § 8 VERNEFORSKRIFTA) (før høyring)

1. Oppnemning, samansetning m.m.

Utvalet skal ha leiar og 3-5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Medlemmane blir valde av kommunestyret for 4 år om gongen. Utvalet vel eigen sekretær.

Kommunen skal syte for at naturvern- og friluftsinteressene er representerte saman med landbruks-, jakt- og fiskeinteresser. Eitt fjellstyremedlem bør vera med i utvalet. Det same bør ein representant for grunneigarane, dersom det er privat grunn av ein viss storleik i området.

2. Utvala sine oppgåver.

2.1. Generelt

Utvala skal følgje med i at forvaltninga av vernereglane skjer i samsvar med verneformålet og intensjonane. Det skal følgje med i utviklinga i det verna området og særleg ta seg av lokalsamfunnet sine interesser der.

2.2. Saker til uttale

Utvala har uttalerett i alle prinsipielle saker og i saker som medfører endringar i naturmiljøet og/eller inngrep i terrenget.

Utvalet kan også få høve til og sjølv be om å få uttale seg i andre saker.

2.3. Saker til orientering

Utvala v/ leiar skal ha orientering om vedtak som vert gjort etter vernereglane.

3. Sakshandsaming

Tilsynsutvala avgjer sjølv møtetidspunkt. Utvala si uttale skal sendast det organet som skal ta avgjerd i saka.

Ved oversending til tilsynsutvalet kan det organet som skal ta avgjerd i saka setje frist for uttale, som ikkje må vera kortare enn 4 veker. Dersom utvalet ikkje har avgjeve uttale innan fristen, eller ikkje har varsla at handsaming av saka vil ta lenger tid, skal dette reknast som om utvalet er samd i avgjerdsorganet sitt forslag til løysing av saka.

4. Eit årleg, felles møte for alle utvala

Alle tilsynsutvala bør halde eit felles, årleg møte for å drøfte felles erfaringar med tilsynet av det verna området, og for gjennomgang av budsjett og planar neste år.

Utvalsmedlemmene får dekkja omkostningane sine til dette møtet av departementet etter statsregulativet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Oppland har ein representant kvar på fellesmøtet i utvalet. Statens naturoppsyn har to representantar på fellesmøtet. Statskog SF har ein representant på fellesmøtet. Desse representantane har møteplikt og talerett men ikkje stemmerett på fellesmøtet.

Andre kan bli inviterte på fellesmøtet når utvala ønskjer det.

5. Økonomi

Utvalsmedlemmene får dekkja omkostningar til sine møte etter statsregulativet

VEDLEGG 8

Reglar for bruk av Gravdalsvegen, vedtekne samstundes som godkjenning av forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, jf. reglar vedtekne av Direktoratet for statens skoger 10. mai 1979

1. Veggen blir stengt for motorferdsel med bom.
2. Det skal vere 4 nøklar til bommen. Lom Fjellstyre og Fjellstyret for Luster Austre statsallmenning skal ha kvar sin nøkkel som skal disponerast av dei respektive fjelloppsynsmenn me politimynde. Namnet på oppsynsmannen skal oppgjevast slik at både til ei kvar tid kjenner til kven som disponerer det andre fjellstyret sin nøkkel. Nøkkelen skal brukast i tilknytning til oppsynverksemda, men kan også utlånast til personar både frå Lom og Luster som har behov for å nytte Gravdalsvegen i samband med naudsynt henting og ettersyn av fe.

Den tredje nøkkelen ligg hos Hydro til bruk når anlegga i Gravdalen skal inspiserast.

Den fjerde nøkkelen skal liggje i safen på Leirvassbu. Denne skal berre brukast i naud når ambulanse eller liknande køyretøy må gjennom bommen for å kunne kome til hjelp.

3. Skogforvaltningen kan gi løyve til bruk av vegen til anna næringsverksemd etter søknad i kvart einskild tilfelle.
4. Kopi av desse reglane vert sendt Lom fjellstyre, Fjellstyret for Luster Austre statsallmenning, Hydro og Leirvassbu, som kvar for seg har plikt til å medverke til åg så langt som mogleg sjå til at reglane vert følgde.
5. Desse reglane avløyser tidlegare reglar frå Direktoratet for statens skoger av 1.2.2007

Lillehammer, den 10. mai 1979

Svein Larsen (sign.)
Skogforvalter

VEDLEGG 9

Reglar for Vettisvegen, jf. Reglar vedtekne av Årdal kommunestyre 17.11.1977

1. Vettisvegen er ein naturveg, dimensjonert for ferdsel til fots og med traktor.
2. Desse oppsitjarane har rett til å trafikkere vegen i næringsføremål med traktor eller anna høveleg motorkøyretøy

Hjelle	gnr. 12 bnr.1
Skori	gnr. 16 bnr. 3
Avdal	gnr. 14 bnr.1
Vetti	gnr. 13 bnr. 1
Lauvhaugen	gnr. 13 bnr. 4
Flaten	gnr. 13 bnr. 5

Denne retten gjeld og ferdsel til arbeid eller skulegong for dei som er fast busette på desse bruka. Rett til trafikkering i næringsføremål gjeld ikkje transport av turistar

Folk på viktjing på bruka, hytteeigarar og andre som ikkje er fast busette, kan ikkje nytta motorkøyretøy.

3. Lækjar og dyrlækjar får nytta motorkøyretøy ved sjukevitjing. Postverket får nytta motorkøyretøy til postbringing
4. Det kan nyttast leigd køyretøy til transport som det er rett til etter pkt. 2 og 3.
5. Kommunen kan nytta dei motorkøyretøy som er naudsynte til sitt vedlikehald av vegen.
6. Vegen skal vere stengd med låst bom ved Hjelle. Dei som er nemnde i pkt. 2 og 3 skal ha nykel til bommen, saman med Årdal kommune v/ rådmannen
7. Ordføraren, eller rådmannen i hands fråver, kan for einskilte truar gje løyve til køyring i andre høve enn dei som er nemnde i pkt. 2-4 Slikt løyve skal berre gjevast i reine unnatak, og berre til nyttekøyring. I slikt høve kan nykel til bommen lånast ved rådmannen sitt kontor.
8. Desse reglane kan berre endrast med vedtak i Direktoratet for naturforvaltning i samråd med Årdal kommune

VEDLEGG 10

Namn i Jotunheimen

av Mathias Øvsteng

På fjellvandringa møter vi mange namn som er festa til kartet. Somme nemningar er lette å forstå, somme er vanskelegare - og somme har visseleg eit anna opphav enn det namneforma i dag ser ut til å bera bod om. Å vera skråsikker i namnetyding bør ein såleis unngå. Granskning av namn og nemning i naturen er likevel både spennande og lærerik, og vi vil i det følgjande peike på moglege tydingar av nokre namn vi finn i Jotunheimen. Noko meir er det ikkje plass til. Kanskje kan du studere meir på eiga hand?

Grovt kan vi dele inn namnetilfanget i *naturnamn* (som avspeglar reine naturforhold) og *kulturnamn* (som fortel om menneskeleg aktivitet). Namna er ofte "sett" frå eit bygdelag, og slik har ein ofte fått sekundær-nemningar innover fjellet med utgangspunkt i namn nede i bygda. Eit typisk tilfelle i så måte har vi nok i namnet på den høgste fjelltoppen - Galdhøpiggen.

Alderen på namnsettingane varierer sterkt - frå dei eldste tider til dei nyare "turistnamna". Vi må tru at namnsettinga som regel har skjedd fordi namna har hatt ein funksjon for folk i ulike situasjonar og tilhøve. At folk i historisk perspektiv har hatt mangslungen interesse og bruk for fjellet, fortel dei mange nemningane om - f eks *band*, *berg*, *egg*, *fly*, *hals*, *hammar*, *haug*, *horg*, *hovda*, *hø*, *høgde*, *kamp*, *kinn*, *kjøl*, *klymp*, *knapp*, *knubb*, *kopp*, *loft*, *mon*, *nebb*, *nibb*, *nut*, *oksel*, *pall*, *pigg*, *rande*, *rygg*, *skalle*, *tind*, *tunge*, *ås*.

Den munnlege forma er alltid den primære, og det kan vera verdt å merke seg nokre særskilde mekanismar i målføra som har namnesett store delar av Jotunheimen:

- etterleddstrykk (eks Glitter' *tind'n* - med trykk på den tredje stavinga)
- levande bruk av akkusativ og dativ (eg *gjekk uppå Galdhøpiggen* = eg var på tur dit / *eg va uppå Galdhøpigge* = eg var på toppen)
- stuttstaving i to samanhengjande stavingar (eks *Memu-ru*, *Semelhol-et*)

Så over til nokre namn (< = kjem av / har samanheng med gammalnorsk form):

Bessa/-vatnet/

-eggen/-heim

Bukkeholet/-brean

dyr/-haug

Bygdin

Bøvertun

Bøvre/Bøverdalen

Falketinden

Fannaråken

Fleskedøla/-dalen/-nosi

Galdhøpiggen

Gjende

Gjertvasstindadn

Glittertinden

Gravdalen

Grotbrean

-grove

Hellstugu/-haugen/

-høe/-tindan/-brean

< *bersi* = hannbjørn

som har med reinsbukk å gjera, ein plass der reinsbukkane har lett for å halde til som har med rein å gjera (for fjellfolk var "dyr" det same som villrein)

< *bugr* = den bøygde (Jf *Gjende* og *Tyin*)

< *ton* = grasfleck under ei fjellside. Jf genuin uttale: "Bøvertun" med stutt sistestaving. Namnet har altså ingenting med "gardstun" å gjera. Namnet er vanskeleg å tyde. Det har vorte sett i samanheng med *bjor* = dyret bever.

Aa. O. Vinje namnsette denne tinden ut frå ei samanlikning med fuglen:

*"Den svarte Tind med Nebben sin i Bugt
er Falken lik, som voggar seg til Flugt;
i Bringen kvite Flekk er spetad inn;
og difyr verd han kalla Falkatind"*

Tidlegare vart nok denne tinden kalla Koldedalstinden

< *fonn* = snøfonn og *råk* = fjellrygg. Forma *Fannaråken* er kanskje dativform av "Fannaråkje" (på austsida) og "Fannaråki" på vestsida

"flesk" er eit rosande nemning som truleg fortel om rik fangst av rein

< *galdr* = hard grunn. Jf gardsnamnet *Galde* i Bøverdalen, og *Gadde* - namn på eit ulendt og bratt berg i dalbotnen. Genuin nemning blant lokalkjende har vore "Piggen" (= den høgste piggen)

< *gandr* = den beine

Lokale informantar meiner det rette namnet er "Gjerfasttindane", < *gjer* - små ras og < *fast* - som har med bekk å gjera. "Hjertvasstindane" er også lansert som teori, etter forma på vatnet

av elvenamnet *Glitra* - "blankt, glitrande vatn". Genuin nemning blant lokalkjende har vore "Tind'n" (= den høgste tinden)

dal med fangstgraver for rein

< *grjot* = stein

grof = bekk

Lokal uttale tyder på at namnet heng saman med helle, stein - ikkje "heil", som også har vore framme. Truleg speglar dette namnet systemet med *sælehus* (< *sål* = sjel) langs ferdavegar i fjellet. Dette var hus som var gode finne til livberging. I Gulatingslova står det: "I sælehus har alle jamgod rett - - alle skal vera inne når det er sitteplass til alle. Om nokon har vore der tre netter unødig, da skal alle dei vera nest til å gå ut; elles skal det kastast lodd om kven som skal gå ut. Da er det vel om dei går som skal det etter loddkastet. Men vil dei ikkje, da skal dei betale ransbot til kongen, og dei skal svara fulle bøter for dei som etter loddkastet skulle vera inne, om dei døyr ute". Hellstugu i Jotunheimen finn vi i Visdalen, der vi den dag i

	dag ser restane etter eit slikt sælehus langs ein av dei gamle ferdavegane mellom aust og vest. Avleiingar finn vi att i H.åe, H.tindan og H.brean
Hinde/-sæter	hind = hodyret av hjort
Hinnåtjetjønne	kan ha samanheng med “det som har hinne” - og kan da spegle ei vassoverflate som er farga av f eks jernhaldig malm
Hjelle	Namnet peikar nok på ein avsats - ein hjell - i landskapet. I målføra på austsida av fjellet finn vi att denne nemninga i forma <i>skjell</i>
Hurrungadn	< <i>hur</i> = dure, larme - fjella der snø- og steinras buldrar
-høe	< <i>hár</i> = høg. Høer er som regel over beitegrensa for bufe
Høgvaglen	- eit ferdselsnamn, med ein varde (dial. <i>vagle</i>) på toppen som viste veg
Illåe/-bandet/-brean	< <i>illr</i> = ill, vond, lei. Elva Illåe er kjend for å flyge fort opp og få brebruene til å gå opp - og dermed bli farlege
Kalvåne/Kalvehøgde	Usikkert. Kan ha med reinskalv (plassar for reinskalving?) å gjera, men dette området har også vore mykje brukt beitemark for bufe, og kan såleis peike på kukalv. Det er også hevda at namnet kan ha samanheng med breen, som “kalvar”. “Åne” er målførenemning for <i>åa</i> = <i>elva</i>
Koldedøla/-dalen	< <i>kolda</i> = den kalde
Krossen/-bue	namnet vitnar om ærefrykt for farlege ferder over fjellet. Kyrkjebøkene for Lom frå 1813 fortel at “6 Mænd blev i et Uveir 4de Marts borte paa Fjældet til Sogn, hvorhen de skulde gaa efter Korn”
Jotunheimen	- staden der jotnane bur “kjempeheimen”. Aasmund Olavsson Vinje var sannsynlegvis den som først nytta uttrykket “ <i>Jotunheimen</i> ” som namn på dette fjellstroket i “Fjellstaven min” frå 1861. Det mytologiske namnet <i>Jotunheimen</i> var kjent lenge før.
leir/-dalen/-vassbu	har med fargen på vatn å gjera. Elver og vatn med “leir” har alltid det til felles at dei kjem frå brear, som ber med seg farga mineralmasse (“leir”) frå under breen
Maradalen	< <i>mar</i> = merr, hest. Her var godt hestebeite
Memuru	kan tolkast a) å ha samanheng med <i>marr</i> = hest eller b) <i>mara</i> = gni, grava (elva som grev). me < <i>mid</i> = midt på (midt på vatnet, eller midtre dalen). Hestbekken, som renn i området, kan støtte tolking a)
Nautgarden	Dette området har vore godt beiteland for naut (fe), og det er nærliggjande å tru at namngjevinga kan setjast i samband med det. <i>Nautgardstinden</i> er sekundærnamn
Ringstindadn	namnet har truleg samanheng med setrene nedafor, som ligg i ei ringform
semel/-åe/-tinden/-holet	“ <i>semle</i> ” - samandraging “ <i>semel-</i> ” er målføreuttale av <i>simle</i> (hodyret av rein)
-seter/-sæter	< <i>setr</i> - som kjem av “sitja”. Nemninga finst i aust-Jotunheimen
Russa/-dalen/-tangen	< <i>rusa</i> - elva som rusar, styrtar fram. Namnet har også vore sett i samanheng med <i>ross</i> - hest
Sjoe/-dalen	< <i>hjár</i> = den (elva) som glitrar og skin
Sjogholet	av <i>sjog</i> = dialektnemning for <i>snø</i>
Skautflye	< <i>skjóta</i> = den som skyt seg nedover - om elva Skauta
Skagastølstindadn	Garden <i>Skagen</i> i Luster har støl under desse tindane, og har gjeve dei namn. For eit par hundre år sia vart dei kalla Skarstindadn, etter den same setra - som da heitte Skarstølen
Skagsnebb	< <i>skag</i> = det som stikk fram - namn på ei kvass form som stikk tydeleg fram
Smørstappen	Dette er nok ei blidgjerande nemning mynta på dei gode maktene ein trong ha med seg på farefulle ferder over Sognefjellet (elles er “smør-namn” ofte brukte om feite fjellbeite)
-støl	< <i>stodull</i> - som kjem av “å stå”. Nemninga finst i vest-Jotunheimen. Betyr det same som “seter”
Surtningssue	< <i>surt</i> = svart og <i>su</i> = purke - svartpurka, etter ryggforma?
Svellnose	< <i>svell</i> = oppsvolte islag, og < <i>nos</i> = framstikkande berg
Turtagrø	heng saman med planten <i>turt</i>
Tyin	< <i>tvi</i> = den todelte
Veo/-brean/-tindan	< <i>vidr</i> = ved, som har med skoggrensa (<i>vigga</i>) å gjera. Vi kan merke oss at det for nokre tusen år sia var ein mild klimaperiode, da skoggrensa gjekk mykje høgare enn i dag
Vetti	Namnet kan tydst anten som a) < <i>vottr</i> = vott, etter forma på dalen. Vetti ligg ovafor eit trongt gjel. Nedafor gjeldet vidar dalen seg ut for så å snøre seg saman att - som ein vott - eller b) < <i>vettr</i> = vette, overnaturlig vesen. Vetti er i alle fall eit “vin-namn” (< <i>vin</i> = eng)
Visa/-dalen	av elvenamnet - “den som er bøygd og i rask rørsle”
Vormeli	truleg < <i>varmr</i> = varm
Urdadøla/-dalen -	der det er steinur og ulende
Utlå/-dalen	Mest truleg har namnet samanheng med gøvet som står frå dei mange sideelvene som styrtar ned i Utlå.


KJELDER:

Lars Ekre: Stadnamn frå Midt-Jotunheimen
Sandnes-Stemshaug: Norsk stadnamnleksikon
Sandnes-Tylden: Namn i fjellet
Trone-Ole Haug: Stadnamn frå Vågå/ymse artiklar
Sigurd Dahl Midtun: Stadnamn i Årdal
Ymse munnlege kjelder

VEDLEGG 11

Kart over soner

Sjå Vedlegg 11 i høyringsframlegget til forvaltningsplan (ingen endringar etter tilrådinga frå fylkesmennene)



NB! Ny utgåve av kartet vil bli sendt trykkeriet separat